

Elin Alme

Korleis blir friluftsliv framstilt og forstått i den vidaregåande skulen

Ein kvalitativ undersøking av korleis kroppsøvingslærarar og rektorar opplever og erfarar friluftsliv i kroppsøvingsundervisninga.

Masteroppgave i idrettsvitenskap

Seksjon for kroppsøving og pedagogikk
Norges idrettshøgskole, 2013

Samandrag

Føremålet med prosjektet er å belyse friluftslivemnet i kroppsøvingsfaget. Prosjektets problemområde tar for seg korleis friluftslivomgrepet blir oppfatta og framstilt, kva plass har det i skulen, vekting i læreplanen og korleis det blir praktisert i undervisning, ved hjelp av å ta tak i kroppsøvingslærarar og rektorar sine forståingar og meininger kring tema. For innsamling av datamateriale blei det nytta kvalitativt intervju som metode. Utvalet i undersøkinga bestod av 6 informantar frå to ulike vidaregåande skular, ein byskule og ein distriktskule. Informantane var fordelt slik, 1 rektor og 2 kroppsøvingslærarar per skule.

Friluftslivomgrepet er eit omgrep som kan bli tolka på ulike måtar, men blant nordmenn blir det rekna som ein viktig del av den norske kulturen (Nedrelid, 1992). Undersøkinga viser at både kroppsøvingslærarar og rektorar ser på friluftsliv som noko positivt, og som er bra for alle. Dei meinar at friluftsliv har ein klar tilhøyrsel i skulen, men er usemje i kor vidt det bør vektleggast i kroppsøvingsfaget. Friluftsliv er eit emne som fort blir nedprioritert, noko som blir grunngitt med mangel på ressursar. Tid er her den store grunnen. Kroppsøvingslærarane var alle einige i at eit lite timeantall skapte avgrensingar for friluftslivundervisninga. Kroppsøvingslærarane ved byskulen la også vekt på at mangel på naturområde i nærmiljøet også var ein avgjerande faktor. Blant rektorane var det her usemje. Rektor ved byskulen var einig med lærarane, medan rektor ved distriktskulen var klar på at det avgjerande for friluftslivundervisninga stod og fall på lærarens glød og iver for emnet. Ved å samanlikne aktivitetane som blei rekna som friluftslivaktivitetar, kom det fram at informantane ved distriktskulen gjerne satt større krav til kva som kunne reknast som friluftsliv. Det tyder på at fleire av aktivitetane som ved byskulen blei kalla for friluftsliv, ikkje blei rekna som det ved distriktskulen. Resultata viser at både kroppsøvingslærarane og rektorane har eit ønske om meir friluftsliv i skulen, men at det kan vere vanskeleg å praktisere i kroppsøvingsfaget. Friluftsliv blei foreslått som noko skulen skulle hatt eit overordna ansvar for, ikkje berre kroppsøvingsfaget.

Sentrale omgrep/nøkkelord i oppgåva:

Friluftsliv, kroppsøving, lærarperspektiv, rektorperspektiv, vidaregåande skule

Innhaldsforteikning

Samandrag.....	3
Innhaldsforteikning	4
Forord.....	6
1. Innleiing	7
1.1 Bakgrunn for val av problemområde	7
1.2 Problemstilling	9
1.3 Oppgåvas struktur	10
2. Teori	11
2.1 Friluftsliv	11
2.1.1 Kva er friluftsliv	11
2.1.2 Friluftslivets historie.....	12
2.1.3 Typisk norsk friluftsliv	16
2.2 Friluftsliv i skulen	17
2.2.1 Friluftsliv i læreplanane.....	20
2.2.2 Forsking på forståing av friluftsliv i skulen.....	30
2.2.3 Lærarrolla	31
3. Metode.....	33
3.1 Metodiske vurderingar og val av metode	33
3.2 Kvalitativ metode.....	36
3.2.1 Intervju som metode	36
3.3 Tematisering av intervjuguprosjektet.....	37
3.3.1 Presentasjon av utvalet	37
3.4 Utvikling av intervjuguide	39
3.4.1 Intervjuguiden.....	39
3.4.2 Pilotintervju	41
3.5 Gjennomføring av intervjeta	42
3.6 Transkribering og analyse	42
3.7 Validitet og reliabilitet.....	43
3.8 Etiske retningslinjer	45
4. Resultat og diskusjon	47
4.1 Bærtur eller skydiving - Kva er friluftsliv?	47

4.2	Lærer ein eigentleg noko i friluftsliv? – Friluftsliv i eit skuleperspektiv.....	54
4.3	Kan, kan ikkje - Er ressursar og geografisk plassering av betyding?.....	63
5.	Oppsummering – vegen vidare	78
	Litteraturliste	80
	Tabelloversikt	86
	Figuroversikt.....	87
	Vedlegg	88

Forord

Prosessen mot ei ferdig masteroppgåve har vert eit krevjande arbeid, men mest av alt veldig gjevande. Sjølv om det til tider kunne vere trått å halde fokuset oppe, var det eit arbeid som var utrulig spennande. Eg har gjennom dette arbeidet lært mykje og føler at eg sitt igjen med mange erfaringar. I tillegg har mi interesse for friluftsliv i skulen blitt desto større.

Eg vil nytte mulegheita til å rette ein stor takk til dei kroppsøvingslærarane og rektorane som bidrog i dette prosjektet, der dei delte sine erfaringar og meininger kring problemområdet. Det har bidrige til eit godt datamateriale, som har vert interessant, spennande og utfordrande å jobbe med.

I tillegg vil eg takke Ellen og Ragnhild, som har vert så snille å bruke tid på å korrekturlese oppgåva mi.

Vidare vil eg rette ein stor takk til min vugleiar Per Midthaugen, som har hatt trua på prosjektet heile vegen. Takk for god vugleing og konstruktive tilbakemeldingar.

Til slutt vil eg takke mine herlige medstudentar som eg var så heldig å dele masterkontor med. Det har vert mange diskusjonar, både teoretiske og erfaringsmessige. Ikkje minst takk motiverande ord ved humpar i vegen.

Oslo, mai 2013

Elin Alme

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av problemområde

Kroppsøving er eit obligatorisk fag i den norske skulen, frå 1. klasse i grunnskulen, til Vg3 i den vidaregåande skulen. Det er eit fag som skal vere allmenndannande, og kan vere med på å forme elevane til den personen dei blir i sitt vaksne liv. Det er eit fag der bevegelse og aktivitet står i sentrum, derfor gjelde det kanskje i kroppsøvingsfaget, i større grad enn i andre fag, at eit av hovudmåla ikkje nødvendigvis må vere teoretisk kunnskapstilegning. Men heller at ein vil skape eit grunnlag for ein sunn og positiv livsstil, god helse, gode haldningar og verdiar. Og at ein legge til rette og motiverar til gode opplevingar seinare i livet. Kroppsøving i skulen er eit viktig og omdiskutert tema i dagens samfunn (Lyngstad, Flagestad, Leirhaug & Nelvik, 2011). Jonskås (2010) kom i sin undersøking fram til at kroppsøvingsfaget er eit fag det er stor interesse rundt, og som mange har meningar om, men som det er gjort lite forsking kring. Den forskinga som er blitt gjort er mest basert på master-/hovudfagsoppgåver, og det er kvalitativ metode som er mest gjeldande. Internasjonalt er det gjort meir forsking kring dette temaet, spesielt i Sverige (Jonskås, 2010). Men temaet kroppsøving er i dag mykje omdiskutert og har fått eit større fokus på forskarfronten dei siste åra. Diskusjon om kva aktivitetar faget skal innehalde, og korleis ulike aktivitetar skal gjennomførast står høgt. Friluftsliv er ein av desse aktivitetane. Skulen har i oppgåve å overføre den norske kulturen til dagens barn og ungdom. Og i ut i frå dette så trur eg at det er ei rekke funksjonar som tidlegare var ein naturleg del av familielivet, som skulen er med på å overføre. Blant desse funksjonane finner vi spesielt det som har med fysisk aktivitet og helse, og innan det vårt forhold til naturen og det å drive friluftsliv (Utdanningsdirektoratet [Udir.no], u.å.-a). Friluftsliv er eit omgrep som ein gjerne koplar til den norske tradisjonen, det er noko som vi nordmenn forbind oss med. Det er eit omgrep som kan tolkast på mange ulike måtar, og som såleis vil ha ulik betydning frå person til person. Det er derfor spennande å finne ut meir om korleis skulen vil at friluftsliv skal bli framstilt. Korleis blir det definert? Kva aktivitetar blir rekna som friluftsliv? Og kor viktig er det eigentleg i skulen? Det er spørsmål som eg vil belyse i dette prosjektet. Friluftsliv og kroppsøving i Noreg er eit område som det til no er gjort relativt lite forsking på. For at friluftsliv skal klare å halde følgje med utviklinga som

skjer elles i samfunnet, er det viktig at emnet blir drege fram i lyset ved å forske på og belyse temaet ytterlegare.

Føremålet med prosjektet er å belyse emnet friluftsliv i kroppsøvingsfaget. Eg vil prøve å finne ut kva plass friluftsliv har i skulen og korleis det blir framstilt. Eg meinar at friluftsliv er ein viktig del av kroppsøvingsfaget, og derfor bør ha ein klar plass i læreplanen. Det kan vere usemje blant lærarane om kva friluftsliv skal innehalde og korleis det bør gjennomførast. I tillegg kan rektor spele ei rolle ut i frå kva områder han/ho vil skal vektleggast. Derfor kan rektor sin forståing av friluftslivomgrepene vere viktig i forhold til kva ressursar som vil vere tilgjengeleg for dette emnet. Korleis dei velje å tolke læreplanen og korleis den blir vekta, kan ha innverknad på korleis friluftslivundervisninga blir praktisert. Eg vil derfor prøve å finne ut kva ulike kroppsøvingslærarar og rektorer meinar om friluftslivemnet og kva plass dei meinar det bør ha i kroppsøvingsfaget. Korleis lærarane velje å planleggje og gjennomfører friluftslivundervisninga vil vere eit viktig spørsmål. Det er også interessant å sjå om skulens tradisjon og kultur kan ha betyding for prioritering og kva type friluftsliv som blir praktisert i undervisninga. Det er derfor viktig å ta for seg rektoren sine meiningar kring dette emnet.

Gjennom den forskinga som er blitt gjort på friluftsliv i skulen, kjem det fram at det er eit lite prioritert emne i kroppsøvingsundervisninga (Jacobsen, 2004). Kvifor er det slik? Forsking kan tyde på at friluftsliv i skulen er eit emne der lærarane føler at dei har for lite kompetanse og ikkje har tilstrekkeleg med ressursar for å gjennomføre undervisning i emne (Sætre, 2005). Det kan derfor oppfattast at ein trenger meir kunnskapar om kva kroppsøvingslærarane må ha kompetanse i og kva ressursar som manglar, for å kunne inkludere meir av friluftslivemnet i kroppsøvingsfaget. Kva type friluftsliv aktivitetar er det ein bør ha med i undervisninga, og kva meinar lærarar og rektorer er viktig? Og kvifor er nokre meir opptatt av å fremje friluftslivet enn andre? Læreplanane skal vere eit grunnlag for innhaldet i undervisninga. Gjennom ulike læreplanar har friluftsliv fått eit større innpass som emne i kroppsøvingsfaget. Den gjeldane læreplanen i dag er Læreplanverket for Kunnskapsløftet, men blei for kroppsøvingsfaget revidert til Revidert Læreplan i 2012 (Udir.no, u.å.-b). I denne er friluftsliv eit av tre hovudemne i den vidaregåande skulen. Det blir beskrive kva som er føremålet med emnet og kva kompetansemål som er gjeldande. Ein kan stille spørsmålet om det i undervisninga blir

gjort slik det står i læreplanen. Målet for dette prosjektet blir å belyse slike spørsmål ved å gjennomføre intervju med kroppsøvingslærarar og rektorar ved to ulike skular. Ved å velje to ulike skular kan eg kanskje også få fram om prioriteringa av friluftsliv i skulen, kan vere påverka av kva ressursar som er tilgjengeleg. Kva betyding rammefaktorar, som tidsrammer, skuleøkonomi, naturområde i nærmiljøet, har for utføring av friluftsliv i skulen. Slik eg oppfattar det så er derfor friluftsliv i skulen eit tema som ein trenger meir kunnskap kring.

1.2 Problemstilling

For at dette prosjektet skulle vere muleg å gjennomføre som ei mastergradsoppgåve, måtte eg avgrense problemområdet. Ved å ta utgangspunkt i kva tid eg hadde til rådigheit og omfang av oppgåva, valte eg å sjå på problemområdet i eit lærar- og rektorperspektiv. Eg har gjennom eigen erfaring, både via eigen skulegang og i praksis som lærar, opplevd at det kan vere ulike forståingar og haldningar til korleis friluftslivsemnet skal gjennomførast i kroppsøvingsundervisninga. På bakgrunn av dette vil eg med dette prosjektet belyse kroppsøvingslærarar og rektorar sine forståingar og meininger kring friluftslivsemnet i kroppsøvingsfaget. Problemstillingas formulering var ein prosess som gjekk føre seg i store delar av prosjektet, og overordna problemstilling blei til slutt følgjande:

Korleis blir friluftslivsemnet oppfatta og framstilt blant kroppsøvingslærarar og rektorar i den vidaregåande skulen.

Sidan vi i dag har ein nasjonal læreplan med eit stort tolkingsrom, så kan den oppfattast forskjelleleg frå lærar til lærar. Dette kan medføre at det blir store skilnadar frå skule til skule i forhold til kva som blir gjort innan kroppsøvingsfaget. Når ein ser på emnet friluftsliv, som kan tolkast ulikt frå person til person, kan det vere naturleg å tenkje at det spesielt kan vere skilnadar mellom skular som har mykje ressursar, og skular som ikkje har det. Hovudspørsmåla mine er: Korleis blir friluftslivomgrepet forstått av lærarar og rektorar? Korleis blir friluftsliv framstilt i skulen? Kva friluftslivaktivitetar blir praktisert i kroppsøvingsundervisninga? Kva rolle spelar rammefaktorar og ressursar for utføring av friluftslivemnet? Undersøkinga ynskjer altso å belyse korleis blir friluftsliv framstilt og forstått i den vidaregåande skulen og korleis

kroppsøvingslærarar og rektorer opplever og erfarar friluftsliv i kroppsøvingsundervisninga.

1.3 Oppgåvas struktur

Oppbygginga av denne oppgåva har eg valt å gjere på følgjande måte. Først vil eg presentere teori som er aktuelt i forhold til mitt problemområde. Eg har valt å dele teorikapittelet inn i to hovuddelar. Den første delen er generell teori om friluftslivomgrepet, der eg tar føre meg forståing av sjølve omgrepet, friluftslivets historie og til slutt norsk friluftsliv. I den andre teoridelen har eg kopla friluftslivomgrepet opp mot skulen. Friluftsliv sin plass i skulen og framstilling i ulike læreplanar står sentralt. Litt om kva forsking som er blitt gjort kring dette temaet blir også tatt opp her.

Følgjande kjem metodekapittelet. I dette kapittelet vil eg presentere metodiske vurderingar og val av metode. Vidare vil eg presentere gangen i forskingsprosessen og til slutt validitet, reliabilitet og etiske retningslinjer for dette prosjektet.

I denne oppgåva vil eg presentere resultat og diskusjon i eit kapittel. Eg vil her presentere delar av datamaterialet, med påfølgjande diskusjonar rundt sitata frå informantane. Eg vurderar dette som den mest hensiktsmessige måten å presentere mine funn, på bakgrunn av at eg då ville forhindre at det blei mykje gjentaking frå resultat- til diskusjonskapitlet.

I siste kapittel vil eg presentere ei kort oppsummering der eg tar for meg dei viktigaste funna i dette prosjektet. Eg vil også ta for meg mine tankar og idear om vidare forsking kring dette temaet.

2. Teori

I dette kapittelet tar eg for meg sentrale teoriar, samt relevante forskingsresultat, som er knytt til det området eg har valt å forske på. Eg har valt å dele det inn i to hovuddelar: ”Friluftsliv” og ”Friluftsliv i skulen”. Der eg i første del tar for meg friluftsliv generelt, kva er friluftsliv, friluftslivets historie og norsk friluftsliv. I den andre delen vil eg kople friluftsliv inn i ein skule samanheng, friluftsliv i læreplanane, korleis lærarrolla kan verke inn og litt om kva forsking som er gjort.

2.1 Friluftsliv

2.1.1 Kva er friluftsliv

Friluftsliv er eit omgrep som kan bli forstått og brukt på ulike måtar, og det kan derfor vere store forskjellar på korleis det blir praktisert. Vi kan sei at friluftsliv er eit abstrakt og filosofisk omgrep, det er ulikt frå person til person. Sjølv om det er eit omgrep som kan ha ulike betydingar, har vi ein offentleg definisjon som er viktig å kjenne til. Definisjonen kjem fram i Stortingsmelding nr. 39, og lyder: friluftsliv er ”*opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse*” (St.meld.nr 39 (2000-2001), avsnitt 3.5.2). Det er med andre ord frivilleg fysisk aktivitet som skjer i friluft, men kva er friluft? Det er logisk å tenke at det er luft som er utandørs, men er då den lufta som er i parken og i skogen like bra å drive friluftsliv i? Kva ein ser på som friluftsliv ut i frå denne definisjonen, blir avgjerande for korleis ein velje å tolke ordet friluft. Det er derfor ikkje eintydig kva som er friluftsliv og kva som ikkje er det. Vidare blir det tatt fram at friluftsliv er aktivitet som ikkje er konkurranseprega eller som er motoriserte (St.meld.nr 39 (2000-2001)). Den offentlege definisjonen av omgrepet friluftsliv, gjev ikkje klare linjer på kva friluftsliv er og ikkje er. Ein kan derfor ha ulike tolkingar og forståingar om kva dette omgrepet faktisk inneberer. Friluftsliv skil seg derfor ifrå anna sport og idrett som har faste reglar på korleis det skal utførast. Men også innan friluftsliv kan vi finne nokre reglar som alle og ein kvar bør rette seg etter. Dette er reglar som dei aller fleste har hørt om, og som for mange kan vere heilt naturleg å følgje når ein er ute i naturen. Dømer på slike reglar er sporlaus ferdsel, friluftslova (Lovdata, 2012) og fjellvettreglane (Den Norske Turistforening, 2005). Sjølv om dette er reglar som alle bør følgje, så seier det likevel ikkje noko om kva aktivitetar som kan reknast som friluftsliv og korleis aktiviteten skal

utførast. Reglane verkar meir som førehandsreglar for at ein skal få ei god oppleving ved å drive friluftsliv både for seg sjølv og for andre som nyttar same område.

2.1.2 Friluftslivets historie

Friluftsliv blir gjerne omtalt som eit norsk omgrep. Dei fleste nordmenn har eit forhold til friluftsliv og det er blitt ein del av den Norske identiteten (St.meld.nr 39 (2000-2001)). Nordmenn er ”født med ski på beina”, vi har fjell og fjordar som vi brukar til ulike aktivitetar gjennom årets fire vakre årstider. Vi går på fjelltur, overnatta i telt, plukkar bær, reiser på fisketur, går på både skitur og topptur, og overnattar i snøhole. Vi brukar naturen, og det å vere glad i naturen og friluftslivet blir av mange oppfatta som ein slags nasjonal identitet.

Kven som står bak friluftsliv omgrepet, er omdiskutert. Friluftsliv har på ein måte alltid vert ein del av kvardagen og det kvardagslege språket i Noreg (Repp, 2001), men akkurat når sjølve omgrepet blei til er uvisst. Henrik Ibsen blir rekna for å vere den første som brukte friluftslivomgrepet skriftleg (Klett, 2009; Tellnes, 1989). Vi finner det for første gong i diktet ”*På Vidderne*” fra 1859 (Ibsen.net, u.å.). Der skriver han om det å vere på vidda, både om sjølve ferda og om livet. Han skriver også om den øyde seterstua, og alt dette er for han ”friluftsliv for hans tankar”, som vi finner i del 6 vers 4 og 5:

*Dagens dåd har intet mærke,
slig som den dernede drives;
her blev mine tanker stærke,
kun på vidden kan jeg trives.*

*I den øde sæterstue
al min rige fangst jeg sanker;
der er krak og der er grue,
friluftsliv for mine tanker.*

Slik eg tolkar at Ibsen vil framstille friluftsliv i disse to versa, så meinar han at friluftsliv er å nytte naturen. Han brukar den til å finne mat, men også til å la sine tankar vandre fritt. Her er han fri, og det gjer godt for sjela.

Friluftslivomgrepet kom mot slutten av 1800-talet endå sterkare fram. På denne tida tok polfarar Fridtjof Nansen omgrepet i bruk, både i artiklar og talar som omhandla hans liv ute i naturen (Repp, 2004). Gjennom sine reiser var Nansen ein person som gjorde seg godt synleg blant det norske folk. Og ved å holde talar i ulike samanhengar, klarte han å nå ut til eit stort mangfald av den norske befolkninga. Det er her viktig å få fram at det nok har vert andre personar som kan ha gjort det same som han, med tanke på ulike reiser og opplevingar. Men på grunn av hans status og mulegheit til å nå ut til folket, klarte Nansen å skape ei interesse rundt det han gjorde. Dette har ført til at han blei ein viktig person og eit stort forbilde i sin tid, også for utviklinga av friluftslivkonseptet. Han har fått ein heltestatus for sine reiser og sitt liv i naturen (Repp, 2004; Tellnes, 1989). For Nansen var det viktig å formidle at friluftsliv skulle vere ein aktivitet der ein kunne oppleve og bli kjend med naturen, og viktigast av alt skulle det vere det ”enkle liv”. Han ville at folk skulle nyte naturen for det den var, utan å vere avhengig av utstyr. Ein skulle kunne opphalde seg i naturen fordi ein hadde eit ønske om det, og ikkje fordi ein måtte. Ein skulle lære naturen å kjenne, få kunnskapar og vete korleis den fungerte og utvikla seg. (Repp, 2004).

I tillegg til Nansen, spelte engelskmenna ei stor rolle for friluftslivet si utvikling (Østerås, 2000). I den engelske overklassa var aktivitetar som klatring, riding, jakt, fiske og spaserturar attraktive aktivitetar. Etter kvart som dei fekk behov for å utvide området sitt, fekk dei auga opp for den norske fjellheimen og eit ønske om å utforske den (Klett, 2009). For å komme seg trygt fram i den ukjende naturen, brukte dei folk frå landsbygda som fører og guide. Dette skapte ei auka interesse for friluftslivet også hos lokal befolkninga, og gjorde til at oppfatninga av friluftsliv frå byen og bygda blei meir sameint. Etter kvart hadde også det norske borgarskapet gjort omgrepet til sitt eige.


Mennesket har hatt og har gjerne framleis eit nært forhold til naturen. Tidlegare både budde ein i, og levde av naturen. Men etter kvart som samfunnet utvikla seg, blei vårt forhold til naturen endra. Ibsen og Nansen var med på denne endringa, og påverka forholdet i meir romantisk retning (Østerås, 2000). Ein var tidlegare opptatt av at ein var ute i naturen for ein grunn, som å få tak i mat. Men etter påverknad av blant anna Ibsen og Nansen blei friluftsliv no retta meir mot sjølve opplevinga av å vere ute i naturen. Opphavleg skilde ein ikkje turisme ifrå friluftsliv. Men etter at fleire og fleire eventyrlystige vandrarar har utforska landet, har det oppstått eit skilje mellom å ferdast i

naturen med enkle midlar, på ein behageleg måte. Og i motsetning den tøffare og meir anstrenga måten, der ein ikkje brukar så mange hjelpe midlar. Dette kallar vi i dag for turisme og friluftsliv (Klett, 2009). I 1868 blei Den Norske Turistforening skipa (Den Norske Turistforening, u.å.). Den blei skipa for at det skulle bli lettare å leie og utvikle turistlivet i Noreg. Foreininga gjorde turistlivet, og gjerne friluftslivet, letter å delta i for ein større del av folket, ved at dei bygde hytter som folk kunne nytte seg av.

Samfunnet utvikla seg, og vi var ikkje lenger så avhengig av å bruke naturen på same måte som tidlegare. I tillegg fekk folk flest meir fritid (Faarlund, 1973). Denne fritida blei kopla til friluftsliv, og kunne vere eit avbrekk frå kvardagens stress. Det var i første omgang bymenneska som nytta naturen slik, og blant dei var det særleg dei rikaste som hadde mulegheit til å ta seg den fridomen. Folket i bygdesamfunna hadde som regel alltid noko dei kunne eller måtte gjere, så aktiviteten hadde alltid eit nytteføremål med seg. Medan byfolket hadde eit meir avslappa forhold til naturen og det var opplevinga som stod sentralt (Østerås, 2000). Utover 1900-talet fekk også folk flest meir fritid, Noreg var på veg mot ein velferdsstat. Friluftsliv blei ein større del av deira kvardag. Etter kvart fekk også bygdefolket meir fritid, og kunne drive friluftsliv med eit slikt føremål.

Ein milepel for norsk friluftsliv var friluftslova frå 1957 (Lovdata, 2012; Tellnes, 1989). Den tok for seg allemannsretten, som omhandla folkets rett til ferdsel og opphold i naturen. Den tok også for seg forskjellen på innmark og utmark, og forholdet mellom grunneigar og allmennheita. Korleis ein kan ferdast på innmark og utmark kom også fram i denne lova.

Sidan friluftsliv er eit dynamisk og komplekst omgrep og er forskjelleg frå person til person, så vil det heile tida vere i utvikling. Det følgjer den utviklinga som skjer i samfunnet, og friluftslivet blir knytt opp mot fleire ulike aspekt. Det oppstår relasjonar mellom friluftsliv og andre viktige delar av samfunnet, som t.d. helsevesenet eller reiselivet. Tellnes (1989) har lagd ein figur som viser noko av det friluftslivet kan vere med å påverke og spele ei rolle for det norske samfunnet:



Figur 2.1: Ulike relasjonar friluftsliv kan ha til anna bruk av naturen (Tellnes, 1989, s. 24).

Figuren viser at friluftsliv kan vere ein viktig del i mange ledd som føregår i samfunnet. På grunn av dette vil naturleg nok også sjølve aktivitetane som blir knytt til friluftsliv endre seg. Som Bischoff og Odden (2003) forklarar kan det sjå ut som det skjer ei modernisering av dei aktivitetane som ein kan knytte til friluftsliv. Dette blei også bevisstgjort i ein rapport frå Direktoratet for naturforvaltning (1996, s. 9):

Det er nå på tide å se friluftslivets status i lys av de siste årenes samfunnsutvikling, og i forhold til de utfordringer – både innenfor miljøvernforvaltningen og innenfor andre samfunnssektorer – vi ser konturene av i årene som ligger foran oss. Fortsatt urbanisering, et flerkulturelt samfunn, økt kommersialisering av fritid, økt antall eneforsørgerfamilier og økt antall

eldre er blant de endringer som vil måtte påvirke veivalg innenfor arbeidet med friluftsliv.

Det dukkar opp nye aktivitetar, og dei tradisjonelle aktivitetane endrar seg. Men sjølv om det kjem nye impulsar og det skjer ei modernisering, står framleis det tradisjonelle friluftslivet sterkt i det norske folk. Og uansett korleis det blir tolka, så er friluftsliv eit omgrep som nordmenn oppfattar som ein viktig del av den norske kulturen (Nedreliid, 1992).

2.1.3 Typisk norsk friluftsliv

Friluftsliv blir jo gjerne rekna som eit norsk omgrep, men kva er eigentleg typisk for det norsk friluftslivet? Kva aktivitetar reknar nordmenn eigentleg som friluftslivaktivitetar? Om vi ser på levekårsundersøkinga for 2011 (Statistisk Sentralbyrå, 2011), så ser vi at dei mest populære friluftslivaktivitetane er fjellturar, plukke bær, gå på ski og sykkeltur. Ved at ein utfører slike kvantitative undersøkingar, så kan ein få ei oversikt over kva trendar som er innan friluftslivet i Noreg. Ein kan få ein peikepinn på kva aktivitetar som er populære blant befolkninga, og kva aktivitetar som er på veg ut. Ved slike undersøkingar så kan ei også oppdage nye aktivitetar som er på veg oppover, eller om det framleis er dei tradisjonelle som er mest gjeldande. Ein kan få ein indikator på kor viktig friluftsliv er for den norske befolkninga.

Men at mange er oppmerksame på friluftsliv presisera Tordsson:

"Undersøkelser påstår at så pass mange som 90 prosent av (den voksne) befolkningen utøver friluftsliv, og 78 prosent oppgir at friluftsliv er en viktig fritidsaktivitet, for mer enn en fjerdedel den aller viktigste. Vi har svært god grunn til å anta at for mange er naturmøtet en av livets rikeste kilder til livsutfoldelse og opplevelse av livsmening." (Tordsson, 2005-a, s. 163).

Aktivitet og opphold i naturen, kan ein såleis tolke som ein svært viktig del av den norske befolkninga. Naturen er for dei ein arena som ein får opplevingar som gjev mening til livet. Men sjølv om friluftsliv blir framstilt som noko mange nordmenn driv med, så trur Tordsson (2005-a) at det kan vere mange som framstiller seg som meir aktive innan friluftsliv enn det som faktisk er verkeleg. Grunne til dette meinat han er

fordi friluftsliv er så godt etablert blant det norske folk, og det er ei oppfatning om at friluftsliv er ”*noe udelt godt, som en bør bruke sin fritid til*” (Tordsson, 2005-a, s. 163). Derfor kan det vere lett for å sei at ein driv mykje med friluftsliv, sjølv om ein ikkje gjer det. Fordi ein kanskje føler at ein som nordmann burde gjere det.

Utviklinga av det norske friluftslivet har blitt påverka av fleire ting. Der iblant to stortingsmeldingar, *St.meld.nr. 40 – Om friluftsliv* og *St.meld.nr. 39 - Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet* (St.meld.nr 39 (2000-2001)). I den første så blei friluftsliv framstilt som ein samfunnssak. Kva områder ein kunne drive friluftsliv i, samarbeid med reiselivet og reglar i forhold til motorisert ferdsel og jakt og fiske. I den andre blei friluftsliv knytt meir opp til helse. Friluftsliv kunne blant anna ver med å påverke både livskvalitet og den psykiske og fysiske helse. I tillegg blei det tatt opp at friluftslivet er i endring, og ein ny friluftspolitikk må til. I 2009 kom også *Markaloven* (Lovdata, 2009), som gjorde greie for markagrensa i Oslo og nærliggande kommunar, og retningslinjer og lover om korleis ein kan bruke marka. Grunnen til at dei oppretta denne lova, var for at ein skulle klare å ivareta marka med sin flotte natur, slik at den ikkje skulle bli ”øydelagt”. Dette er hendingar som har vert viktige for utviklinga til norsk friluftsliv. Som resultat av dette så har friluftslivet blitt inkludert i det offentlege, både innan skulen og helsediskursen, også har det blitt ein del i kvar enkelt person sin kvardag.

Det norske friluftslivet har også blitt påverka av nye trendar frå andre land (Ese, 2007). Dette har ført til at omgrepet friluftsliv kan ha fått eit større omfang av tolkingar, der nye aktivitetar blir tatt inn som friluftslivaktivitet. Det er spesielt den norske ungdommen som står for denne endringa (Ese, 2007). Ulike subkulturar blir inkludert, og nye formar for utføring av friluftslivaktivitetar oppstår. Døme på slike former er freestyle og freeride (Ese, 2007). Ved slik utvikling kan ein stille spørsmål om dette også er gjeldande i skulen.

2.2 *Friluftsliv i skulen*

Friluftsliv er eit omgrep som dei fleste born kjerner til allereie før dei begynner på skulen, via familie, nærmiljø og barnehage. Det er eit omgrep der forståinga gjerne kan bli overført frå ein generasjon til neste. Men sidan det er stor forskjell på korleis omgrepet blir tolka, kan skulen vere ein arena der elevane får ei felles forståing av omgrepet. Friluftsliv skal vere ein del av undervisninga i skulen, og innan

kroppsøvingsfaget er friluftsliv eit av hovudemna elevane skal bli presentert for. Ifølgje læreplanen i faget kroppsøving (Udir.no, u.å.-c), er hovudområda innan friluftsliv prega av korleis ein skal klare seg i naturen. Korleis ein skal bruke den og kva ein bør kunne om naturen. Om ein ser på korleis friluftslivemnet er forklart i planen, ser ein også her at ein skal lære ferdigheitar som er nødvendige for å kunne overleve i naturen. Samtidig som ein også skal lære om dei norske friluftslivstradisjonane (Udir.no, u.å.-c). Det er ein felles oppfating i det norske folk at friluftsliv er godt for alt, og på ingen måte kan gjere skade (Tordsson, 2005-b). Naturen er estetisk og romantisk. Men friluftslivet i skulen blir like ofte basert på fakta, der målet er at ein heile tida skal lære noko nytt. Den meir følelsesmessige delen blir derfor sett litt til side. Men Tordsson (2005-b) meinar at nettopp friluftsliv i skulen kan vere med på å kople oppleveling til bevisstgjort erfaring, og til reflekterande erkjenning. Kanskje må ein derfor revurdere korleis ein skal gjennomføre, og formidle friluftsliv i skulen. Kanskje trengs det fleire retningslinjer på kva det bør innehalde. I ei undersøking av Jakobsen (2007), kom det fram at bruk av friluftsliv i skulen kan ha positiv effekt på sosialiseringsprosessen til elevane. Han fann også at å presentere friluftsliv for elevane, hadde ein positiv innverknad på borns forhold til naturen. Skulen kan på den måten vere med å danne eit grunnlag for korleis borna respekterar og ter seg i naturen, både i barndommen og seinare i livet. Kanskje skapar dette også positive verdiar og haldningar som dei kan ta med seg i sitt vaksne liv.

Noreg er blitt eit fleirkulturelt samfunn, noko som vi også ser igjen i skulen. Ein kan stille spørsmålet om friluftslivomgrepet blir forstått på same måte for dei som ikkje har ein norsk bakgrunn? Korleis skal ein legge til rette for at friluftslivet skal kunne bli presentert for alle, uavhengig av nasjonal bakgrunn? Dette er også eit spørsmål som blir tatt opp i St.meld.nr 39 (2000-2001). I nokre kulturar er kanskje ikkje friluftsliv eit omgrep som er vanleg, det er ikkje sikkert alle veit kva det inneberer ein gong. Skulen bør derfor legger opp undervisninga slik at det skal vere forståeleg for alle. Ein må tilpasse nivået slik at det skal passe for kvar enkelt elev. Alle skal jo kunne delta i undervisninga, derfor må ein også ta omsyn til eventuelle kulturelle eller etniske ulikeheitar blant elevane. Det er ikkje sikkert alle kan vere med å klatre i fjellet, kanskje nokon har ei klesdrakt som gjer det nesten umuleg å manøvre seg i fjellveggen.

Friluftsliv er eit emne som er forska mykje på i ulike samanhengar. Men om ein koplar friluftsliv til skule, så er det i Noreg ikkje så mykje forsking å finne. På 1970-1980 talet blei det hovudsakeleg gjort pedagogisk-filosofiske studiar. Fokuset i desse studiane var mykje retta mot friluftsliv med ei pedagogisk vinkling, og med eit normativt perspektiv. Korleis friluftsliv kunne påverke samfunnet positivt, og kva friluftsliv burde vere stod sentralt (Breivik, 1979; Breivik & Løvmo, 1980). Når ein så kom til 1990-2000 talet, var det meir fokus på det deskriptive og kritiske, kulturanalytiske og didaktiske. Kva friluftsliv faktisk er og kva det er i ulike kontekstar stod her sentral (Skogen, 1995). Frå 2000 og fram over er fokuset retta litt meir mot lærar- og elevperspektivet, kva friluftsliv i skulen er og forskjellar på den iverksatte- og erfarte læreplanen. Eg vil komme meir inn på dette i kapittel 2.2.1.

Interesseorganisasjonen Landslaget Fysisk Fostring i Skolen har sidan 1978 gitt ut tidsskriftet ”Kroppsøving”, som er det einaste norske fagtidsskriftet på området fysisk fostring i skulen. I bladet har temaet friluftsliv i skulen blitt diskutert fleire gongar. Jacobsen (2004) skreiv ein artikkel der han belyste spørsmål kring friluftsliv i skulen. Han kom fram til at undervisning i friluftslivemnet er lågare prioritert enn dei andre emna i kroppsøvingsfaget. Forsking viser at mangel på kompetanse innan friluftslivemnet blant lærarane, kan vere forklaringa på at det blir lågt prioritert. Det blir i tillegg vist at føresetnadane skulen har til å drive friluftsliv i nærmiljøet, ikkje er ein avgjerande faktor for prioriteringa av emnet. Det viste seg at alle dei undersøkte skulane, hadde gode føresetningar i nærmiljøet til å drive ulike typar friluftslivaktivitetar. Likevel prioriterte dei friluftsliv ulikt. I ein artikkel av Sætre (2005), blir også prioriteringsdiskusjonen kring friluftsliv tatt opp. I artikkelen blir det presentert resultat frå ei undersøking gjort ved Høgskulen i Volda, der dei studerte kroppsøvingsfaget og friluftslivet sin plass i faget. Det kom også her fram at friluftslivet er eit emne som blir lite prioritert og gjerne satt til sides. Blant kroppsøvingslærarane var det heller ikkje alle som inkluderte friluftsliv i undervisninga. Dette blei grunngitt med at dei for det første følte at dei ikkje hadde nok kompetanse til å gjennomføre emnet i sin undervisning, og for det andre at dei meinte at det var for lite ressursar til å gjennomføre slik undervisning. Mangle på opplegg for korleis friluftslivundervisninga kan bli gjennomført, blir i St.meld.nr. 39 (2000-2001) vektlagt som ein muleg grunn til at denne type undervisning er vanskeleg å praktisere.


2.2.1 Friluftsliv i læreplanane

Friluftsliv er lagt inn i skulen under faget kroppsøving. Kroppsøvingsfaget er lagt til alle klassetrinn i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Noko som alle elevane skal igjennom. Korleis friluftsliv har kommen fram i den nasjonale læreplanen og kor mykje det er blitt vekta, har vert forskjelleg igjennom ulike læreplanar. Eg vil no sjå nærmare på kva plass friluftsliv har hatt og har i dei tre siste læreplanane for kroppsøvingsfaget i den vidaregåande skulen. Dei planane eg vil ta for meg er Reform 94 (R94), Læreplanverket for Kunnskapssløftet (LK06) og Revidert læreplan. Grunnen til at eg ikkje har valt å ta med dei tidlegare læreplanane, er fordi eg berre ville ta for meg dei læreplanane som framleis var så ”nye”, at dei kunne vere ein del av skulane i dag. Samtidig som det var spennande å samanlikne forskjellen på desse tre. Korleis friluftsliv blir framstilt i læreplanane er ei rettleiing på korleis skulane skal forholde seg til emnet, og såleis ein peikepinn på kva plass det bør ha i skulen. Men først vil eg gje ei forklaring på kva føremålet med ein læreplan er.

Ein læreplan er utarbeida av staten, og fungerar som retningslinjer for skulane og lærarane om kva som skal gå føre i skulen (Gundem, 1990). Desse planane blir kalla for sentrale læreplanar. Dei seier noko om kva som skal gjerast på ulike klassetrinn i dei ulike faga, og kor mange timer kvart enkelt fag skal ha av den totale undervisningstida til skulen. Akkurat kor detaljert desse planane er, kan variere. Kor mykje som skal bestemmost av sentrale myndigheter og kor mykje skulane sjølve kan bestemme, er ein stor diskusjon mellom politikarane og lærarprofesjonen (Imsen, 2010). Hos den enkelte skule utarbeidar ein i tillegg ein eigen undervisningsplan for alle fag, også kalla lokal læreplan. Avhengig av kor detaljert dei sentrale læreplanane er, vil dei lokale læreplanane variere frå skule til skule. Dess meir open den sentrale læreplanen er, dess meir er det opp til kvar enkelt skule og lærar å konkretisere dei ulike måla i ein lokal læreplan. Dette vil skape stor variasjon mellom skulane. Om den sentrale læreplanen er veldig detaljert, vil det ikkje bli så stort spelrom på lokalt nivå. Dette vil igjen føre til mindre variasjon mellom skulane. Stenhouse (sitert av Imsen, 2010) legger vekt på at ein læreplan også skal vere eit kommunikasjonsmiddel for ulike aktørar innan utdanningssystemet og for folk utanfor, som t.d. foreldre. På den måten er læreplanen eit hjelpemiddel der andre kan få eit innblikk i kva som blir vektlagt i skulen, slik at ein har mulegheit til å forstå og ha ei mening om det som skjer.

Skulen har i oppgåve å sørge for at elevane og såleis i vidareforstand samfunnet, får den kunnskapen og kompetansen som er nødvendig for at næringsliv, kommunar, fylker og stat kan fungere (Imsen, 2010). Skulen skal sørge for å bringe kulturarven vidare frå ein generasjon til den neste. Staten må styre skulane slik at dette blir gjort. Den viktigaste reiskapen staten har for å styre dette, er nettopp læreplanane (Imsen, 2010).

Sjølv om den sentrale læreplanen er lik for alle skulane i Noreg, kan det vere store forskjellar på korleis den blir praktisert (Gundem, 1990). Læreplanen vil ikkje kunne bli så konkret at den tar for seg alt som vil skje i undervisninga. Undervisning er prega av samspel og dialog mellom lærar og elevar, som fører til at det alltid vil kunne oppstå ulike element og situasjonar som læraren ikkje kan planleggje i førevegen. I tillegg må læreplanen alltid tolkast av ein lærar før den blir satt ut i praksis (sjå figur 3.2). Korleis ein tolkar og oppfattar ein læreplan kan vere ulikt frå lærar til lærar. Ein må også ta omsyn til mange andre styringsfaktorar, som materielle rammer, politiske interesser, lokale kulturforhold og næringsliv. Derfor kan det vere store forskjellar både frå den sentrale læreplanens intensjon og det som skjer i praksis, og frå skule til skule.



Figur 2.2: Lærarens tolkingsprosess av læreplanen (Imsen, 2012, s. 194)

Som vi ser av figur 2.2, så vil det vere fleire faktorar som kan verke inn på det som skjer i undervisninga. Vegen frå ein overordna læreplanidé til det som faktisk blir praktisert i ein skulekvardag, kan ha fleire stopp der ulike faktorar kan ha ein innverknad. Ut i frå det så kan ein sei at ein læreplan vil ha ulike framtoningar. Goodlad har utvikla ein omgrepssanalyse der han tar for seg desse ulike framtoningane (Goodlad mfl., 1979; Gundem, 1990; Imsen, 2010). Han har der valt å dele læreplanen inn i fem ulike nivå (Imsen, 2010).

Den *ideologiske læreplanen* som byggjer på dei ideane som ligg bak. Ideane blir vurdert ut i frå kva som er praktisk muleg å gjennomføre og ut i frå sosiopolitiske omsyn. Dette er ein del av læreplanen som folk flest vanlegvis ikkje kjener noko særleg til, fordi ein som regel ikkje har noko forhold til den før den er ferdig utforma.

Den *formelle læreplanen* er den planen som blir offentleg fastsett. Den blir offentleggjort som eit skreve dokument, som alle har innsyn til. Dette er den planen som vi gjerne kallar for den nasjonale læreplanen. Ein vil ofte kunne sjå igjen ulike element i den formelle læreplanen, som seier noko om kva idear som ligg bak utforminga av ein slik plan.

Den *oppfatta læreplanen* omhandlar korleis ulike aktørar tolkar den formelle læreplanen. Dei mest aktuelle aktørane er lærarar, rektorar og foreldre. Sidan den formelle læreplanen kan vere eit resultat av ulike interesser og har eit preg av kompromiss mellom ulike standpunkt, vil mulegheitene for tolking vere stor. Korleis lærarane oppfattar læreplanen og kva perspektiv dei ser på som viktige, vil såleis vere prega av store forskjellar (Imsen, 2010). Noko som også vil spele inn her er lærarens haldningar til undervisning, kva mulegheiter dei ser i praksis for å få gjennomført læreplanen. Det er her snakk om lærarens praksisteori, som eg vil gå litt nærmare inn på i kapittel 2.2.3. Korleis rektor oppfattar læreplanen kan også vere av betyding. Han/henne kan vere med å påverke kva som skal vere av undervisning og kva som skal vektleggast, ut i frå hans/hennes oppfatning av kva som er viktig i læreplanen. Sidan det er eit offentleg dokument, vil også foreldra kunne studere den formelle læreplanen. Dei kan ha sine eigne forståingar av læreplanen, som fører til at dei har visse forventingar til skulen, eller meningar om kva som bør gå føre i undervisninga.

Den *gjennomførte læreplanen* vil sei kva undervisning som faktisk blir gjennomført i skulen. Ein kan planlegge så mykje ein vil, men det som faktisk skjer i undervisninga kan vere noko heilt anna. Korleis undervisninga utartar seg kan påverkast av fleire faktorar. Om elevane møter opp, at det utstyret ein treng er ledig, at teknisk utstyr fungerar eller at våret forandrar seg. Det er såleis mange faktorar som kan spele ei rolle i om det som var planlagt faktisk skjer i praksis. Ein kan i denne delen stille spørsmål ved lærarens vaner. Det vil her komme til syne om undervisninga går på gamle rutinar, eller om det er variasjon og nytenking. Den gjennomførte læreplanen er det berre dei som har deltatt på undervisninga, som kan sei noko sikkert om. Men det kan likevel vere ulik tolking av undervisninga blant deltakarane. Derfor vil den gjennomførte læreplanen ikkje vere lik mellom lærar og elev, eller mellom elev og elev.

Den *erfarande læreplanen* dreiar seg om korleis elevane erfarar undervisninga, det som skjer i klasserommet. Kva elevane lærer og om dei lærer det som læraren har planlagt at dei skal lære. Ein kan her få ulike svar frå kvar enkelt elev. At det er ein gitt struktur på undervisninga, blir ofte oppfatta likt blant elevane. Derimot kan måten dei velje å løyse ulike oppgåver på variere stort. Dette henger saman med elevane sine føresetnadar og erfaringsbakgrunn, som gjer at dei har ulike meininger om korleis ei oppgåve på best muleg måte blir besvart. Den erfarande læreplanen tar også for seg det elevane lærer som ikkje er ein del av den planlagde undervisninga til læraren, ein ”skjult bodskap”. Dette kan t.d. vere respekt, oppførsel og reproduksjon av kunnskap. Korleis lærarane erfarar undervisninga er også viktig, og det er ikkje sikkert at dei har den same oppfatninga som elevane. Det kan vere viktig at lærarane klarer å tenkje igjennom den undervisninga dei har hatt, slik at dei kan finne ut kva som fungerte og kva som ikkje gjorde det (Annerstedt, 2007). På den måten har dei meir kontroll over kva elevane får med seg, og kva ein kanskje må gjere på ein anna måte.

Gjennom dei fem ulike læreplandelane til Goodlad (1979), ser vi at det kan oppstå ein stor forskjell frå det som var intensjonen til det som er praksis i verkelegheita. Eg vil i min forsking prøve å belyse korleis desse ulike delane av læreplanen kjem til syne i praksis. Dette ut i frå intervju med lærarar og rektorar, der eg spør etter erfaringar og opplevelingar som kan diskuterast i lys av desse aspekta ved læreplanen. Samtidig som eg vil prøve å sjå korleis det kan ha påverknad på kva som blir gjort i friluftslivundervisninga og kva oppfatningar som er rundt den. Eg vil no ta for meg dei tre siste formelle læreplanane og det som der er med på å danne tolkingsgrunnlaget for friluftslivundervisninga.

Reform 94

I 1994/1995 blei det satt i verk ein ny reform for den vidaregåande skulen, R94 (Kunnskapsdepartementet, u.å.). Her kom friluftsliv inn som eit eige punkt i læreplanen for kroppsøving. Dei to første åra i R94 er friluftsliv eit av fleire emne. Medan det siste året berre er to emne, der eit av dei var eit samla emne med idrett, grunntraining, dans og friluftsliv. Friluftsliv blir framstilt som noko vakkert og som er bra for kroppen. I den generelle delen, som var gjeldande både for R94 og L97 (læreplanverket for den 10-årigeskulen), blir friluftsliv omtalt slik:

"Samtidig må opplæringen fremme glede over fysisk aktivitet og naturens storhet, over å leve i et vakkert land, over landskapets linjer og årstidenes veksling. Og den bør vekke ydmykheten overfor det uforklarlige, gleden over friluftsliv, nøre hugen til å ferdes utenfor oppstukne veier og i ukjent terrenget, til å bruke kropp og sanser for å oppdage nye steder og til å utforske omverden. Friluftsliv rører både kropp, sinn og tanke. Fostingen må betone forbindelsen mellom naturforståelse og naturopplevelse; kunnskapen om elementene og om samspillet i livsmiljøet må gå sammen med erkjennelsen av vår avhengighet av andre arter, sam-følelsen med dem og gleden over naturliv" (Kirke-utdannings- og forskningsdepartementet, 1994).

Ein skal bruke friluftsliv til å lærar elevane om naturen og korleis vi skal ta vare på den. Korleis ein kan nytte friluftsliv som ein aktivitet både for kroppsleg utvikling, men også som hele bringande aktivitet. Naturen blir framstilt som ein viktig arena, og det kjem vidare fram at dei ser på naturen som noko av det *"største og mest storslagne av alle idrettsanlegg"* (Kirke- utdannings- og forskningsdepartementet, 1994).

Blant dei overordna måla innan kroppsøvingsfaget i R94, så kjem friluftsliv spesielt fram i to av fellesmåla. I det eine så står det at elevane skal få oppleve glede ved å praktisere allsidig aktivitet og friluftsliv, både aleine og i lag med andre. I det andre målet står det at elevane skal utvikle kulturell identitet, det ved at ein får kunnskap om og erfaring i det som er det nasjonale og lokale særpreget innan dans, idrett og friluftsliv i Noreg. Kompetanse måla ber preg av at dei lokale friluftslivtradisjonane skulle stå i sentrum, elevane skulle vete kva nærmiljøet har i by på og kva ein kan praktisere av friluftslivaktivitetar der. I tillegg skulle dei ha kunnskapar om korleis ein skal ivareta naturen.

I forhold til innføringa av denne nye reforma, blei det retta eit fokus mot kroppsøvingsfaget og friluftsliv, og det blei gjort litt forsking kring friluftsliv sin plass i kroppsøvingsfaget. Dalebø (1996) undersøkte kva konsekvensar innføringa av R94 har hatt for emnet friluftsliv i skulen. Dalebø tok for seg fire vidaregåande skular. I desse skulane var friluftsliv eit nedprioritert emne. Gjennom intervju kom det fram at lærarane meinte at grunnen er mangel på både tid og utstyr. Mangel på etterutdanning var også

ein viktig faktor for at friluftsliv ikkje blei prioritert i undervisninga, slik lærarane såg det. Også Ertresvåg (1996) studerte bruken av friluftsliv i vidaregåande skular. Han hadde fokus på grunnkurs (Vg1). Ertresvåg fant ut at det var berre eit fåtall kroppsøvingslærarar som inkluderte friluftsliv i undervisninga, sjølv om det stod i læreplanen.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet 06

LK06 blei lansert i 2004, men endeleg satt i verk i 2006. LK06 tar for seg både grunnskulen og den vidaregåande skulen, derfor er ikkje R94 gjeldande lenger. Den generelle delen som også var ein del av R94, er blitt vidareført og er den same i LK06 som i R94. Det nye i LK06 er at det no er eit felles læreplanverk, som tar for seg både den 10-årige skulen og den vidaregåande skulen (Udir.no, 2011-a). Om ein då tar for seg kroppsøvingsfaget i denne planen, så ser ein at friluftsliv har fått ein større plass enn i tidlegare planar. Her er friluftsliv eit eige emne allereie frå 5. årssteg, og er eit av tre emne i alle tre stega i vidaregåande skule.

Friluftsliv blir presentert allereie i føremålet med kroppsøvingsfaget. Der er det skrevet at ein rørslekultur som består av ”leik, idrett, dans og friluftsliv er ein del av den felles danninga og identitetsskapninga i samfunnet” (Udir.no, u.å.-d). Vidare står det at det derfor er viktig at barn og unge blir presentert for ulik fysisk aktivitet, slik at dei har dei føresetnadane som trengs for å delta i ulike aktivitetar seinare. I forhold til friluftsliv så skriv dei at det er viktig for at ein skal kunne ferdast og opphalde seg i naturen. Friluftsliv er ein av dei aktivitetane som skal stå sentralt i faget, som skal gje elevane gode naturopplevelingar og kunnskap om korleis ein kan bruke naturen til både idrett og friluftsliv på miljøvenlege måtar. I LK06 er det utarbeida grunnleggjande ferdigheitar som skal koplast inn i alle fag (Udir.no, u.å.-e). Innan kroppsøvingsfaget blir friluftsliv kopla til den grunnleggjande ferdigheita å kunne lese, der ein skal lære seg å tolke og forstå kart og ulike symbol.

Fokuset i friluftsliv er basert på at elevane skal lære seg korleis ein kan ferdast og orientere seg i naturen til ulike årstider, med fokus på å utvikle både kunnskapar og ferdigheitar. Også i denne planen står dei lokale friluftslivtradisjonane sentralt, og at ein skal bruke nærmiljøet (Udir.no, u.å.-d).

Friluftsliv var som tidlegare nemnt, eit av tre emne gjennom heile den vidaregåande skulen. Der det etter kvart årssteg er satt opp ulike kompetansemål innan friluftsliv, som elevane skal prøve å oppnå, og dei blir vurdert i ut i frå grad av oppnåing av desse. Desse kompetansemåla ber preg av at ein skal lære seg å opphalde seg i naturen. Elevane skal lære seg å bruke naturen som matkjelde og dei skal kunne planleggje og gjennomføre eit opphold ute i naturen. I tillegg skal elevane kunne vurdere kva som er viktig i forhold til både klede, mat og utstyr, og korleis det kan ha innverknad på opplevinga. Kart og kompass skal også nyttast.

Friluftsliv blir i denne planen framstilt på ein meir teoretisk måte enn i R94, kompetansemåla er meir konkrete. Dei ber preg av at skulen skal legge meir vekt på læringsmåten enn i R94. Eg tolkar det slik at undervisninga skal vere meir teoretisk, og mindre om sjølve naturen og opplevingar i naturen.

Revidert plan for kroppsøving

I 2011 blei det skreve eit høyringsbrev, med ønske om endringar i læreplanen for kroppsøvingsfaget (Udir.no, 2011-b). Det var her spesielt lagt vekt på vurdering og diskusjonen om innsats skulle vere ein del av vurderingsgrunnlaget i faget, men også innan friluftslivemnet var det ønske om nokre endringar. Som eit resultat blei det i august 2012 fastsett ein revidert plan for kroppsøvingsfaget, og er per dags dato den gjeldande planen i grunnopplæringa (Udir.no, u.å.-b).

Friluftsliv er framleis presentert allereie i føremålet med kroppsøvingsfaget, men er ikkje så tydeleg no som i LK06. Det står framleis at friluftsliv kan vere ein del av elevanes danning og identitetsskapninga i samfunnet, og at det skal stå sentralt i faget. Men ikkje noko meir enn det. Sjølv om det ikkje er så tydeleg i føremålet lenger, så er friluftsliv også no ført som eige emne frå 5. årstrinn, og som eit av tre emne dei tre årsstega i den vidaregåande skulen. Forklaringa av friluftsliv som hovudområde er lik som i den førre planen, men i forhold til kompetansemåla så er det gjort nokre forandringar. Målet om å bruke naturen som matkjelde på Vg1 er erstatta med at elevane skal kunne utøve friluftsliv med lokal forankring og i ulike naturmiljø. Også målet om å planleggje og gjennomføre opphold i naturen er ikkje lenger vekta på same måte. Det kjem først i Vg3, der det ikkje er så omfattande som før. Ein skal planleggje, gjennomføre og vurdere eit turopplegg, der ein skal kunne orientere seg ved hjelp av

kart og kompass og evt. andre orienteringsmåtar. At ein skal vurdere korleis mat, klede og utstyr kan påverke opplevingane er ikkje lenger med i måla. Det er i staden for lagt til at elevane skal kunne bruke naturen på ulike måtar, både til trening, rekreasjon og friluftsliv.

Slik eg tolkar denne endringa, så er friluftslivemnet blitt meir opent enn det var i den førre læreplanen. Dei ulike skulane og lærarane ser ut til å ha fått eit større spelerom og kan i større grad tilpasse undervisningsopplegget i forhold til lokale mulegheiter.

Forskjell på friluftsliv i dei ulike læreplanane

Gjennom dei ulike nasjonale læreplanar, så har friluftsliv blitt framstilt på ulike måtar. For å enklare kunne sjå forskjellane på vekting og kompetansemål i friluftslivemnet i dei ulike læreplanane i den vidaregåande skulen, har eg valt å framstille det via tabellar. På den måten kan ein samanlikne utviklinga av friluftslivemnet i dei ulike læreplanane, og det kan vere enklare å tolke korleis det blir framstilt. Det har vert forskjellege namn på dei ulike årstegna, men eg har valt å forholde meg til den gjeldande læreplanen der det blir kalla for Vg1, Vg2 og Vg3.

Tabell 2.1: Ulik vekting av emnet friluftsliv, i ulike læreplanar i den vidaregåande skulen.

Læreplan:	Del av emna på Vg1	Del av emna på Vg2	Del av emna på Vg3	Emnenamn på Vg1	Emnenamn på Vg2	Emnenamn på Vg3
R94	Ja, 1 av 4	Ja, 1 av 5	Ja, 1 av 2	Friluftsliv	Friluftsliv	Idrettar, grunntrenings, dans og friluftsliv
LK06	Ja, 1 av 3	Ja, 1 av 3	Ja, 1 av 3	Friluftsliv	Friluftsliv	Friluftsliv
Revidert læreplan	Ja, 1 av 3	Ja, 1 av 3	Ja, 1 av 3	Friluftsliv	Friluftsliv	Friluftsliv

Som vi ser i tabell 2.1, så har friluftsliv vert eit eige emne i alle dei tre ulike læreplanane, men med ulik vekting. På Vg1 og Vg2 i R94, måtte friluftsliv dele plassen med fleire emne. Korleis ein tolkar dette kan vere ulikt, og det står ingen ting om korleis ein skal vekte dei ulike emna seg i mellom. Ein ser også at siste året i R94, så er ikkje friluftsliv eit eige emne. Det er her eit stort felles emne, som gjer til at det er vanskeleg å vite kor stor del av kroppsøvingsfaget friluftsliv skal ha. Både i LK06 og i den

reviderte planen, så er friluftsliv eit av tre emne og er eit eige emne alle tre åra. Det er gjerne logisk å tenkje at det då skal vere ei tre deling av kroppsøvingstimane også. Men om det faktisk er tilfelle, vil eg tru er veldig variabelt frå skule til skule.

Tabell 2.2: Kompetanse mål i emnet friluftsliv, i ulike læreplanar for den vidaregåande skulen.

Læreplan:	Kompetanse mål Vg1	Kompetanse mål Vg2	Kompetanse mål Vg3
R94	Mål: Elevane skal ha kjennskap til dei muleheitene som nærmiljøet har for friluftsliv og til betydning av eit godt samspel mellom menneske og natur. 1. Praktisere enkle former for friluftsliv som byggjer på lokale tradisjonar og der naturopplevinga står i sentrum. 2. Ha kjennskap til korleis ein kan praktisere friluftsliv slik at naturmiljøet blir ivaretatt.	Mål: Elevane skal utvide sine kunnskapar om dei muleheitene nærmiljøet har for friluftsliv og he ei god forståing for samspelet mellom menneske og natur. 1. Praktisere friluftsliv som byggjer på lokale tradisjonar der naturopplevinga står i sentrum. 2. Ha gode kunnskapar om korleis ein kan praktisere friluftsliv slik at naturmiljøet blir ivaretatt.	Mål: Elevane skal kunne kombinere kunnskapar og ferdigheitar innan idrett, grunntraining, dans og friluftsliv. Dei skal kunne vurdere korleis dette kan brukast til å vidareutvikle og variere det dei beherskar og til å lære nye idrettar og/ eller aktivitetar. 1. Kunne bruke kunnskapar og ferdigheitar i ein kvalitetsmessig vidareutvikling av ulike sider ved ein valt idrett og/ eller aktivitet.. 2. Kunne bruke ferdigheitar og kreative evner i leik og anna aktivitet der gleda over å vere i bevegelse og det sosiale fellesskapet står sentralt.
LK06	Mål for opplæringa er at elevane skal kunne praktisere friluftsliv med naturen som matkjelde.	Mål for opplæringa er at elevane skal kunne planleggje, gjennomføre og vurdere opphold i naturen, og gjere greie for korleis mat, utstyr og klede kan verke inn på opplevinga av naturen.	Mål for opplæringa er at elevane skal kunne planleggje, gjennomføre og vurdere turopplegg med kart og kompass som hjelpemiddel.
Revidert læreplan	Mål for opplæringa er at elevane skal kunne praktisere friluftsliv i ulike nærmiljø med lokal forankring.	Mål for opplæringa er at elevane skal kunne brukne naturen til rekreasjon, trening og friluftsliv.	Mål for opplæringa er at elevane skal kunne planleggje og gjennomføre og vurdere turopplegg ved bruk av kart og kompass og andre måtar å orientere seg på.

Når vi studerar dei ulike kompetanse måla i tabell 2.2, så er det ein del forskjellar på dei ulike læreplanane. Som vi kan sjå i R94, så var det ganske opne og lite detaljerte mål. Det var mykje fokus på opplevingane ved praktisering av friluftsliv og korleis samspelet

mellan menneske og natur fungerar. Det står ingen ting om kva dei faktisk skal gjere, men det skal gå føre i nærmiljøet og ta i bruk lokale friluftslivtradisjonar. Når vi går vidare til LK06, så er måla blitt endra ganske mykje. Her er dei ikkje så opne og det er lagt inn meir detaljert kva emnet bør innehalde. Det er blitt lagt inn fleire klare mål som elevane skal oppnå, som kan nyttast til ein del teori. Dei skal t.d. bruke naturen som matkjelde, og dei skal vurdere kva betyding ulikt utstyr kan ha får ein tur. Dette er ting som krevjar ein del teoretiske kunnskapar, som ein også må sette ut i praksis for å få ei full forståing for. Skulane blir i denne planen litt meir låst i forhold til kva som bør vere med i undervisninga. Det står ingen ting om akkurat kva aktivitetar ein skal ha med, men retningslinjer på kva som skal leggast vekt på i dei aktivitetane som blir valt ut. Dette kunne skape problem for enkelte skular, fordi nokre av måla kunne vere vanskeleg å få gjennomført på den enkelte skule. Når den reviderte planen kom, ser vi at det også her er nokre endringar i kompetansemåla. Dei er no blitt meir opne igjen, som i R94. Det er ikkje lenger så tydlege retningslinjer på kva som bør vere med og skulane får eit stort spelrom for lokal tilpassing. Kompetansemåla har mange likskapstrekk frå LK06, men er blitt mindre detaljerte.

Lokale læreplanar

Ein lokal læreplan er ei spesifisering av den nasjonale læreplanen, og går djupare inn i kvart emne og er meir detaljert (Imsen, 2010). Denne planen blir ei spesifisering av den nasjonale læreplanen, og går djupare inn i kvart emne og er meir detaljert (Imsen, 2010). Den lokale læreplanen er eit resultat av tolkinga av den nasjonale læreplanen og kva ressursar og mulegheiter den enkelte skule har. Det er ein plan som tar for seg den undervisninga som faktisk skal skje i kvart enkelt fag ved den gjeldande skulen. Kor detaljert den nasjonale læreplanen er, vil vere avgjerande for kor mykje kvar enkelt skulen kan bestemme sjølve. Ut i frå Goodlad (1979) sin læreplanteori så vil det naturleg nok bli variasjonar mellom dei ulike lokale læreplanane. Men kor store dei variasjonane blir er avhengig av den nasjonale læreplanen. Ein open nasjonal læreplan kan skape store variasjonar, medan ein detaljert nasjonal læreplanane vil føre til at dei lokale læreplane vil bli meir like.

2.2.2 Forsking på forståing av friluftsliv i skulen

Østerås (2000) studerte legitimeringa av friluftsliv i ulike læreplanar og lærebøker og lærarens forståing. Han delte friluftsliv inn i tre hovudkategoriar: vandrarfriluftsliv,

haustingfriluftsliv og aktivitets- og spenningsfriluftsliv. Hans resultat viste at vandrarfriluftslivet blei spesielt veklagt, medan det var mindre av haustingsfriluftslivet og nesten ingen ting av aktivitets- og spenningsfriluftslivet. Han kom også fram til at lærarane utførte friluftsliv på ulike måtar privat og i skulesamanheng, og at oppvekstmiljøet har vert med å prega deira kunnskap. Det kjem også fram at friluftslivemnet blir legitimert både med eigenverdi og instrumentelle verdiar. Westersjø (2001) har studert friluftsliv i skulen, men har sett meir på korleis det blir gjennomført i undervisninga. Han kom fram til at læreplanane blir sett meir på som ei oppfordring til kva som bør vere i undervisninga, enn eit påbod om kva det bør vere. I motsetning til det Westersjø (2001) fant ut så gjorde Andreassen (2001) ei undersøking der han kom fram til eit anna resultat. Dei fleste lærarane som deltok i undersøkinga var positive til læreplanen, og meinte at det var eit dokument dei var forplikta til å forholde seg til. Det kom også fram at fleirtalet var positive til at friluftsliv har ein større plass i kroppsøvingsundervisninga. Ved ein undersøking gjort av Kongsrød (2004), kom det fram at det sosiale livet for elevane i ungdomsskulen er viktig. Ved å føre klasserommet og undervisninga ut i naturen, kan elevane tilegne seg kunnskapar og ferdigheitar på andre måtar enn å sitte stille i eit klasserom. Undersøkinga viser at dette er noko elevane setter pris på, og synest er ein morosam måte å lære seg pensum på.

2.2.3 Lærarrolla

Læraren spelar ei viktig rolle i kva som faktisk blir gjort i eit fag. Ein lærar skal kunne:

"...legge til rette for at elevene skal lære å lære, slik at de kan utvikle sin personlege danning og bidra til fellesskapet på en meningsfylt måte. Det dreier seg også om å kunne analysere forutsetninger og behov hos barn og unge, velge og grunngi læringsinnhold, arbeidsmåter, bruk av læreremidler og vurderingsformer og kunne utforme individuelle opplæringsplaner" (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2003, s. 5).

Det er læraren som gjer det faktiske arbeidet med å gjennomføre undervisninga, og er med på å planleggje kva som skal gjerast i dei enkelte faga. Den nasjonale læreplanen ligge som retningslinjer på kva kvart enkelt fag skal igjennom, og skuleleiinga bestemmer kva som skal leggast til rette og kva ressursar som skal brukast til dei ulike faga. Men til sjunde og sist så er det kvar enkelt lærar som bestemmer kva som skjer i

ein undervisningstime. Kven som står for utarbeidingsa av den lokale læreplanen, kan nok variere. Nokre gongar kan det vere eit samarbeid mellom skuleleiinga og dei aktuelle lærarane, men andre gongar kan det kanskje berre vere dei aktuelle lærarane eller læraren som har ansvaret. Korleis dei lærarane tolkar den nasjonale læreplanen vil då vere avgjerande for korleis den blir gjort om til ein lokal læreplan, og kva som blir gjort i undervisninga (Imsen, 2010).

Som tidlegare nemnt i kapittel 2.2.1, så kan lærarens praksisteori spele inn på korleis ein velje å tolke læreplanen. Omgrepet praksisteori er på individnivå, og kvar enkelt person har sin eigne og særeigne praksisteori (Lauvås & Handal, 2000). Ein lærars praksisteori vil sei den personens eigen teoriar og oppfatningar om korleis læring bør vere (Lauvås & Handal, 2000). Kva praksisteori ein lærar har seier noko om kva kunnskapar, erfaringar og verdiar den personen har. Om ein då koplar praksisteorien til friluftsliv, så vil den vere avgjerande for kva oppfatningar og haldninga den læraren har til friluftsliv. Om den læraren har opparbeida seg haldninga om at friluftsliv er viktig og bør ha ein klar plass i kroppsøvingsfaget, så kan han/henne tolke læreplanen på ein måte der friluftslivet kjem tydeleg fram og bør prioriterast. Men om ein då i staden for har ein praksisteori der friluftsliv ikkje står så sterkt, så vil ein gjerne tolke læreplanen på ein heilt anna måte. Kanskje oppfattar ein ikkje friluftsliv som så viktig, kanskje velje ein å legge vekt på heilt andre aktivitetar innan kroppsøvingsfaget. Kva syn læraren har på undervisningsopplegg og kva han/henne meinar er viktig vil bli gjenspeila i den lokale læreplanen og utforming av undervisningsopplegg.

Lærarrolla er derfor viktig i forhold til korleis friluftsliv blir implementert i kroppsøvingsfaget. Kva kompetanse læraren har på det gitte feltet og kva ein burde ha er avhengig av korleis ein har valt å tolke det. Men om ein har mykje kompetanse, så kan det også verke inn på at ein tolkar det annleis enn om ein hadde hatt lite kompetanse. Ein lærar som har mykje kompetanse innan friluftsliv, vil kanskje tolke kompetansemåla innan friluftsliv på ein måte slik at det blir satt større krav enn berre å gå ein liten tur. Medan ein lærar som ikkje har så mykje kompetanse vil kanskje tolke det som at det ville vert nok. Kva aktivitetar ein velje å legge under friluftsliv emnet vil også bli påverka av læraren sin iver for det.

3. Metode

Dette kapittelet tar for seg dei vitskapelege forskingsmetodane som vart nytta i mitt prosjekt. Eg vil starte med å presentere dei ulike metodane, og kva vurderingar som blei gjort i forhold til kva metode som blei vurdert som best egna for mitt prosjekt. Vidare vil eg gå nærmare inn på korleis eg valte å bruke metoden i praksis. Eg vil gje ein presentasjon av utvalet og gangen i datainnsamlinga, for så å ta for meg korleis eg valte å analysere datamaterialet. Til slutt skriv eg om kva erfaringar eg har gjort meg ved dette prosjektet og metodekritikk, der både svakheitar og styrker ved dette prosjektet blir tatt opp. Kapittelet avsluttast med etikk og dei etiske vurderingar eg gjorde i forhold til dette prosjektet.

3.1 Metodiske vurderingar og val av metode

Ein skil gjerne mellom to ulike vitskapar, naturvitenskapen og samfunnsvitenskapen (Hassmén & Hassmén, 2008; Føllesdal, Walløe & Elster, 1996). Innan naturvitenskapen er ein ute etter å finne årsaka til ting, kvifor noko er slik og ikkje slik. Ein er på jakt etter dei kausale forklaringane, der ein finner forholdet mellom årsak og verknad. Ein meinar at det som skjer har ein årsak. Forholdet mellom årsak og verknad styrer alle materielle prosessar. Innan naturvitenskapen brukar ein gjerne positivismen og kvantitativ forsking (Hassmén & Hassmén, 2008). I samfunnsvitenskapen er ein på jakt etter å få ei forståing av det som skjer i ulike situasjonar. Ein kan sei at ein brukar ei føremålsforklaring i samfunnsvitenskapen (Føllesdal et al., 1996). Ein vil prøve å gje ei forklaring på kva føremålet med ulike ting og situasjonar er, og kva verknad det kan føre til. Eit døme på dette kan vere kvifor ein elev oppfører seg därleg i ein kroppsøvingstime og ikkje vil delta i undervisningsopplegget, og kva verknad denne oppførelsen gjev. Innan samfunnsvitenskapleg forsking, knytt ein ofte inn kvalitativ metode og hermeneutikken (Hassmén & Hassmén, 2008). Den kvalitative metoden er basert på teoriar om fortolking (hermeneutikk) og menneskelege erfaringar (fenomenologi) (Thagaard, 2009). Ein nyttar ulike metodar for systematisk innsamling, bearbeiding og til slutt analysering av datamaterialet. Datamaterialet kan vere både i form av observasjon, samtale, intervju eller skriftleg tekst. Ein vil med denne metoden prøve å finne det som ikkje nødvendigvis er det openlyse. Ved å analysere delar av datamaterialet, kan ein få ei djupare forståing av heilskapen. Målet er å studere meiningsinnhaldet i ulike sosiale fenomen, for å få ei forståing om korleis informanten sjølv opplever det. Ved bruk av

kvalitative forskingsmetodar kan ein få ei betre innsikt og forståing kring menneskes uttrykk, både i forhold til språk og handling (Thagaard, 2009). Språk kan vere både i skriftleg og munnleg form, t.d. via brev og andre tekstar og gjennom samtale og intervju. Handling kan vere alt frå korleis ein person oppfører seg i visse kontekstar til korleis ein reagerar i ulike situasjonar, ein persons adferd. Det er med andre ord forståing av ulike sosiale fenomen som står i fokus (Thagaard, 2009). Både språk og handling har ein meiningsdimensjon som krev ei god fortolking for at det skal kunne utviklast som vitskapeleg kunnskap. Kvalitative metodar er derfor godt egna i forsking der personlege og sensitive emne blir studert (Thagaard, 2009).

Kvalitativ forsking blir som tidlegare nemnt ofte kopla til samfunnsvitskap og hermeneutikken. Ved hermeneutisk metode brukar ein teori og fortolking for å skape ei forståing, spesielt ved å bruke den hermeneutiske sirkel (Hassmén & Hassmén, 2008; Holme & Solvang, 1996). Ein ser først på heilskapen og eins forståing av eit fenomen, for så å bryte ned materialet for å finne dei skjulte meiningane. Ein prøvar så å finne ein samanheng med heilskapen og gjere ei tolking. Dette vil vere gjeldande for mitt prosjekt, der eg vil sjå på delar av det som blir sagt, for så å sette det inn i ein samanheng.

Det er mange tilnærmingar til kvalitativ forsking, og problemstillinga er avgjerande for kva tilnærming ein nyttar i ein studie. Det kan blant anna vere narrative studiar, kasusstudiar, grounded theory-studiar, fenomenologiske studiar eller etnografiske studiar, men alle har eit feste i antropologi og etnografi (Erickson, 1986). For å forstå hermeneutikk på ein enkel måte, kan det forklarast som *"studiet av hva forståelse er og hvordan vi bør gå fram for å oppnå forståelse"* (Føllesdal et al., 1996, s. 107). Det som står sentralt er meiningstolkning, der ein leitar etter eit djupare meiningsinnhald enn det ein umiddelbart finne i datamaterialet. Med hermeneutikken vil ein også finne ut kva meining som ligger bak noko, t.d. kva som er meininga med ein persons måte å uttrykkje seg på, ein tekst, ein persons handling, eit bilet osv. Med den problemstillinga eg har valt, fell denne oppgåva innanfor samfunnsvitskapen.

Ein kan også sei at det innan vitskapen er to ulike tilnærmingar til forsking, deduktivismen og induktivismen (Hassmén & Hassmén, 2008). Deduktivismen er hovudsakeleg knytt til naturvitenskapen og kvantitativ forsking (Hassmén & Hassmén,

2008). Filosofen Popper meinte at forsking skulle starte med teori, for så ut i frå den lage hypotesar som blei testa ut (Hassmén & Hassmén, 2008). Ved deduktiv forsking brukar ein falsifikasjonismen. Der lagar ein hypotesar og falsifiserar dei, altso ein testar dei ut. Når det ikkje går ann å falsifisere hypotesen fleire gongar, kan ein sei at ein har funne det som per dags dato kan kallast for ei sanning. Denne måten å forske på blir gjerne kalla for den hypotetisk-deduktive metoden (HDM). Ein brukar hypotesar som blir bekrefta eller forkasta. I forhold til korleis konsekvensane av testinga passar både med den oppfatninga/erfaringa ein har og i forhold til problemstillinga (Føllesdal et al., 1996). Induktivismen er i motsetning til deduktivismen, knytt til samfunnsvitskapen og kvalitativ forsking (Hassmén & Hassmén, 2008). Ved induktiv forsking rettar ein fokuset mot enkeltobservasjonar, som ein studerar og trekker konklusjonar ut i frå det ein oppdagar. Det vil sei at ein går djupare inn i noko. Ein prøver å finne den konklusjonen som gjerne ved første blikk ikkje er den mest openlyse. Det blei tidlegare stilt ein del kritikk til denne måten å forske på (Thagard, 2009). Fordi sjølv om det ved enkelte observasjonar viste seg at noko var tilfelle, så vil ikkje det tilseie at det same vil skje ved andre observasjonar (Hassmén & Hassmén, 2008). Men i seinare tid er det blitt meir forståing og kunnskap kring denne typen forsking, og den er blitt meir akseptert (Thagard, 2009).

I følgje Chalmers (2011) er vitskap noko som er basert på fakta, og derfor kan kallast for ei sanning om noko. Men ein skal vere forsiktig med å sei at ein har funne sanninga om noko. Verda og vitskapen er heile tida under utvikling og endring, og teoriar blir testa ut på nye måtar. Ein kan sei at ein ”aldri” finner den endelege sanninga, men vi kan nærme oss og finne den ”foreløpige” sanninga. Meininga og innhaldet av noko kan tolkast både på ulike måtar og nivå, men må alltid tolkast i samanheng med det som det er ein del av. Ein må med andre ord sjå på dei ulike delane i lys av heilheta (Thagard, 2009). I dette prosjektet vil den hermeneutisk-fenomenologiske metodologien stå sentralt.

Om ein ser på humanvitskapen, så tar den for seg ulike humane fenomen og forklarar meininga med dei, og gjev ei forklaring på korleis menneske lever (Manen, 1997). I fenomenologien er ein opptatt av å finne strukturar i opplevde hendingar/situasjonar. Korleis ein person opplever ei hending eller ein viss situasjon og korleis dette kan påverke ein persons læring, er det ein er på jakt etter i fenomenologien (Manen, 1997).

Ein persons bevisstheit under slike opplevingar er det sentrale, og er ifølgje Manen (1997) det som forbinder ein person med verden. Korleis er det personen opplevar verda og korleis er det å vere akkurat denne personen. Innan hermeneutisk-fenomenologi finn vi ein humanvitskap som studerar menneske, og tar for seg det vi bør vete om verda for at vi skal kunne leve som menneske. Søken etter ei djupare forståing av kvardagslege hendingar, meininga med det, er det sentrale i denne type forsking (Manen, 1997).

For å svare på min problemstilling på best muleg måte, har eg vurdert kvalitativ metode for å vere den best egsna. Ved denne metoden er ein ikkje ute etter tall og verdiar, men det underliggende i ein tekst eller kva deltakarane meinar og føler kring ulike fenomen. Noko som eg er ute etter i dette prosjektet, der eg har slike spørsmål innanfor mi problemstilling. Døme på slike spørsmål er: kva lærarane meinar om friluftsliv og korleis friluftsliv blir framstilt i undervisninga.

3.2 Kvalitativ metode

Ved kvalitativ forsking er ein ute etter ei djupare forståing av ulike fenomen og sosiale prosessar. Ein belyser her spørsmål som kva, korleis og kvifor (Thagaard, 2009). Den sosiale verden er ikkje konstant, den er heile tida i endring. For at ein skal klare å finne ei djupare forståing, må ein ha ei evne der ein kan lese andre. *"Følsomhet overfor mennesker og det sosiale samspillet er et uomgjengelig krav til en kvalitativ forsker."* (Guðmundsdóttir, s. 15, 2011). Men som forskar er ikkje dette nok, ein må også kunne anvende teori. Ein må kunne bruke teori systematisk i både tolkingar og observasjonar (Guðmundsdóttir, 2011). Ein prøvar å skape ei forståing kring det datamateriale ein har (Patton, 2002), og finne ut kva informantane eigentleg meinar. Eg vil no gå nærmare inn på den kvalitative metoden som blir brukt i dette prosjektet, altso det kvalitative intervjuet.

3.2.1 Intervju som metode

Kvale og Brinkmann (s. 19, 2009) seier: *"hvis du vil vite hvordan folk oppfatter verden og livet sitt, hvorfor ikke spørre dem?"* Det som skilje eit forskingsintervju frå vanleg samtale, er at ein går djupare enn den spontane meiningsutvekslinga som skjer elles i kvardagen (Kvale & Brinkmann, 2009; Mason, 2002). Det er forskaren som styrer samtalet ved å bestemme dei tema ein skal innom, og stille oppfølgingsspørsmål ut i frå det informanten svarar. Ut i frå dette kan ein få ei innsikt i informantens verden, prøve å

forstå ting ut i frå hans/hennes ståstad. Ein vil prøve å få fram den personens meningar og opplevingar av det som skjer i verda (Kvale & Brinkmann, 2009). Ut i frå eit fenomenologisk hermeneutisk perspektiv, så har eg valt kvalitativt intervju som den best egna metoden, til å svare på min problemstilling og mine spørsmål.

3.3 Tematisering av intervjuprosjektet

Den første delen i intervjuprosessen er å tematisere intervjuprosjektet, klargjere kva ein vil finne ut. Eg har i dette prosjektet valt å forske på friluftsliv i skulen. Friluftsliv er noko som eg sjølv er engasjert innan og eg meinat at det er viktig form for aktivitet i skulen. Det er mykje ein kunne forska på innan dette temaet. Friluftsliv er mykje omdiskutert som kor vidt ein skal legge vekt på det, og kva ein eigentleg skal gjere av friluftslivsaktivitetar. Sidan eg sjølv har eit ønske om å jobbe med kroppsøving i skulen, så valte eg å sette fokuset på korleis lærarar og rektorar ønske og trur at friluftsliv blir framstilt og praktisert i skulen. Eg var derfor på jakt etter lærarane og rektorane sine personlege meningar om akkurat dette.

3.3.1 Presentasjon av utvalet

Eg er interessert i å finne ut meir om friluftsliv i skulen, det var derfor naturleg å rette fokuset mot skulane for å finne informantar som kunne delta i dette prosjektet. Eg valte å gå ut i frå eit lærar- og rektorperspektiv, og ikkje elevperspektiv for å finne svar på mine spørsmål. Grunnen til det var at eg var interessert i å finne ut korleis friluftsliv blir framstilt og holdningar til at friluftsliv er ein del av skulen. Det var derfor naturleg å rette fokuset mot lærarane og rektorane, og ikkje elevane ved mitt utval av informantar. Sidan eg var interessert i å finne ut kva plass friluftsliv eigentleg hadde på ulike skular, var det også naturleg å ta med rektor i mitt utval. Rektorane kan ofte ha innverknad på kva skulen skal ha fokus på, og det var derfor interessant å høyre kva også desse ville meine om det eg var på jakt etter.

Ved valet av kva skular eg skulle bruke i prosjektet, valte eg å bruke metoden strategisk utval. Ved strategisk utval velje (i forskjelleg grad) forskaren sjølv ut kven han/ho vil bruke som informantar (Patton, 2002; Thagaard, 2009). I motsetning til tilfeldig utval, så kan ein på denne måten ha meir kontroll over at utvalet på best muleg måte passar inn i det ein vil forske på, slik at datamaterialet best muleg kan svare på eins problemstilling.

Sidan eg sjølv har lyst til å jobbe innan den vidaregåande skulen, og derfor er veldig interessert i korleis friluftsliv er der, valte eg å berre sjå på vidaregåande skular i mitt prosjekt. Innan strategisk utval valte eg metoden "*intensity sampling*" (Patton, 2002, s. 234) når eg skulle velje skular. Dette er ein metode der ein velje informantar ut i frå kva forskjellar det er mellom dei. I mitt tilfelle var det ressursar og geografisk plassering som var interessant. Korleis ulike ressursar, som naturomgivnadar, økonomi og utstyr, kan ha innverknad på friluftsliv sin plass i skulen, og korleis det blir framstilt i skulen, var noko eg ville ta tak i. For å finne ut om tilgjengelegheit på ressursar var av betyding, valte eg å ta for meg to ulike skular som skulle ligge ulikt geografisk plassert. Eg valte derfor å finne ein byskule og ein distriktskule. Byskulen låg på Austlandet med lite naturressursar i nærmiljøet, medan distriktskulen fant eg på Vestlandet med mykje og varierte naturressursar i nærmiljøet. Ved å gjere det så kunne eg sikre meg at eg ville få forskjellege skular, slik at moglegheita for at eg fekk resultat som eg kunne bruke i min diskusjon blei best muleg.

Ved kvar skule ville eg intervjuje både rektor og lærarar, der eg valte å ta for meg to lærarar. Eg valte to lærarar på kvar skule fordi det ville gje eit større datamateriale. Ved at eg då ville få fleire svar på det eg lurte på, så kunne det gje ein større bredde i resultata. Eg ville ikkje sjølv velje ut kva lærarar som skulle delta i prosjektet, den avgjeringa gav eg til dei skulane eg hadde valt ut. Her valte eg metoden "*criterion sampling*" (Patton, 2002, s. 238) for å finne dei lærarane eg ønskte som informantar. Ved denne metoden så lagar ein nokre kriterium som informantane må oppfylle for å vere ein del av utvalet (Patton, 2002). Dei kriteria eg valte å ha med var at lærarane måtte vere eller ha erfaring som kroppsøvingslærar, og han/ho skulle vere ansvarleg/eller delansvarleg for friluftslivundervisninga på den enkelte skulen.

Utvalet ved byskulen bestod til slutt av ein mannleg rektor (rektor 1) i slutten av 40-åra og to kvinnelege lærarar, ei i midten av 30-åra (lærar 1) og ei starten av 40-åra (lærar 2). Utvalet ved distriktskulen bestod av ein mannleg rektor (rektor 2) i midten av 50-åra, ei kvinneleg lærar (lærar 3) i midten av 50-åra og ein mannleg lærar (lærar 4) i slutten av 50-åra.

Eg oppretta kontakt med dei utvalte skulane per e-post til den aktuelle rektoren, der eg gav ei kort forklaring om prosjektet mitt og spørsmål om det var interesse for å delta.

Etter å ha fått samtykkje om deltaking frå begge skulane, fekk eg også tildelt info om dei som skulle delta. Eg sendte då eit litt meir omfatta skriv (sjå vedlegg 3) til både rektorane og dei aktuelle lærarane på kvar skule, med ein meir detaljert info om sjølve prosjektet og korleis intervjuva ville gå føre. I tillegg blei det avtalt når kvart enkelt intervju skulle gjennomførast. Det blei gjort etter informantane sine ynskjer, slik at det skulle passe best muleg inn i deira planar.

3.4 Utvikling av intervjuguide

I dette prosjektet valte eg å bruke ei semistrukturert tilnærming ved utforming av intervjet. Eit semistrukturert intervju kan enkelt forklaraast som eit intervju der forskaren har bestemte tema, utforma som ein intervjuguide, som han/ho vil innom i løpet av intervjet (Mason, 2002; Thagaard, 2009). Sjølv om ein har bestemt tema på førehand, så treng ein ikkje å følgje dei i ei bestemt rekkefølgje, men kan ta det som er naturleg ut i frå dei svara informanten kjem med i løpet av intervjet. På den måten sikrar forskaren å få svar innan dei tema som han/ho er interessert i, og det skapar store rom for oppfølgingsspørsmål. Samtidig så vil forskaren også vere open for nye interessante tema som informanten kan komme med, sidan ein ikkje er avhengig av å følgje ei bestemt rekkefølgje på spørsmåla. Eg valte denne utforminga som best eigna til mitt prosjekt, fordi eg ved ein slik utforming kunne få ei økt forståing kring informantens meningar og synspunkt (Kvale & Brinkmann, 2009). Samtidig som eg sikra å vere innom dei tema som var viktig for mi problemstilling, og kunne samanlikne svar mellom informantane.

3.4.1 Intervjuguiden

Sidan eg hadde valt å bruke eit semistrukturert intervju, så ville eg lage ein intervjuguide som skulle fungere som eit hjelpemiddel under intervjeta. På den måten så hadde eg noko å forholde meg til, slik at det ikkje var tema som eg gløymde å spørje om. Ved utforming av intervjuguiden (sjå vedlegg 4 og 5), starta eg med å skrive ned ulike spørsmål som kunna svare på mi problemstilling. Deretter prøvde eg å dele desse spørsmåla inn i ulike tema. Etter mykje vurdering av kva tema eg ville fokusere på og kor mykje tid eg skulle bruke på kvart intervju, enda eg opp med fem ulike tema og ei tidsramme på ca ein time per intervju. Tidsramma blei satt med tanke på omfanget av transkriberingsarbeid og antall informantar. Dei fem tema bestod av:

1. Informanten: spørsmål om informantens bakgrunn.
2. Forståing av friluftslivomgrepet: spørsmål om korleis informant tolkar omgrepet: spørsmål om kva han/ho legger i det og hans/hennes friluftslivvanar.
3. Haldningar til friluftsliv på denne skulen: spørsmål om friluftsliv på den aktuelle skulen og oppfatningar og meiningar informanten hedde kring det.
4. Læreplanar: spørsmål om kva læreplan som blir følgt, korleis friluftsliv blir vekta og friluftsliv sin plass i planen.
5. Planlegging og gjennomføring av friluftsliv i kroppsøvingsfaget: spørsmål om retningslinjer på emnet, kva aktivitetar bør vere med, kva tidsrammer ein må forholde seg til, omsyn til elevanes etniske og kulturelle bakgrunn, kva aktivitetar blir gjennomført, kvifor desse aktivitetane og kva ressursar ein har/ikkje har.

I tillegg til desse fem så valte eg også å ha med ein introduksjonsdel, der eg forklarte at det var frivilleg, at dei kunne trekke seg når som helst om det var ønske og at datamaterialet ville bli anonymisert. Eg gav også informasjon om at eg ville bruke diktafon, og at lydfilene ville bli sletta etter prosjektet var fullført. Som avslutning på intervjuet la eg inn ein eigen avslutningsdel. Der tok eg opp dei viktigaste punkta og spurte litt om korleis informanten trudde det var på andre skular. Eg gav også informasjon om at den transkriberte versjonen av intervjuet ville bli tilsendt informanten. Informanten kunne sjølv lese igjennom, og gje tilbakemelding om det var noko han/ho ville endre på eller legge til.

Rekkefølgja på tema bestemte eg ut i frå kva eg sjølv syntes var best. Eg gjekk ut i frå kva tema som var naturleg å ta etter kvarandre. Slik blei det ein naturleg overgang og progresjon mellom kvart tema. Intervjuguiden skal vere eit verktøy for forskaren, oppsettet må derfor vere tilpassa slik forskaren ynskjer (Kvale & Brinkmann, 2009). Eg valte på bakgrunn av det, eit oppsett som var oversiktleg og forståeleg for meg.

Ved utvalet av tema og underspørsmål, hadde eg nokre sjekkpunkt som eg gjekk gjennom ved kvart tema og spørsmål. Desse sjekkpunkta var: Kvifor vil eg ha svar på dette, kan informanten svare på dette og er dette relevant til min problemstilling. Ut i frå dette, valte eg å utarbeide to intervjuguidar. Ein for rektorane og ein for lærarane. Tema var like, men utforminga av spørsmåla var tilpassa den som skulle svare. Etter gjennomførte pilotintervju, blei det gjort nokre endringar i intervjuguidane, som vil bli omtalt i kapittel 3.4.2.

Ved å utarbeide intervjuguidane, fekk eg tenkt nøye igjennom kva tema eg ville belyse i intervju, slik at det svarte på min problemstilling. Det var eit tidkrevjande arbeid, men til gjengjeld fekk eg tenkt nøye igjennom kva føremålet med prosjektet skulle vere og eg var sikker på dei tema eg valte ut.

3.4.2 Pilotintervju

For at eit intervju skal bli så bra som muleg, så kan pilotintervju vere eit godt hjelphemiddel. Eit pilotintervju vil sei at ein gjennomfører intervju med ein eller fleire personar før ein har dei intervju som skal vere med i datamaterialet (Mason, 2002). Eit slikt intervju kan vere av kven som helst, men det er ein fordel at han/ho er så lik utvalet som muleg. Ved å gjennomføre pilotintervju, kan ein trena opp sine ferdigheitar som forskar og intervjuar. Om ein då velje personar som er like utvalet, så får ein i tillegg testa innhaldet i intervjuguiden. Dei personane kan gje tilbakemeldingar både på deg som intervjuar og på dei tema og spørsmål du tar opp. Ut i frå dei erfaringane ein får via pilotintervju, så kan ein velje å endre sin intervjuguide og ein kan bli tryggare på seg sjølv i rolla som intervjuar (Kvale, 1997; Mason, 2002).

Før eg starta intervju av informantane, gjennomførte eg pilotintervju med personar som var lik utvalet, og fekk til saman gjennomført 4 pilotintervju. Det første pilotintervjuet var av ein medstudent, som tidlegare har jobba som lærar. Målet med dette intervjuet var å teste intervjuguiden og rolla som forskar. Dei to påfølgande pilotintervjuva var av to lærarar. Den eine jobba på barneskulen og den andre på vidaregåande skule. Begge hadde eit delansvar for kroppsøvingsfaget og friluftslivundervisninga. I tillegg hadde eg også eit pilotintervju med ein rektor på ein ungdomskule. Alle intervjuva gjekk veldig bra, og intervjuguidane fungerte som dei skulle. Eg blei overraska over kor lite avhengig eg var av den, noko som kunne tyde på at eg var trygg på tema og dei spørsmål som var relevant for problemstillinga. Ingen av intervjuva blei heilt like, dei varierte både med tanke på varigheit, kva som blei snakka mest om og kva rekkefølgje tema blei tatt opp. Eg opplevde pilotintervjuva som situasjonar der eg fekk veldig god læring. Eg fekk mulegheit til å bli trygg på intervjuguidane og ikkje minst mi rolle som forskar og intervjuar, noko som var heilt nytt for meg. Eg fekk bekrefta at tema passa bra, men eg endra litt på rekkefølgja av enkelte spørsmål og la til nokre ekstra oppfølgingsspørsmål. Nokre spørsmål som eg hadde tenkt å starte ulike tema med, fekk eg via pilotintervjuva eit inntrykk av at var for

vanskelege å svare på. Eg valte derfor å legge meir opne og enklare spørsmål i starten av kvart tema, og hadde såleis ein naturleg progresjon i spørsmåla.

3.5 Gjennomføring av intervjua

Intervjua vart gjennomført på den skulen læraren/rektoren jobbar, enten i eit grupperom eller eit møterom. Eg ønskte at dei skulle vere på ein trygg arena, og ikkje skape store endringar i jobbkvarden deira. For at eg kunne ha full konsentrasjon på informanten og samtalen, valte eg å bruke diktafon til å ta opp intervjuet, og som eg informerte om i starten av intervjuet. Det var ingen som sa nei til dette. Varigheita på intervjuha hadde hovudsakleg ein variasjon frå 40 minutt til 1 time og 25 minutt, men eit intervju varte opp mot 2 timer. Til kvart intervju hadde eg med både LK06 og revidert læreplan. Dette viste seg å vere nyttig, da nokre av informantane ikkje hadde så god oversikt over det som stod om friluftslivemnet. Eg starta alle intervjuha ved å gå igjennom samtykkeerklæringa og ei kjapp oppsummering av føremålet med prosjektet. I følgje Kvale (1997) så er det viktig at ein opprettar ein god dynamikk i intervjuasjoner. Derfor valte eg å gje litt kort informasjon i starten, slik at informanten skulle føle seg trygg i situasjonen.

3.6 Transkribering og analyse

Etter at alle intervjuha var gjennomført blei dei transkribert, det vil sei at intervjuha blei gjort om til skriftleg form. Dette valte eg å gjere sjølv, og på den måten fekk eg satt meg godt inn i datamaterialet. Kor ordrett transkriberinga skal vere, er avhengig av korleis det skal brukast (Kvale 1997). For at det skulle vere enkelt å sjå samanheng og mening i dei transkriberte tekstane, valte eg derfor å gjere enkle redigeringar. Dette ved å ta vekk pausar og nølande utsegn der det var nødvendig, utan at den opphavlege meiningsa forsvann.

Analyseprosessen startar allereie under sjølve intervjuet. Eg som intervjuar gjorde heile tida tolkingar og analyser av det som blei sagt. Som resulterar i oppfølgingsspørsmål og belysning av nye interessante og relevante tema som dukka opp (Kvale, 1997). Analyseprosessen fortsettar så inn i transkriberingsprosessen og vidare til ”hovudanalysen” der eg tok føre meg dei ferdig transkriberte intervjuha. Ved kvalitativ metode blir det som tidlegare nemnt (sjå kapittel 3.1), ofte brukt den hermeneutiske sirkel. Der ser ein først på heilskapen, for så å bryte datamaterialet opp i fleire delar og

for så å sjå på heilskapen igjen. Ved å gjennomføre transkribering av alle intervjua, gjorde eg meg ei forståing og meinung kring datamaterialet som ein heilskap. Men for å få ei djupare forståing valte eg å sjå nærmare på aktuelle sitat og dele det inn i aktuelle kategoriar. Dei ulike kategoriane var: kva er friluftsliv, friluftsliv i læreplanen, ressurs og geografiske forskjellar, praktisering av friluftsliv i skulekvardagen, friluftsliv sin plass i skulen og kva bidreg min forsking til. For å gjere det både enklare og meir oversiktlegr i denne prosessen, valte eg å ta i bruk analyseprogrammet Maxqda versjon 10. Ved å bruke dette programmet ordna eg alle aktuelle sitat inn under dei ulike kategoriane. På den måten kunne eg ta for meg ein og ein kategori, og studere dei ulike sitata opp mot kvarandre. Eg fekk dermed ei djupare forståing av det informantane sa, og eg fekk tolka det på eit djupare nivå. Ved å ta for meg alle sitata under ein kategori, fekk eg ei betre forståing av kva dei ulike informantane ville fram til, og kva motsetningar det var mellom dei. For å sikre meg at eg hadde forstått sitata riktig, las eg dei aktuelle sitata i den transkriberte teksten som ein heilskap. På den måten fekk eg ei grundig tolking av datamaterialet.

Presentasjonen av sitat vil bli gitt på nynorsk. Dette for at anonymiteten skal bevarast best muleg. Informantane hadde ulike dialektar, med særeigne ord, som gjorde at anonymiteten kunne vere vanskelg å oppretthalde. Stadnamn og namn der skulens beliggenheit kan bli avslørt, vil bli erstatta med forklarande ord slik at leser skal skjønne kva det er snakk om. Dette blir marker med [stadnamn fjerna].

Informantane blir presentert med eigne prosjektnamn. Informantane ved byskulen blir presentert som lærar 1, lærar 2 og rektor 1. Informantane ved distriktskulen blir presentert som lærar 3, lærar 4 og rektor 2. Informantane vil bli presentert med riktig kjønn. Dette har eg valt på bakgrunn av at det for diskusjonen og vidare forsking, kan vere relevant å vete kva kjønn dei ulike informantane har.

3.7 Validitet og reliabilitet

Validiteten seier noko om kor vidt ein svarar på det ein skal finne ut av (Grønmo, 2004). I kor stor grad det ein finner ut svarer til problemstillinga. Arbeidet med å oppretthalde validiteten føregjekk gjennom heile forskingsprosessen. Reliabilitet seier noko om kor påliteleg eit prosjekt er, og blir ofte knytt meir til kvantitative undersøkingar der ein ofte brukar meir standardiserte måleinstrument, enn til kvalitative

undersøkingar (Mason, 2002). For at eit prosjekt skal vere påliteleg, skal ein kunne gjenta datainnsamlinga og få dei same resultata (Grønmo, 2004). I dette prosjektet er det gjennomføringa av intervjua og databehandlinga som avgjer reliabiliteten.

For å ha ein god validitet i dette prosjektet var det viktig å velje ein metode som kunne svare på min problemstilling. Det var derfor viktig å tenkje nøye igjennom kva metode som passar best. Ut i frå at eg ville undersøkje kroppsøvingslærarar og rektorer sin forståing og meningar, vurderte eg derfor kvalitativ forskingsintervju som den best eigna metoden til å svare på problemstillinga. Ved denne metoden kan forskaren sine erfaringar som intervjuar vere avgjerande for validiteten på datamaterialet (Grønmo, 2004). Ein god intervjuguide var derfor viktig. På bakgrunn av dette valte eg å gjennomføre pilotintervju. Ved å gjennomføre fleire pilotintervju blei eg oppmerksam på svakheitar ved intervjuguiden. Dette førte til at eg kunne gjere nødvendige endringar i intervjuguiden, slik at datamaterialet skulle svare til problemstillinga. I tillegg til dette gav pilotintervju god trening i intervjustituasjonen, noko som styrkar både validiteten og reliabiliteten til prosjektet.

Måten eg stiller spørsmåla kan påverke informantenes svar. For at ikkje min bakgrunn skulle verke inn på mitt datamateriale, var det viktig å stille spørsmål som ikkje var ledande. Informanten må føle seg trygg på det ein skal snakke om, og svare det han/ho føler for og ikkje det som blir antatt som forskaren sitt ønske. Eg var derfor opptatt av at det var informantane som skulle snakke mest muleg. Eg brukte oppfølgingsspørsmål som ”kvifor trur du det?” og ”kan du forklare det litt nærmare?”, slik at informanten skulle få mulegheit til å få fram det han/ho verkeleg meinte. Men ved transkriberingsprosessen kom det ved nokre få tilfeller fram at eg som uerfaren intervjuar kan ha påverka svara, i den retning at informanten kan ha svart det han/ho trudde var riktig. For at det ikkje skulle verke inn på prosjektets reliabilitet, blei desse sitata unnlate i tolkinga.

I kor stor grad forskarens bakgrunn og før-forståing kan ha påverka intervjustituasjonen og analyseprosessen, vil vere eit stort diskusjonsområde for prosjektets validitet og reliabilitet (Grønmo, 2004; Patton, 2002). Men ut i frå at eg var oppmerksam på dette både under intervjustituasjonen og ved tolkinga, så meinar eg at det kan styrke både validiteten og reliabiliteten. Ved å bruke analyseprogrammet Maxqda, fekk eg eit godt

system på datamaterialet. Eg fekk ein god oversikt over sitata ved å legge dei i ulike kategoriar, noko som førte til at det var enklare å fokusere på det som var aktuelt i forhold til min problemstilling. Bruken av dette programmet ser eg derfor på som ein styrke for prosjektet.

Alle informantane fekk tilsendt sitt ferdig transkriberte intervju. Informantane fekk på den måten mulegheit til å lese igjennom det som er blitt sagt i sin heilskap. Dei hadde også mulegheit til å informere meg om det var sitat dei ikkje ville skulle bli tatt med i det ferdige prosjektet. Eg fekk ingen tilbakemeldingar der informanten ønskte å endre noko. Noko som kan tyde på at dei kjende seg igjen i det som var sagt og reliabiliteten var godt ivaretatt.

3.8 Etiske retningslinjer

Å halde fokus på etiske aspekt er alltid viktig ved eit forskingsprosjekt. For at mitt prosjekt skulle tilfredsstille etiske reglar, måtte eg ha fokus på personvern og følgje etiske retningslinjer. Alt av data er derfor anonymisert. Kvar informant fekk tildelt eit prosjektnamn. Dette namnet skulle ikkje kunne koplast tilbake til den enkelte person. Datamaterialet som høyrte til den enkelte informant, fekk det same prosjektnamnet som informanten. For at eg skulle halde styr på kven som var kven, lagde eg ei liste med namn og relevant info og kva prosjektnamn den informanten hadde fått. Rådata og denne lista blei oppbevart på ein trygg plass, separat frå dei transkriberte dokumenta med prosjektnamn. All datamateriale vil etter at prosjektet er ferdig, bli sletta.

Eg informerte informantane om at deltakinga skulle vere anonym, og at resultata ikkje skulle kunne koplast tilbake til verken person eller skule. Både personnamn og stadnamn blei tatt bort ved transkribering. I tillegg til munnleg godkjenning frå informantane, skreiv dei også under på ei samtykkeerklæring (sjå vedlegg 2). Dette for å vise at dei har forstått prosjektets hensikt, og var klar over mulege konsekvensar og at det var mulegheit for å trekke seg undervegs i prosjektet også.

For å kunne gjennomføre prosjektet måtte eg få tillating frå Norsk Samfunnsvitenskapelige Datatjeneste (NSD), ved å sende søknad (sjå vedlegg nr 1), der eg gav ei forklaring på kva prosjektet skulle omhandle og korleis forskingsprosessen ville gå føre seg.

Det blei i forkant av prosjektet vurdert mulege etiske problemstillingar som kunne dukke opp. Ei mulege etisk problemstilling som kunne oppstå, var at intervjuet kunne bli for personlege. Eg måtte derfor tenkje nøye igjennom kva spørsmål eg stilte i intervjuet. Spørsmåla skulle verken vere støytande for informanten, eller for personlege. Alle spørsmål måtte halde seg innanfor ei rimeleg grense for tema. Informanten skulle når som helst ha mulegheit til å kunne trekke seg, om han/ho ikkje er komfortabel med prosjektet. Utan å måtte gje noko grunn for valet. Ved transkriberinga av intervjuet måtte eg også vere nøye med at alt av utsegn som kunne identifisere informanten, ikkje måtte takast med. Kva resultat og sitat som blei lagt fram, måtte eg også tenkje nøye igjennom, for ikkje å gje eit missvisande bilet av det informanten sa, eller ha med noko som han/ho ikkje ville kjent seg igjen i.

4. Resultat og diskusjon

Eg vil i dette kapitelet presentere dei funna eg ser på som relevante i forhold til mi problemstilling, og som kom fram i intervjuet. Eg har valt å presentere resultat og diskusjon som eit samla kapittel. Grunnen til det er at det skal vere enklare å sjå ein samanheng mellom resultat og drøfting. For at det skal bli oversiktleg har eg valt å dele mine funn i ulike kategoriar. Med utgangspunkt i intervjuguidane (sjå vedlegg 4 og 5) valte eg å dele det inn i tre kategoriar. Den første er: kva er friluftsliv? Her tar eg for meg friluftsliv generelt. Kva forståing og meininger mine informantar har kring friluftslivomgrepet, og kva friluftsliv er for dei. Den andre kategorien er: friluftsliv i eit skuleperspektiv. Der koplar eg friluftslivomgrepet til skulen, kva seier mine informantar om friluftsliv i skulen. Kva seier dei om friluftsliv sin plass i læreplanen. Den siste kategorien er: er ressursar og geografisk plassering av betyding? Der eg tar for meg det informantane seier om ressursar kopla til friluftslivemnet. Om det er noko som er til hinder for friluftslivundervisninga og eventuelt kvifor det er slik.

4.1 **Bærtur eller skydiving - Kva er friluftsliv?**

Friluftsliv er eit omgrep som folk oppfattar ulikt (sjå kapittel 2.1.1). Ved å analysere mine intervju fant eg ut at også mellom mine informantar, var det ulik oppfatning kring omgrepet. Noko som går igjen blant mine informantar er det enkle liv. Friluftsliv treng ikkje nødvendigvis å vere det mest ekstreme, men heller det å komme seg ut og nyte det naturen har å by på. Denne forståinga for friluftslivomgrepet kan ein samanlikne med Fridtjof Nansen sitt syn på friluftsliv (sjå kapittel 2.1.2). Også han var opptatt av det enkle liv, der det var sjølve naturen som skulle stå i fokus. Ein skulle lære naturen å kjenne og sette pris på det naturen hadde å by på. Friluftslivaktivitetane skulle ikkje vere prega av for mykje modernisering og ein skulle ikkje vere avhengig av for mykje utstyr. Det skulle vere enkelt. Denne forståinga kjem tydeleg fram i eit sitat frå ein av rektorane:

"Nei alto for meg so har friluftslivomgrepet alltid vert, det er og det kjem til å vere det enkle liv i naturen. Også er eg veldig opptatt av at det ikkje skal vere for mykje prega av teknikk, tekniske ting... ikkje for mykje komplisert, at det ikkje skal bli for mykje utstyr og at ikkje det er den

delen av friluftsliv som skal få dominere og øydelegge for det som eg meinar er det sentrale, det enkle liv” (Rektor 2).

Det er her interessant å sjå at friluftsliv forstått som det enkle liv, var så uforandra etter meir enn hundre år. Friluftsliv er etter den offentlege definisjonen frivilleg aktivitet som går føre i friluft, i tillegg skal det vere aktivitet som ikkje er prega av konkurranse eller motorisering (sjå kapittel 2.1.1). Definisjonen gjev ingen klare linjer på kva friluftsliv eigentleg er og kva aktivitet som reknast som ein friluftslivaktivitet. Når ein seier at friluftsliv ikkje skal vere motorisert så kan ein stille spørsmål ved kva ein meinar ved motorisert. Vil det sei alt av køyretøy og verktøy som er motorisert? Om det er tilfelle kan ikkje fisking frå småbåt med påhengsmotor definerast som friluftsliv. Men kva om ein skiftar ut motoren med årer, er det då friluftsliv? Og kva blir eigentleg forskjellen på desse to aktivitetane? Ein vil jo kanskje ha like mykje, og same glede av å reise ut på fjorden å fiske uansett kva ein velje å bruke. Dermed er det mykje opp til kvar enkelt korleis ein velje å definere friluftslivomgrepet. Det kan vere den typiske søndagsturen til dei litt meir ekstreme turane med overnatting ute i naturen. Det kan gå føre seg til alle årets tider og i ulikt terreng. Aktivitetar kan vere alt ifrå bærplukking, fjelltur, kajakkpadling eller berre ein liten gåtur. Det er avgjerande er korleis kvar enkelt person forstår og tolkar friluftslivomgrepet.

Enkelheita ser vi også i eit sitat frå ein av lærarane: ”*Når friluftslivet blir utstyrshysteri, eller kva eg skal seie, so går det utanfor det som eg meinar på ein måte er det tradisjonelle friluftslivet*” (Lærar 3). Det blir beskrive her at friluftsliv bør vere enkelt, det skal ikkje vere prega av utstyr eller at ein må lære mykje teknikk. Ein skal kunne nyte naturen slik den er, i staden for å bruke tid og krefter på utstyr. Slik eg tolkar det, meinar dei at om ein brukar mykje moderne utstyr, vil dette sette sjølve naturen og naturopplevinga i skuggen. Den aktiviteten som utstyret skapar blir då i sentrum, og ikkje det å vere ute i naturen. Ein gløymer å sette pris på dei opplevingane naturen kan gje oss akkurat som den er.

Friluftslivomgrepet kan omhandle alt frå det enklaste til det meir ekstreme. Eg ser i mine funn at det er litt usemje blant informantane om kva som kan kallast friluftsliv. Dei er usemje om kvar grensa går for kva som er friluftsliv og som ikkje er det. Spesielt gjeld det i forhold til når vi kan kalte ein gitt aktivitet for friluftsliv eller berre ein

”vanleg” aktivitet. Det er usemje i forhold til kor langt vekk ein må ifrå byen og det ”vanlege” livet for at ein kan kalle det for friluftsliv. Slik eg tolkar både rektor 1, rektor 2, lærar 3 og lærar 4, så meinar dei at det å gå i ein park ikkje kan kallast for friluftsliv. Ein må lenger vekk og ut, der omgjevnadane er naturlege og ikkje er tillaga eller prega av oss menneske. Lærar 1 og lærar 2 meinar derimot at eigentleg kan friluftsliv vere nesten kva som helst slags aktivitet, så lenge det er ute i friluft. Og dermed kan ein også rekne ein tur i parken som friluftsliv, ut i frå deira oppfatning.

”Det rommar så masse, friluftsliv. Vi har jo på ein måte nærfriluftsliv, det ein kan gjere her. Alt frå byorientering til å ta dei med ut på nærområde med skog og strand [stadnamn fjerna] ein tur. Til det meir tradisjonelle friluftsliv som ein kan ha i marka eller på fjellet. Så det rommar ganske mykje, det kan jo kategoriserast i ulike retningar. Men sjølv sagt grunnpilarane i friluftsliv, det er jo å vere ute, det vil eg sei er det viktigaste i friluftsliv. At ein er ute og driver ein eller anna form for aktivitet utandørs” (Lærar 1).

Det bør nemnast at desse to lærarane sa at om det same spørsmålet hadde blitt spurta nokre år tidlegare, hadde dei mest sannsynleg svart annleis. Dei seier at dei har fått eit litt annleis syn som resultat av jobberfaring. Noko som også Templin og Schempp (1989) finner i sin forsking om kroppsøvingslærarrolla. Som dette sitatet frå lærar 2 også viser:

”Det har nok forandra seg litt. Kanskje når du kjem frå ei bygd til du flyttar til byen, så forandra det seg. Viss du hadde spurta meg når eg var tjue år, så hadde eg nok hatt eit heilt anna syn på det, enn eg har i dag. Men slik som eg ser på det i dag så er det jo å bruke, vertfall når vi er ein byskule, så er det faktisk å bruke parkar og område rundt. Der det er litt grønt og tre og sånt...å trille med rullestol ned til båthamna for å sjå på båtane og sjå utover vatnet. Det og vil jo også kunne vere friluftsliv. Men slik som eg hadde det før så vil det jo sei å vere ute i skog og mark. Minst muleg folk, og det er stille og roleg rundt. Men det omgrepet blir jo berre utvida etter erfaring” (Lærar 2).

Slik eg tolkar lærar 1 og 2, så hevdar dei at det ikkje alltid er så enkelt å komme seg ut i den uberørte naturen. Ein må dermed dra nytte av det som er i nærområdet. Parkar, hamner og grøntområde blir då gode alternativ. Når ein ikkje har mulegheit til å reise ut i naturen og drive friluftsliv, meinar dei to lærarane at aktivitet gjort på slike områder også kan kallast for friluftsliv. Sjølv om det ikkje er ute i den ”frie naturen”, så kan det reknast som friluftsliv.

Her kjem diskusjonen kring friluft inn (sjå kapittel 2.1.1). Kan all aktivitet som blir gjort i friluft kallast for friluftsliv? Og kva er eigentleg friluft? Kvar finner vi friluft? Lærar 1 og 2 heller mot at nesten all aktivitet gjort i friluft kan kallast for friluftsliv. Og at friluft kan finnast nesten over alt. Ein kan spørje seg om dette er noko som dei har lært seg å akseptere, igjennom dei stadane dei har jobba. Er det tilfeldig at dessa lærarane tilhøyrer ein byskule som ligger plassert i sentrum? Er det slik at det synet ein har på ting vil forandre seg ut i frå kvar ein jobbar og kva erfaringar ein har? Eg vil tru at ein blir påverka av det som er rundt ein. Om ein jobbar ein plass der det kan vere vanskeleg å gjennomføre friluftsliv og ein dermed velje å legge lista lågt, blir resultatet at friluftsliv kan vere så mangt. Ein breiar ut definisjonen. Bourdieu (Wilken, 2008) snakkar om omgrepet habitus, som omfattar det ein person har med seg i ”bagasjen”. Ein persons habitus kan forklaras som ein persons måte å være og oppføre seg på, måten ein tenker på og kva sosiale lag ein er knytt til. Habitussen er dermed eit resultat av kva ein er interessert i og kva holdningar ein har til ulike ting. Den er noko som følgjer deg heile vegen og blir påverka og endre ut i frå dei situasjonane ein er i gjennom livet. Ein persons habitus er derfor noko som heile tida vil vere i utvikling, og som kan endre seg med tida (Wilken, 2008). Ein kroppsøvingslærar vil kanskje derfor bli meir open for forandringar og er villeg til å endre sitt syn på ulike ting ut i frå kva habitus ein har. Dei to bylærarane sin haldning til friluftsliv kan vere eit døme på at det er slik.

Den bakgrunnen ein har, påverkar kva syn og oppfatting ein har kring ulike omgrep. Og vil vere ein viktig faktor på kva syn ein har kring friluftslivomgrepet. Ein vil kanskje bli påverka av kva ein er vant til gjennom oppveksten og kva ein blir presentert for på ulike arenaer. Dei verdiar og normer ein veks opp med, er gjerne dei ein tar med seg også vidare i livet (Ommundsen, 1995). For dei som har ein oppvekst som er prega av friluftsliv, vil det truleg vere naturleg å ta del i friluftsliv som voksen dersom ein har vakse opp med det. Korleis ein oppfattar sjølve friluftslivomgrepet vil dermed også vere

prega av det ein har blitt presentert for i barndommen. Kvar ein kjem i frå og kva aktivitetar som var mest nytta, kan vere av betyding i ein lærars val av undervisningsopplegg. I følgje Ommundsen (1995) er det slik. Han meinar at kroppsøvingslærarane som regel brukar sine eigne interesser og erfaringar som utgangspunkt for undervisning i kroppsøvingsfaget. Det vil altså sei at om ein har vekst opp i ein friluftslivtradisjon, vil ein truleg også vil ta denne tradisjonen i bruk i sin kroppsøvingsundervisning. Eg ser igjen dette hos nokre av mine informantar. Deira bakgrunn kan ha påverka deira oppfatning av friluftsliv, og dette seier dei også sjølv: *"Det er ein arv som eg bert med meg frå mine foreldre, at vi drive meir det vanlege friluftslive. Slik som eg kallar det, vanleg for oss"* (Lærar 3). Eit anna eksempel på dette er:

"Men eg tenkjer kanskje at dei som driv mest med friluftsliv, er nok dei som har dreve med det sia dei var unge. Blitt tatt med på turar i skog og mark. Eg trur nok at det er veldig mange av dei som driv med friluftsliv også i dag" (Lærar 2).

Dei som har hatt mykje friluftsliv i oppveksten sin, er også veldig opptatt av at det burde vere med i undervisinga. Ein lærars bakgrunn kan dermed ha ei betyding for den læraren ein blir (Templin og Schempp, 1989). Blant mine informantar synes utdanning/kompetanse å ikkje ha noko særleg innverknad på korleis dei oppfattar friluftslivomgrepet. Men i forhold til erfaring, så hadde alle informantane bakgrunn i ulik form for friluftsliv, som kanskje kan ha innverknad på deira positivitet til friluftsliv.

Men sjølv om friluftsliv er eit omgrep som kan ha mange tydingar, så hevdar ein likevel at det vi kallar for det tradisjonelle friluftslivet står veldig sentralt blant det norske folket (Nedrelid, 1992). Det tradisjonelle friluftslivet er den aktiviteten som har gått igjen i generasjonar, ved å bli ført vidare frå besteforeldre til foreldre og til barn. Eg vil beskrive dei aktivitetane ein forbinde med vår friluftslivstradisjon som enkle aktivitetar ute i naturen, der oppleving og tilfredstilling står sentralt. Ein vil ha eit harmonisk forhold til naturen, utan for mykje modernisering og menneskelege endringar i naturen. Slike aktivitetar kan vere enkle turar i skog og mark, eller meir krevjande aktivitet i fjord og fjell. Denne forståinga støttar eg til Tellnes sin måte å karakterisera denne tradisjonen på: *"Norsk friluftslivstradisjon er kjennetegnet ved naturvennleg ferdsel og*

hensynsfull bruk av den frie natur, hvor hovedsiktemålet er gode naturopplevelser” (Tellnes, 1989, s. 24). Sjølv om vi kallar det for ein tradisjon, så vil ikkje det sei at den ikkje blir påverka av utviklinga som skjer elles i samfunnet. Når den blir ført vidare til neste generasjon, trur eg at den vil utvikle seg ilag med ein generasjon før den går vidare til neste. På den måten vil det heile tida vere eit omgrep under utvikling, men der ein heile tida kan sjå igjen det tradisjonelle berre litt meir modernisert.

Blant mine informantar var det ingen som hadde noko spesiell erfaring innan ekstremfriluftsliv. Det tradisjonelle friluftslivet står sentralt, og hos nokre meir enn andre. Sjølv om nokre var veldig opptatt av at friluftsliv burde vere ein klar del av undervisningsopplegget, så medførte ikkje det at det var mykje friluftsliv på deira skule. Dei oppgav ulike grunnar til dette, og då særleg i forhold til ressursavgrensingar. Dette vil eg komme tilbake til seinare i diskusjonen (sjå kapittel 4.3).

Når det gjeld kva interesser og erfaringar informantane har og kva som blir undervist, var det ikkje nødvendigvis sjølve friluftslivaktivitetane ein kunne kople til deira bakgrunn. Lærarens forståing kring friluftsliv og kva den personen meinte var viktig med friluftsliv, var det som hadde tydelegast samanheng mellom aktivitet og bakgrunn i min undersøking. Med andre ord, haldninga deira til friluftsliv. Informantane var opptatt av at friluftsliv var viktig å formidle til elevane, slik at dei kunne lære seg viktige verdiar og haldningar til friluftsliv. Også hos dei to rektorane var dette viktig. Dei meinte at det å lære elevane om verdiane kring friluftsliv var viktig.

“Friluftsliv er fantastisk...både i forhold til det med å ha kunnskap om natur, og det gjev kunnskap om seg sjølv. Fordi det handlar veldig mykje om meistring. Det handlar om å takle utfordringar og det handlar om å tillegne seg kunnskap osv. Også er det jo ein veldig sosial arena, fordi det handlar mykje om å løyse ulike ting i fellesskap. Så eg ser på friluftsliv som eit viktig fag” (Rektor 2).

Rektor 2 seier her at friluftsliv kan vere aktivitet der elevane kan oppleve meistring. Friluftsliv er ein arena der elevane får utfordringar og kan oppleve ein utruleg meistringsglede ved å løyse ulike plutselige situasjonar. Alle mine informantar var opptatt av at naturen og friluftsliv er ein viktig ressurs, som ein skal respektere. Som

rektor 2 legger vekt på, så kan friluftsliv vere ein god arena på fleire måtar. Det kan vere ein viktig plass for elevanes utvikling og der dei lærer seg sjølv betre å kjenne. Naturen er ein arena som stimulerar til både fysisk og psykisk rekreasjon (Bentsen, Andkjær & Ejbye-Ernst, 2009). Det er ein arena der det sosiale står sterkt. Ofte reiser ein ut på tur ilag med andre, og då er samarbeid og samhald ein viktig faktor for ei god oppleving. (Kongsrud, 2004). Friluftsliv kan også ha ein effekt på elevanes sosialiseringss prosess (sjå kapittel 2.2). Det kan derfor vere ein velegna arena for å utvikle eit godt samhald i klassene og der elevane kan utvikle gode verdiar.

Det er med andre ord mange viktige faktorar som friluftsliv kan vere med å påverke i ei positiv retning. Men om ein ser på friluftsliv som ein eigen arena, skilt frå resten av kvardagslivet, kan ein diskutere kor mykje ein tar med seg vidare av det ein opplever og lærer. Bentsen et al. (2009) hevdar at grunnen til dette er at ein ikkje nødvendigvis overfører læring frå ein kontekst til ein anna. Om friluftsliv er noko som ein skil frå resten av kvardagslivet, ved at ein driv det til bestemte tider og med gitte aktivitetar, vil ikkje dei verdiar og refleksjonar ein får i friluftslivet nødvendigvis vere av umiddelbar betyding i ein anna kontekst. Læring er kontekstbasert. Erfaringar ein tar med seg og korleis ein velje å bruke dei er avhengig av kva kontekst ein er i (Wilken, 2008). I følgje Bourdieu (Wilken, 2008) er den konteksten ein er i avgjeraande for kva kapital (kunnskap og erfaringar) ein bruker. Dermed er det ikkje gitt at ein tar med seg erfaringar gjort innan friluftsliv til kvardagen. Fleire studiar visar i midlertid at undervisning ute i naturen, kan ha stor betyding for elevanes helse, læring og trivsel på skulen (Bentsen et al., 2009). Friluftsliv kan derfor vere eit godt alternativ til innandørs undervisning, nettopp fordi det kan styrke elevanes helse, motivasjon og samhald.

Når ein snakkar om friluftsliv så kan det vere ulikt frå person til person, kva som blir antatt å vere det viktigast i forhold til eigenverdi og nytteverdi. Nokre meinar kanskje at det viktigaste med å drive friluftsliv er den eigenverdien det gjev, medan andre er kanskje meir opptatt av å få ein nytteverdi ut av friluftslivet. Hos mine informantar var det tydeleg at eigenverdien stod høgt hos dei fleste:

"For eg ser ikkje på friluftsliv som trening, eg ser på det som eigenverdi.

Det å vere ute på tur og ute rett og slett. Det er jo ein nytteverdi i at når

ein går på tur, so blir ein jo sprekare og sånt. Men det kan ein like gjerne gjere andre plassar” (Lærar 3).

”...nytteverdien kjem ganske langt ned, eg er veldig därleg på sopp og sånne ting...[spørsmål om eigenverdi] ja eigenverdi, og sjølvsagt no for å lære barna mine glede av å vere ute. Lære dei at det gjer ingen ting å fryse litt, ja sånne ting...litt haldningar, at det er greitt å gå oppover bakkar og ein må gå litt for å få matpakka” (Lærar 1).

Blant mine informantar såg det store fleirtalet på eigenverdien som det viktigaste ved det generelle friluftslivet. Det er sjølve turen som står i sentrum og glede av å vere ute i naturen. Å bruke naturen og friluftsliv som rekreasjon stod høgt. Ein av informantene såg også eigenverdien som viktig, men vekta at ein ikkje måtte gløyme nytteverdien. ”*Fordi at eg er opptatt av at du skal få det inn i ein næringssamanheng*” (Lærar 4). Han meinte at ein må sjå friluftsliv i ein samanheng. Glede og opplevingar skal stå høgt, men det at ein såg mulegheiter om korleis ein kan dra nytte av friluftslivet, var like viktig. Når eg kopla friluftsliv inn i ein skulesamanheng, blei det nokre endringar blant informantane sine meningar. Rektor 2 var framleis tydeleg på eigenverdien:

”...eg håpar at dei sitter igjen med at dette er noko som er kjekt og meiningsfullt å drive med. Eg håpar at dei kjenne at dei opplever glede, slik at dei kan vere med å ta vare på verdiane for framtida” (Rektor 2).

Rektor 2 legg vekt på at elevane skal synes at det er kjekt å drive med friluftsliv, og at det bør vere ein del av målet med friluftslivundervisninga. Men er det i tråd med føremålet med emnet? Dette fører meg vidare inn på neste kapittel, friluftsliv i eit skuleperspektiv.

4.2 Lærer ein eigentleg noko i friluftsliv? – Friluftsliv i eit skuleperspektiv

I ein studie gjort av Wiken (2011) viser ein elevspørjeundersøking på Vg3-nivå, at friluftsliv, orientering og dans er dei aktivitetane som får den lågaste rangeringa ut i frå kva elevane sjølve meinar dei har lært av aktivitetar og idrettar. I tillegg meinte 50% av elevane at det å lære om friluftsliv og naturbruk i kroppsøvinga var unødvendig (Wiken,

2011). Det kan derfor synes som om friluftsliv har ein utfordring med å legitimere sin plass i læreplanen ovanfor elevane. Ein kan då stille seg spørsmål om kva elevane eigentleg skal lære innan friluftsliv, og kva som blir gjort. I mine intervju kjem det tydeleg fram at alle meinar at friluftsliv er viktig, der eigenverdien stod høgt (sjå kapittel 4.1). Men når det kjem til friluftsliv i ein skulesamanheng så er det litt meir delte meininger om kva som er viktigast av eigenverdi og nytteverdi. Begge rektorane er klare på at friluftsliv er noko som er bra for elevane, og meinar at det bør ha ein klar plass i kroppsøvingsfaget:

"For meg er det veldig viktig, altso positiv forstand...eg tenkjer også at det er viktig i jobbsamanheng, det er viktig for den psykiske helsa til elevane. At dei kjem seg ut og får frisk luft og får lys, det trur eg er kjempeviktig" (Rektor 1).

"F: Ein lære mykje med friluftsliv? R2: Det er heilt klart. Både sånn praktisk men også personleg, for sin eigendel. Så det er viktige verdiar, tenkjer eg. F: Er det verdiar som er viktige å lære på ein skule? R2: Heilt opplagt. Eit fag [friluftsliv] som høyrer til på skulen, det er ikkje tvil om ein gong" (Rektor 2).

Ut i frå det rektorane seier her, så er eigenverdien i friluftsliv også viktig i ein skulesamanheng. Om vi ser på kva som er føremålet med friluftslivemnet i læreplanane (sjå kapittel 2.2.1), kan rektorane sine meininger minne litt om det som står i R94. I R94 blei det vektlagt at ein skulle oppleve glede av å drive friluftsliv og at det å vere ute i naturen gjorde ein godt. Slik eg tolkar det så er det eigenverdien som skal leggast vekt på. I LK06 og i revidert læreplan er derimot fokuset retta meir på læring og kva ein må kunne for å ferdast i naturen. Altso synest det som at nytteverdien som blir vektlagt meir.

Rektorane var tydelege på at det var naturleg at friluftsliv høyrte til skulen og var ein del av kroppsøvingsfaget. Dei var bevisste på at friluftsliv er noko som vil gjere elevane godt, både i forhold til livsglede, sunnheit og sosialt samhald. I tillegg la dei vekt på at friluftsliv er positivt i forhold til både fysisk og psykisk utvikling. Og som nemnt

tidlegare er aktivitet ute i naturen ein god arena for elevanes sosiale utvikling (Bentsen et al., 2009).

Blant lærarane var det ikkje så klare meininger. Dei er alle einige om at friluftsliv er bra og har ein klar plass i skulen, men er veldig usikre på kor mykje plass det eigentleg bør ha. Undersøkinga tydar på at usikkerheita henger saman med kva ressursar dei meinar friluftsliv krevjar. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 4.3. Alle lærarane meinar at friluftsliv bør vere ein del av skulen, men at dei ikkje har ressursar til å gjennomføre det. *"Det er jo litt synd. Det [friluftsliv] er jo så viktig, men vi får på ein måte ikkje noko hjelp til å fylle ein so viktig del.. det gjer det vanskeleg å gjennomføre det som krevjar."* (Lærar 1). Slik eg tolkar informantane så hevdar dei at friluftsliv er eit emne som krev så mykje ressursar at det vil gå utover ikkje berre andre emne innan kroppsøvingsfaget, men også andre fag. Den ressursen dei hovudsakleg snakkar om er tidsressursen. Dei har rett og slett ikkje tid til god undervisning i friluftsliv. Sætre (2004) har gjort ei undersøking om friluftsliv i kroppsøvingsfaget hos ungdomsskulane i Møre og Romsdal. Han kom fram til at lærarane meinte at den viktigaste grunnen til ikkje å prioritere friluftsliv i kroppsøvingsundervisninga, var at dei hadde for lite tid. Dei har for lite timer til at ein kan prioritere friluftsliv framfor dei andre emna i kroppsøving.

Ein grunn til at friluftsliv blir nedprioritert kan vere at sjølve kroppsøvingsfaget ikkje får så stor plass i skulekvardagen. Ommundsen (1995) skriver at dei fleste elevar som regel er positive til kroppsøvingsfaget, men har ei oppfatning om at faget er meir eit rekreasjonsfag enn eit akademisk fag. Grunnen til dette kan vere måten dei ulike skulane har valt å vekte faget på, kor viktig heile skulen meinar faget er. I tillegg meinar Ommundsen (1995) at kroppsøving er eit fag der undervisninga i stor grad berre appellerar og er av interesse for dei elevane som allereie er aktive innan idrett eller medlemmer av idrettslag. Han nemner også at om undervisninga berre blir lagt til rette for dei elevane som allereie er aktive innan organisert idrett, vil det ikkje vere vanskeleg å sjå at det for ein del grupper kan vere vanskeleg å motivere seg til å delta i undervisninga. Ommundsens funn kan tyde på at lærarane bør variere undervisninga og vere opne for endring. Om undervisninga har eit stort spekter av ulik aktivitet, kan det vere større muligkeit for at kvar enkelt elev får vert innom noko som han/ho synest er motiverande og interessant.

Friluftsliv er som tidlegare nemnt eit av tre hovudemne på læreplanen, noko som kan tolkast som at det burde hatt ein klar del av undervisninga. Informasjon frå mine informantar, tydar på at det ikkje er så mykje tid som blir via til friluftsliv. Friluftsliv er eit emne som skilje seg frå dei tradisjonelle aktivitetane, men som kan appellere til fleire av dei elevane som ikkje er aktive innan ein spesiell idrett. Friluftsliv er ikkje prega av riktig teknikk og mange reglar. Det er mest allmenn kunnskap om korleis ein skal oppføre seg i naturen. På den måten kan alle drive friluftsliv, til eit visst nivå sjølvsagt. Det er ingen krav om at ein må vere kjempegod i verken hurtigheit eller uthald, spenst eller styrke.

"Vi har mange turmål og skal vi satse på at alle skal vere med på tur og ha glede av det, so må vi ha litt sånn individuell tilpassa. At dei som har lyst til å gå litt, dei kan gå litt lengre. Prøve å legge til rette for mange...alle kan få utfordringar på sitt nivå" (Lærar 3).

Slik eg tolkar lærar 3, så meinar ho at friluftsliv kan tilpassast alle. Alle skal kunne vere med på tur, så lenge turen er tilpassa kvar enkelt elev sine føresetnadnar. Også rektor 1 meinar at friluftsliv bør vere noko for alle, men akkurat korleis det faktisk blir framstilt ved hans skule er ikkje han heilt sikker på:

"Eg trur det [friluftsliv] blir framstilt som eit lågterskeltilbod, at alle kan hygge seg med å vere ute...eg trur at lærarane våre er forsiktig med å snakke mykje utstyr og høge forventningar til dei [elevane] i friluftsliv. Eg trur dei legger det forsiktig an. Men det er ein antaking, detta veit eg ikkje godt nok also" (Rektor 1).

Friluftsliv blir omtalt som noko som er bra for alle, og som alle skal ha mulegheit til å drive med. Og er derfor viktig at det blir framstilt som eit lågterskeltilbod. Noko som også mine informantar er einige i. *"Eg synst jo på ein måte at terskelen for å drive friluftsliv skal vere så låg at alle kan, at det skal vere tilgjengeleg for alle"* (Lærar 1). Dei meinar at det er få grunnar til at ikkje alle skal kunne drive med friluftsliv, men då må det vere eit lågterskeltilbod.

Kva som blir gjort av friluftslivundervisning er avhengig av korleis skulen og lærarane velje å vekte friluftslivemnet, kva dei legger i sjølve omgrepet og kor viktig dei meinar det er. Det kan med andre ord vere veldig ulikt frå skule til skule. Det var det også mellom dei to skulane i mitt prosjekt. Det var blant informantane ulik forståing kring kva aktivitetar som kunne kallast for friluftslivaktivitetar. Hos byskulen hadde lærarane utvikla ei forståing kring friluftsliv om at den type aktivitet eigentleg kunne vere kva som helst, berre det gjekk føre seg ute (sjå kapittel 4.1). Ut i frå deira erfaring på denne skulen, må dei ha ei mykje breiare forståing for friluftsliv enn det dei gjerne hadde frå før. Om dei ikkje hadde det, ville det vere nesten umuleg å praktisere friluftsliv ved den skulen. Lærarane på distriktskulen hadde ei heller smalare forståing for friluftsliv. Dei meinte at for at noko kan kallast for friluftsliv, så må ein vekk frå det daglege livet. Ein må ut i naturen, der det ikkje er preg av menneskeleg virksomheit. Friluftsliv var ingen bestemt aktivitet, men det burde vere meir enn berre å gå utanfor døra. Dette visar at omgjevnadane skapar eit skilje i kva aktivitet som blir praktisert i kroppsøvinga på dei ulike skulane. Og kva av dei aktivitetane som faktisk definerast under friluftslivemnet. Mykje av den aktiviteten som dei på byskulen kollar for friluftsliv, vil dei på distriktskulen kalle for vanleg kroppsøving. ”...om ein definerar friluftsliv som det å vere ute og, så dekkar vi jo kompetanseområda i vekesvis, mange timer. Men det er jo ikkje slik vi ser på det” (Lærar 3). Døme på slike aktivitetar kan vere joggetur utanfor skulebygget, orientering i byen eller gå tur langs hamna. Dette er noko som lærarane ved byskulen meinar kan koplast til friluftsliv, medan lærarane ved distriktskulen meinar dette er vanleg aktivitet i kroppsøving. Ein må lengre vekk i frå det vanlege kvarlagslivet og lengre ut naturen for at det kan vere ein friluftslivaktivitet.

Sjølv om slike aktivitetar som er nemnt ovanfor er noko som lærarane ved byskulen vil kunne legge til friluftslivundervisninga, så trur dei ikkje at elevane oppfattar det som friluftsliv. Lærar 2 seier at dei ikkje er flinke nok til å prate med elevane om friluftsliv, korleis ein kan tolke det og kva som kan vere friluftsliv.

”Korleis vi legg vekt på å prate om det [friluftsliv] med elevane, så gjer vi jo ikkje det. Men vi alle syns jo det er viktig då, at vi får dei med ut. At dei er i aktivitet ute. Eg vil svare at vi er ikkje flinke nok til å legge vekt på at det faktisk er friluftsliv det vi driv med” (Lærar 2).

Tidleg i intervjuet spurte eg informantane om kva dei meinte var viktigast med friluftsliv, eigenverdi eller nytteverdi (sjå kapittel 4.1). Då eg spurte det same spørsmålet, men då i forhold til friluftslivundervisninga, var det litt endringar i resultata. Dei var framleis veldig tydelege på at eigenverdien var viktig å formidle, men nytteverdien kom også litt inn. Fokuset på helse og utvikling av fysiske eigenskapar kom inn. Både rektorane og lærarane meinte at det er gleda som bør stå i fokus. Men såg at det også var helsebringande effektar ved å drive friluftsliv. Spesielt for dei elevane som ikkje er så fysisk sterke, kan friluftsliv vere ein god arena. Sidan det ikkje stiller så store krav til teknikk og fysikk, kan det vere lettare for dei å delta i friluftsliv enn i t.d. lagspel. Informantane la vekt på at friluftsliv kan ha ei positiv innverking på helse. Det kan verka førebyggande i forhold til ulike livsstilssjukdommar, som igjen kan spare samfunnet for mykje kostnadar.

"Nokon kan utvikle det [fysisk og psykisk helse] ved å trenere intervall, men andre kan gjøre det ved å ha to timer der ein går på tur ut i skogen. Det vil kunne førebygge og det vil spare samfunnet for utallig mykje. Og det ved at samfunnet puttar inn ressursar, så vil dei få igjen forferdeleg mykje" (Lærar 3).

At ein kan bruke friluftsliv som helsebringande aktivitet kjem også fram i læreplanane (sjå kapittel 2.2.1). I R94 blir friluftsliv framstilt som noko som er bra for både kropp og sinn, medan det i revidert læreplan blir lagt vekt på at ein skal bruke friluftsliv til rekreasjon. Ut i frå det informantane seier, så er dette noko som er viktig i friluftslivundervisninga. Lærar 4 gav uttrykk for at han meinte at elevane i dag får for lite fysiske utfordringar, og at friluftsliv var ein viktig arena for den type utfolding:

*"L4: Men kvifor er det viktigare no enn før, at vi får dei ut på noko? Jo fordi at dei [elevane] får so lite [belastning] at dei ikkje får nok til normal utvikling...når ein begynner å analysere då antall hopp og antall belastningar, når ein ikkje har potetferie og skogplanting og alt muleg sånt, så manglar det faktisk mange hundre timer i året det.
F: Så det du vil fram til er at det er for lite friluftsliv i barndommen?
L4: Ja det er alt for lite...dei må ut og få variert belastning. For dei går på for flatt underlag og det er ikkje bra"* (Lærar 4).

Slik eg tolkar lærar 4, meinar han at elevane ikkje er aktive nok i oppveksten, og det førar til at dei ikkje får det stimuli som er nødvendig for riktig fysisk utvikling. Elevane er ikkje lenger med på aktivitetar som tidlegare var vanleg del av kvardagslivet, som å plukke poteter, og gå i skogen for å plante skog. Derfor er friluftsliv eit viktig emne i skulen, der elevane kan få den same type stimuli. Lærar 3 og 4 gav og uttrykk av at det kanskje var mange elevar som ikkje fekk oppleve friluftsliv med familien, og dermed var dette eit viktig ansvar for skulen. *"Nokre har kanskje veldig lyst til å drive litt med friluftsliv, og får ein ikkje presentert det i skulen så er det ikkje alltid ein får mulegheit til det i det heile tatt"* (Lærar 3). I følgje Imsen (2010), så kan skulen vere med å bidra i utviklinga av den moralske oppdraginga til elevane. I LK06 blir det omtalt at skulen skal presentere ein rørslekultur som skal utvikle elevanes danning og identitetsskaping i samfunnet (sjå kapittel 2.2.1). I denne rørslekturen er friluftsliv ein av aktivitetane som blir vekta. Vidare står det også at barn og unge skal bli presentert for ulike fysisk aktivitetar, slik at dei har gode føresetnadnar for å praktisere aktivitetar seinare i livet også. Ein kan ut i frå dette sei at læreplanen gjev støtte til påstanden til lærar 3 og lærar 4, om at det er viktig å presentere elevane for friluftsliv i skulen. Om det er tilfelle at elevane ikkje blir presentert for friluftsliv utanom skulen, så er det spesielt viktig at det blir praktisert i skulen. Slik at friluftslivtradisjonen blir ført vidare og ikkje fell vekk, eller blir ein tradisjon berre for nokre.

I mine intervju prøvde eg å finne ut kva skulen kan gjere for at friluftslivemnet skal få ein større plass i kroppsøvingsfaget, og mine informantar hadde ulike tankar om det. Friluftsliv er eit emne som krev mykje tidsressurs, og i eit fag som bere har ein dobbelttime i veka kan emnet derfor fort bli nedprioritert blant dei andre emna i kroppsøvingsfaget. Skulen kan vere ein arena der ein bidreg til elevanes utvikling i forhold til nasjonal identitet og følelsen av eit fellesskap (Imsen, 2010). Friluftslivemnet er eit emne som gjerne blir sterkt knytt til norske tradisjonar og kultur, som er eit argument for at det burde fått ein litt større plass i skulen enn det har i dag. Det er gjerne vanskeleg å la friluftslivemnet få meir tid i kroppsøvingsfaget, kanskje burde dermed skulen ta meir tak i korleis det kan knytast saman med fleire fag. Det er ein tanke som fleire av mine informantar hadde.

"Eg synest jo at friluftsliv er viktig, men med eit så lågt timetal kan det stillast spørsmål. Og når ein ser på dei andre kompetanseområda, kva skal

ein bruke tida di på. Og skal du ha friluftsliv så tar det mykje tid. Altso for du må jo for flytte deg, og du skal bruke berre dei to timane du har. Så sånn sett så kan det hende at det skulle lagt til dei overordna måla i læreplanen, og at friluftsliv skulle vert..altso skulane skulle hatt fleire aktivitetsdagar som låg inne, slik at det kunne ta av andre fag og. For du kan jo legge inn samfunnskunnskap, geografi, biologi, friluftsliv ligger jo i mange fag. So kanskje det skulle vert flytta frå kroppsøvinga sin læreplan og til det overordna, og pålagt skulane og ha fleire aktivitetsdagar rett og slett, der friluftsliv var ein sentral del av det”

(Lærar 3).

Kanskje det hadde vert ein idé at heile skulen tok meir ansvar for friluftslivet, at det ikkje nødvendigvis skulle ligge under kroppsøvingsfaget. På den måten må skulen sette av ressursar til det, og ein vil kunne få eit betre opplegg enn om det låg under kroppsøving. I løpet av eit skuleår så blir det satt av dagar til ulike aktivitetar. Ein har t.d. Operasjon Dagsverk, ulike forstillingar og foredrag. Kanskje kunne det vert muleg å sette av ein dag eller to til friluftsliv, friluftslivsdagen. Då kunne ein ha ulike tilbod som elevane kunne velje mellom. Ein kan kople det til lokale friluftslivstradisjonar og ein kan prøve å kople inn nye aktivitetar. På den måten vil elevane få tilbod om eit vidt spekter av friluftslivsaktivitetar, og kanskje det kan gje meirsmak. ”*Friluftsliv er jo ein del av kulturen*” (Lærar 3). Også lærar 4 uttrykker eit ynskje om at det ikkje berre skal vere kroppsøvingsfaget som skal ha ansvaret for friluftsliv. Han seier at om det kunne vert eit meir overordnamål for heile skulen, så kunne det opna for meir temaarbeid. At ein kan ha ulike tema som ein skal jobbe med i alle fag, meir tverrfagleg samarbeid. Lærar 4 er også opptatt av at ein skal lære om friluftsliv i ein næringssamanheng, noko som kunne vert eit aktuelt tema. Der kan ein kople inn både naturfag i forhold til naturens utvikling, matematikk i forhold til økonomiske spørsmål, kroppsøving i forhold til kva effektar det kan ha på kroppen, osv. Det viktigaste er å vere opne for å leite etter mulegheiter.

Om skulen kan sjå mulegheitene ved tverrfagleg samarbeid, så kan ein bruke ressursar meir effektivt, slik at ressursane til friluftsliv vil komme til nytte i fleire fag. Om ein er villeg til å gå igjennom ulike planar og rutinar, så kan ein kanskje samle opp mykje ressursar som kan brukast i fleire fag. Det kan vere mykje pengar å hente om ein kan

samarbeide betre på ulike ting, t.d. vakthald under heildagsprøver ol. Som lærar 3 sa, så er det jo leiinga som må sei kva dei vil prioritere.

Ein kan også kople friluftsliv til helseomgrepet. I kompetansemålet for vg2, så er det nemnt at ein skal bruke naturen til rekreasjon (Udir.no, u.å.-e). Ein kan då nytte friluftsliv til å få ein positiv effekt på ein persons helse. Dette ved at ein kan gå ut i naturen, får frisk luft, vekk frå kvardagsleg stress og mas og for utfolda seg på ein annleis måte. Det sett ikkje store krav til fysiske ferdigheitar, ein kan ”vere som ein er”, der ein sjølv bestemmer kva nivå ein vil drive det på. Skulen skal vere med å skape gode verdiar for elevane, som skal føre til god helse. Derfor er det viktig at friluftsliv blir prioritert i skulen, ”*...prøve å få friluftsliv inn som ein del av vanane til elevane*” (Lærar 4).

”Det helseomgrepet ligge jo inne i kroppsøvingsplanen, men er og i dei overordna kompetansemåla for vidaregåande skule. Du skal stimulere til god helse og alt det der. Derfor burde jo friluftsliv vert eit anna mål...timetalet det har minka og aktivitetten, eller dette med innaktivitetten, den har gått oppover. Og i skulen når du alle, det er det som er poenget. Her er myke fysisk aktivitet på fritida og alle typa aktivitetar, men den når ikke alle, skulen når alle. Visst samfunnet vil ta tak i helse og innaktivitetet, så må dei gå inn der dei kan nå alle...skulen skal oppdra, skulen skal gje gode verdiar til elevane og alt, men då må ein få det tilrettelagt og” (Lærar 3).

Ansvaret skulen har for elevanes utvikling, kan virke som å bli større og større. ”*Alle vil at skulen skal gjere alt*” (Lærar 4). Det er blitt stort fokus på helse og at skulen skal vere ein viktig faktor i dette arbeidet. Som lærar 3 nemner så er skulen ein arena der ein når alle, og alle som går på skulen skal delta i alle fag. Men mange av dei krava som blir stilt til skulen, kan koplast til kroppsøvinga og friluftslivemnet. Sidan friluftsliv er eit emne der alle stiller ganske likt, så er det viktig at ein prioriterar det og skapar gode relasjoner til det å faktisk vere ute i naturen. Om elevane blir skikkeleg presentert for det i skulen, så er det muleg at dei tar det med seg vidare i livet. Men det er avhengig av at det blir lagt inn ressursar til det. Lærar 3 poengterar at om ein hadde lagt inn fleire midlar inn i skulen og i friluftsliv, så kunne det resultert i at ein sparar på eit anna

budsjett. Det blir då førebygging i staden for behandling. Men det er jo avhengig av at ein både i skulesystemet, men også heilt opp i Stortinget er einige om kva ein vil bruke ressursane på.

Det visar seg at sjølv om dei fleste lærarane meinar at det ikkje er muleg å ha meir friluftsliv enn det faktisk er, skulle dei ønskt at det blei lagt litt meir vekt på det. *"Eg tenkjer at eg kunne ønske nokon gongar at vi kunne jobba endå litt meir med det. Få framstilt at friluftsliv er på ein måte ein del av faget, at det står sterkare fram"* (Lærar 2). Dei seier at dei er einige i det som blir gjort, men likevel kjem det fram at dei skulle ønske det var meir friluftsliv i undervisninga. *"Ja eg skulle ønske det var veldig mykje meir enn det er, men sånn er det berre"* (Lærar 1).

4.3 Kan, kan ikkje - Er ressursar og geografisk plassering av betydning?

Kvífor nokre skular velje å ha eit stort fokus på friluftsliv medan nokre ikkje har det, kan komme av fleire grunnar. Det mest avgjerande hos mine informantar var mangel på ressursar. I følgje lærarane så er dei mest avgjerande ressursane tid, økonomi og støtte frå resten av skulen. Men er det her noko forskjell frå byskulen til distriktskulen? Det vil eg no prøve å sjå litt nærmare på.

Informantane uttrykker at friluftsliv er viktig i skulen, men kva blir eigentleg gjort av friluftsliv? Ut i frå dei haldningane eg tolkar at informantane har, så burde det vere ein del friluftslivundervisning. Det var derfor interessant å stille dei spørsmål om kva aktivitetar som blir gjort, kvífor og om dei var einige i det som blei gjort. Lærar 2 frå byskulen hadde dette til svar:

"...vi har jo då orientering, eg er vel ute på skøyter med nesten alle elevane...varierar med vær og føre. Orientering då både i parken [stadnamn fjerna] og med Vg1-elevar i bynært naturområde [stadnamn fjerna] Også sånn som fotballfrisbee, det har vi i parken, det syns eg er litt stilig...nokon gongar har vi jo joggetur til stranda, der vi får bada litt. Elles så har vi jo skiturar...det er jo då eg tenkjer skikkeleg friluftsliv, for meg" (Lærar 2).

Slik eg tolkar lærar 2, er orientering den friluftslivaktiviteten byskulen driv mest med. Men mulegheitene for å få gjennomført orienteringa ute i skogen er ikkje så stor. For Vg1-elevane har dei ein dag i eit bynært naturområde, der det er mulegheit for å utføre orienteringa i skogen. Men elles blir det gjennomført i parkar nærliggande skulen og ute i byen. Lærar 1 gjev uttrykk for at å drive friluftsliv i byen ikkje er heilt riktig: *"eg har jo problem med å kalle byorientering for friluftsliv. Men eg har jo på ein måte berre innsett at visst vi skal følgje læreplanen, med dei rammene ein har her på huset, så må sågne ting under friluftsliv"* (Lærar 1). Det kan ut i frå dette tyde på at lærar 1 meinar at dei kompetansemåla som står i læreplanen kan vere vanskeleg for byskulen å oppnå. Som nemnt i kapittel 2.2.1, så er revidert læreplan den gjeldande læreplanen for kroppsøvingsfaget. Ut i frå dei kompetansemåla som står der (sjå tabell 2.2), så kan byskulen sjølv velje kva aktivitetar ein skal prioritere. På Vg3 er det blant anna mål om bruk av kart og kompass, noko som dei oppfyller, men samtidig skal elevane planleggje og gjennomføre eit turopplegg. Kor omfattande dette turopplegget skal vere, står det ingen ting om, og kan ut i frå det vere ein to timars tur til eit nærliggande naturområde. Dette er eit godt eksempel på korleis Goodlad (sjå kapittel 2.2.1) sin teori om dei fem læreplanframstillingane er gjeldande i praksis. Måten lærarane og rektor på byskulen tolkar den formelle læreplanen, vil ha ein innverknad på korleis dei meinar undervisningsopplegget bør vere, for å oppnå kompetansemåla. I forhold til det lærar 1 seier, er det tydeleg at byskulen har ei tolking av læreplanen, som for dei er uoppnåeleg på enkelte punkt. Lærar 2 nemnar også eine kompetansemålet frå den førre læreplanen, LK06 (sjå kapittel 2.2.1): *"...så skulle ein bruke naturen som matkjelde, det er vanskeleg"* (Lærar 2). Slik eg tolkar det er også dette noko som dei ikkje fekk praktisert.

Lærarane ved byskulen seier at dei kan rekne noko av aktivitetane dei har i kroppsøvingsundervisninga som friluftsliv. Men samtidig gjev dei uttrykk for at elevane kanskje ikkje oppfattar det som friluftsliv. *"Når vi har orientering, vil dei [elevane] kanskje oppfatte det som berre orientering. Sjølv om du er ute i naturen...vi skulle sagt tydelegare ifrå at dette er faktisk friluftsliv...sånn at dei liksom kan bli litt klar over det"* (Lærar 2). Ut i frå Goodlad sin erfarte læreplan (sjå kapittel 2.2.1), kan elevens oppfatting av undervisninga variere frå elev til elev. Sjølv om læraren har tenkt igjennom kva hensikt undervisninga skal ha, treng ikkje elevane å ha den same oppfatninga. Om det er tilfelle ved friluftslivundervisninga på byskulen, kan det føre til at elevane trur at friluftsliv ikkje blir vektlagt i kroppsøvingsfaget.

Ut i frå ytringane til lærarane ved byskulen, tolkar eg det som at dei skulle ønske dei kunne praktisert litt andre aktivitetar i friluftslivemnet. Rektor ved byskulen har også denne oppfatninga om sine ansatte:

"For meg så verkar det som dei [lærarane] forsøkje å bruke dei mulegheitene som ligger her. De tar seg en tur i parken, de tar seg en løpetur ut av gymanlegga...det er ein del av måten å drive kroppsøving og friluftsliv på her...eg trur nok at våre lærarar ville syns at det var morosamt og utfordrande å gje elevane ein breiare friluftslivopplevelsing...då av typen ut i naturen å ta litt vare på seg sjølv"

(Rektor 1).

Slik eg oppfattar det, så trur eg lærarane ved byskulen kunne tenkt seg å legge opp til fleire turar i friluftslivundervisninga. At dei kunne lagt litt meir vekt på friluftslivemnet, der elevane fekk praktisert ulike former for friluftsliv. Slik at elevane kan bli meir oppmerksame på kva friluftsliv kan vere. Når eg tok for meg dei informantane som høyrt til distriktskulen, virka det som at dei hadde større krav til kva som kunne kallast for friluftsliv og kva undervisning som gjekk under dette temaet.

"Dei fleste av oss trur eg lære dei bruk av stormkjøkken...det er jo ein veldig hendig ting å ha med seg om dei sjølve vil drive litt enkel friluftsliv. Også trur eg dei lærer bål og matlaging på bål. Også har vi jo det med utstyr, korleis kler vi oss og skor vi oss når vi skal på tur. Det er jo ei viktig læring...så har vi jo og kart og kompass. Det kjem jo også inn under orientering, men det har med at alle bør kunne alminneleg kart og kompass for å klare seg, det er jo på ein måte ein livbergande aktivitet. Det har vi alltid. Det er det vi gjere i friluftsliv, bortsett frå at vi og fer på tur og då. Nokon har jo også vert på sjøen. Og då går eg ut ifrå at dei har tatt med det om korleis du oppføre deg på vatnet og sånt" (Lærar 3).

Ut i frå det som lærar 3 seier, så tolkar eg det som et distriktskulen har fleire ulike aktivitetar innan friluftslivsundervisinga, enn det byskulen har. Slik eg tolkar det så blir fleire av dei aktivitetane som blir praktisert på byskulen, ikkje rekna som friluftsliv på distriktskulen.

Dei fleste av mine informantar meinar at det er dei ulike ressursane som er avgjerande for kva ein har av friluftsliv i kroppsøvingsundervisninga. Men ein haldt også fram eit anna moment. Rektor 2 var veldig tydeleg på at det som var mest avgjerande var lærarane sin glød og iver etter å få til noko. Om dei ikkje hadde viljen til å stå på og kjempe for å få lagt inn friluftsliv i undervisninga så var det heilt håplaust. Rektor 2 meinte at det ikkje nødvendigvis var tidsressurs, pengeressurs eller geografisk plassering som var det mest avgjerande: "*...det er brannen hos lærarane som er heilt avgjerande... skal du få god undervisning so må ein brenne litt for det, sama kva ein helde på med*" (Rektor 2). Det vil ikkje nødvendigvis vere av betydning om ein skule har alle slags ressursar tilgjengeleg. Om læraren ikkje har den indre motivasjonen for å drive friluftslivundervisning, så vil det heller ikkje bli noko av. Ein skule som har lite ressursar, men har ein lærar som verkeleg brenner for at ein skal få friluftslivemnet inn i undervisninga, kan såleis få inn meir friluftsliv enn ein anna skule. Jacobsen (2004) sin forsking støtter dette. I sin forsking fant han at rammefaktorane for å praktisere friluftsliv i nærmiljøet rundt skulen, ikkje nødvendigvis hadde samanheng med prioriteringa av friluftslivemnet. Også rektor 1 er einig i at lærarane sitt engasjement er avgjerande:

"I praksis så er det nok sånn mange stadar at ein har et kroppsøvingsanlegg, og det brukar ein. For det er nær ved arbeidsplassen, er lett og lage aktivitetar og det er på ein måte sånn kroppsøving har blitt strukturert alltid. So det er ikkje sikkert at den der sentrumspllasseringa, eller motsatt då. Det er ikkje sikkert at det å være i nærleiken av friluftsområder betyr all verden, visst man ikkje er litt bevisst på det...Altso det læraren er mest opptatt av og velje å fokusere på, eller lærargruppa saman då, det er jo det som blir realisert" (Rektor 1).

Men kva om då skulen ikkje har ein slik lærar, vil friluftsliv bli prioritert vekk? Rektorane meinar ikkje at andre ressursar er uvesentlege, men at lærarens glød står sterkest. Det står og fell på den. Men sjølv om rektor 1 sa dette, så gav han også uttrykk for at dette ikkje var gjeldane på hans skule: "*For her trur eg kanskje at dei praktiske hindringane er såpass tydelege, at eg trur ikkje det står på verken kompetanse eller haldning. Eg trur det er dei praktiske hindringane som avgrensar oss*" (Rektor 1).

Med denne påstanden så synes det som at rektor 1 motseier seg sjølv. Og ved nærmare ettertanke meinar at ressursane tross alt vil spele ei rolle.

Lærarane er tydelege på at dei ressursane ein har tilgjengeleg er avgjerande for kva dei legg i kroppsøvingsundervisninga. Og slik eg tolkar dei så meinar dei at det er lite ressursar som blir lagt av til friluftslivemnet spesielt. Dette uttrykker lærar 4 som urettferdig: *"Om du ser på idrettsanlegg og sånt, så er det i realiteten ei investering til å kunne drive ulike idrettar, og då burde jo det logisk sett vere minst like stor ressursinnsats for at du skal kunne utøve friluftsliv"* (Lærar 4). Slik eg tolkar lærarane, meinar alle lærarane at den viktigaste hindringa for å utføre friluftslivundervisning er prioriteringa frå skuleleiinga. *"Vi nyttar jo mulegheitene på det vi kan. Men det er mykje vi ikkje får gjort på grunn av at vi ikkje får støtte frå skuleleiinga...og igjen så avspeilar det haldninga til dei som styrer"* (Lærar 4). Det same seier lærar 2: *"Så på ein måte viss ein skulle fronta det endå meir, då måtte jo skulen lagt til rette endå litt meir"* (Lærar 2). Lærarane gjev uttrykk for at skuleleiinga ikkje prioriterar kroppsøvingsfaget og temaet friluftsliv godt nok. Det blir ikkje satt av nok ressursar til at dei skal kunne drive ei god og variert friluftslivundervisning. I følgje lærar 3, kan grunnen til dette vere læreplanen. Ho seier at det i læreplanen ikkje er forklart godt nok kva ein skal gjere og dermed kva ein treng ressursar til.

"Men det er klart at det står at vi skal utføre friluftsliv, men det står ikkje noko om kortid vi skal gjere det eller kor lenge vi skal gjere det. Og då kan vi jo sei at viss her ikkje er ressursar som følgjer med, så kan vi bruke berre to timer då. Men viss der ligge ressursar til det, så kan vi overnatte. Då har det med viljen til skulen og leiinga å gjere, kva du vil bruke av dei midlane du har til rådighet, som du kan bruke på kva du vil. Sjølvsagt er det mykje på budsjettet som må gå til faste ting, men så er der og ein del midlar som ein kan bestemme sjølve kva ein vil bruke til" (Lærar 3).

I følgje Sætre (2005) så meinar lærarar at både kompetansen og ressursane til friluftslivemnet er mangelfulle. Mine informantar gjev uttrykk for at kroppsøvingsfaget gjerne har ein lågare status enn andre fag, med tanke på ressursfordeling. Blant anna trur lærar 4 at det blir gitt meir pengar til musikk, dans og dramafag enn til kroppsøvingsfaget. Grunnen trur han kan vere at dei har hatt ei skuleleiing som har vert

meir interessert i andre delar av kulturomgrepet, enn for kroppsøving og friluftslivdelen. Dermed har det gått meir midlar til t.d. musikk, dans og drama, som kan brukast på forstillingar og ulike ekskursjonar.

Larsson (2007) hevdar at faget er avhengig av at både lærarane og skuleleiinga er opne og ville til å modernisere seg for å utvikle faget. Men kva kan t.d. rektor gjere for at friluftsliv skal få ein betre status og betre ressurstildeling? Dette hadde rektor 2 som sjølv hadde friluftslivbakgrunn, fleire synspunkt på:

"Det [prioritering av friluftsliv] kan eg vere med på å påverke gjennom fagmøter med mine medarbeidrarar. Med min bakgrunn so kan eg kanskje vere med på nokre opplegg...Og på den måten vert med å lagt litt føringer for korleis eg ynskjer at det skal vere. Sånn at det er jo fleire mulegheiter, men det skjer først og fremst igjennom kommunikasjon med dei som jobbar med faga. Også vil eg legge godt til rette...Så kan eg jo gå inn og vere litt meir styrande på oppbygginga av timeplanen, og markere litt tydelegare at her skal vi legge inn rom, fordi et er eit viktig fag."

(Rektor 2).

I tillegg sa rektor 2 at han kunne prøve å motivere lærarane meir, kanskje ta dei med på tur. På den måten ville dei kunne få ein større iver til å få til friluftsliv i undervisninga også. Som leiar av skulen kunne han ha meininger om mykje, men det ville sjølvsagt vere i eit samarbeid med dei lærarane som hadde ansvaret for faget. Rektor 2 viser i dette sitatet at ein som rektor kan ha ein relativt stor innverknad på korleis undervisninga skal gå føre seg og kva som bør vektast i dei ulike faga. Det var også tydeleg at han syns at friluftsliv er eit emne som er viktig å prioritere, og som kan bli vekta på ulike måtar. Rektor sine haldningar til friluftsliv kan derfor vere viktig for kva plass friluftsliv har på skulen.

Om ein går nærmare inn på kva ressursar som er avgjerande for friluftslivundervisninga, var spørsmålet om tid klart i fokus. Alle mine informantar, nemnte tidsfaktoren som den dei trudde var den største stopparen for friluftsliv i skulen. Kroppsøvingsfaget i den vidaregåandeskulen har i dag to timer i løpet av ei veke, som blir satt saman til ein dobbelttime. Kvar time er på 45 minutt, så totalt har dei ei økt på 90 minutt kvar veke. I

følgje mine informantar så er dette alt for lite tid til å kunne ha ei god og variert friluftslivundervisning. "Det er både ressurskrevjande og tidkrevjande viss du skal legge endå meir vekt på det [friluftsliv], enn å bruke parkane og bruke uteområda og slike ting" (Lærar 2). Om ein skal gå på ein litt lengre tur, må ein avspasere for å få tid nok. Dette fører til at elevane må avspasere og det kan då bli lange periodar mellom kvar kroppsøvingstime.

"Det som vi har gjort når vi bevega oss ut av skulen, er at vi med rimelege grenser så har vi tatt litt avspasering. Altso om vi har vert på tur og tatt då to ekstra klokketimar, så kan dei avspasere to kroppsøvingstimar. Men då må vi jo tenkje på kor lang turen skal vere, for vi kan ikkje ta timane i vekesvis... Om ein skal bruke av dei ressursane du har dei timane... Og elevane kan jo krevje at dei ikkje skal bruke meir ein dei to timane på det faget. Så reiser du på ein ettermiddagstur og om ein då kanskje skal ha overnatting, så har du kanskje brukt kroppsøvingstimar for tre månadar sant. Kva med det andre som ligger innan kroppsøvingsfaget då?" (Lærar 3).

Ei sterkare prioritering av friluftslivemnet vil gå ut over andre emne i kroppsøvingsfaget, og som gjer at friluftsliv kanskje ikkje vil bli prioritert i det heile tatt. Er det derfor heilt umuleg å ha skikkeleg friluftslivundervisning? Om ein skal ut på tur, så er det ikkje berre kroppsøvingsfaget det går ut over. Ein må som regel låne tid hos andre fag også for å få det til å gå. I følgje lærarane så er ikkje dette like enkelt alltid. "Ja greitt du kan reise på tur med ei [klasse]. Du kan trikse og fikse på timeplanen og klare å ta med deg ei gruppe, men du klarer ikkje å gjere det på alle gruppene" (Lærar 1). Når det blir brukt for mykje tid av kroppsøvingstimen på forflytting, er i følgje lærar 1, elevane ikkje like interessert i å møte opp. Som lærar 1 seier så er det mange friluftslivaktivitetar ein ikkje treng så mange ressursar til, men ein må ha tid. Samtidig står det ikkje nokon plass i læreplanen kor mykje tid ein skal bruke på friluftsliv, eller kva aktivitetar ein skal velje. Skulane og lærarane står fritt til å velje sjølv korleis undervisninga skal leggast opp:

"I forhold til nasjonale læreplanen so kan du bestemme sjølv korleis du vil vektlegge aktivitet. Kva av kompetansemåla du vil legge mest vekt på.

Så det er ikkje noko bestemt. Om ein hadde sagt at det skulle vere ei tredeling, så måtte ein jo sjå på timetalet sitt og dele det i tre, og sjå kva ein får plass til innafor dei. Men det er sånn at det står heilt fritt om ein vil bruke ti minutt på det, eller om ein vil bruke femten timer. Konsekvensen er jo at det vil gå utover noko heilt anna... Og eg trur at det kanskje er mange som berre brukar ein dobbelttime også ferdig. Og det er jo sånn at det er ikkje nokon som kjem og kontrollera meg om eg har det med” (Lærar 3).

Ut i frå det lærar 3 seier , kan den opne lærarplanen føre til at det blir store ulikskapar på korleis kvar enkelt skule velje å prioritere friluftslivet. Nokre velje kanskje å legge stor vekt på emnet, medan andre berre har ein dobbeltttime.

I tillegg til tidsspørsmålet, kan geografisk plassering ha ei rolle i vektinga av friluftsliv. Sidan mine informantar kom frå to ulike skular, frå ulike stader i landet, er det interessant å sjå kva meininger dei har om skulen sin geografisk plassering. Er det noko forskjell på korleis friluftsliv blir vekta ut i frå kvar i landet skulen ligger? Av dei informantane som høyrer til byskulen er det rektor 1, lærar 1 og lærar 2. Medan rektor 2, lærar 3 og lærar 4 høyrer til distriktskulen. Lærar 1 som er frå byskulen sa følgjande:

”L1: Fordi vi ligger der vi ligger, og med dei resursane vi har, så har det ikkje kommen lengre fram då...det trur eg ikkje denne skulen er i nokon særstilling. Eg trur at om du hadde intervjuat andre like skular så hadde du fått litt av det same. F: Fordi dei er byskular? L1: Ja” (Lærar 1).

Slik eg tolkar mine informantar, så var alle lærarane einige i at ein skule som ligger midt i ein stor by, vil ikkje ha dei same ressursane som ein skule som har mykje natur rundt seg. Ut i frå intervjuet har eg tolka det slik at området rundt skulen kan vere avgjerande for kor mykje friluftslivundervisning ein skule har. Lærarane gav uttrykk for at det er mykje enklare å planleggje og gjennomføre ulik friluftslivsundervisning om ein har eit nærområde med mykje natur. ”*Det er jo klart at plassering er kanskje veldig viktig. Eg trur om du har ein skule ein heilt anna plass, så vil du jo bruke dei ressursane og mulegheitene du har rundt*” (Lærar 2). Ein skule vil bruke dei ressursane som er

rundt, og om det berre er asfalt og bymiljø, så vil det naturleg nok vere vanskeleg å utføre friluftslivundervisning i nærmiljøet.

"Det er noko med det at du får avgrensingar ut i frå kva skulane har av ressursar og i forhold til kva dei har av anlegg og. Og det same med friluftsliv at her som vi har naturen ganske tett på oss, så har vi ganske mykje større mulegheit får å ha eit ganske godt friluftsliv" (Lærar 3).

Blant rektorane var det i motsetning stor forskjell på kva dei sa i forhold til plassering. Rektor 1 som er frå byskulen, var for so vidt einige med lærarane, der han sa at det ikkje var noko vanskeleg å komme seg ut. Men innanfor rammene av ein vanleg skuledag, ville friluftsliv bli prega av eit bymiljø. Derfor kravde slik undervisning mykje meir planlegging om ein skulle få det til ute i naturen. Rektor 2 frå distriktskulen, var derimot veldig klar på at ein alltid vil ha mulegheiter, men at det kjem an på viljen til dei som planleggje. Det ville naturlegvis vere ein forskjell på kva aktivitetar ein velje, ut i frå kva ein har rundt seg, men der er alltid ein mulegheit. Om skulen ligg rett ved ein flott fjellheim, vil det vere naturleg å nytte den i friluftslivundervisninga. Om den ligg ved sjøen så vil ein nytte det. Om skulen ligg i ein av byane, så har ein gjerne ikkje fjell som ein kan nytte, men ein har sjøen og skogen. Difor tolkar eg rektor 2 slik at ein berre må tilpasse aktivitetane ut i frå kvar i landet ein er plassert. Ein byskule kan ha like mykje friluftslivundervisning som ein distriktskule. Sjølv om ein skule kanskje ligger perfekt til i flotte naturomgjevnadar, er ikkje det gitt at skulen har mykje friluftslivundervisning. Det er avhengig av lærarane sin iver.

"F: Så sjølv om ein [skulen] ligger midt i Oslo så kan ein ha like mykje friluftsliv? R2: Jaja, heilt oppagt. Det er eg heilt klinkande klar på. Du kan ha ein skule som ligger i verste utkanten du kan finne og dei har kanskje ikkje noko aktivitet ute. So det er heilt sikkert" (Rektor 2).

Også lærarane gav uttrykk for at ein alltid hadde mulegheiter for å drive friluftsliv, men at det blei såpass krevjande å få til at det blei nedprioritert. Lærar 1 og lærar 2, som var i frå ein byskule, uttrykte at dei visste om fleire byskular som fekk til ein del friluftslivundervisning der ein drog ut på tur. Men på grunn av all planlegginga, så var det ofte at ein ikkje klarte det med alle klasser, men kanskje berre ei eller to. Derfor

trudde dei at det var lett å berre droppe turar, sidan ein ikkje fekk det til for alle klasser. Når eg då spurte kvifor andre skular klarte det og ikkje dei, var det i følgje lærar 1 på grunn av motivasjonen blant både lærarane og leiinga var laber. ”*F: kvifor trur du dei klarer det då? Kva er det dei gjer som gjere at dei får det til?* *L1: Nei altso, om både lærarar og leiinga er for aktivitet og friluftsliv, så blir det mykje lettare*” (Lærar 1). Slik eg tolkar lærar 1 og lærar 2, så kunne dei hatt mykje meir friluftsliv i kroppsøvingsundervisninga om dei hadde hatt eit litt betre nærmiljø. Om dei hadde hatt eit litt større friområde, der ein kunne hatt enkel friluftslivundervisning, så hadde ein enklare kunne lagt inn meir nærfrialuftsliv.

”*Ein hadde ikkje trengt ein skog heller, hadde ein berre hatt eit friområde. Ein plass der ein kunne drivet litt, for her har vi ein liten grøn flekk her borte. Og når eg kører ting der borte så blir jo elevane redde for at dei skal slenge seg å få hundbæsj på seg. Så det er liksom ikkje så mykje ein kan gjere*” (Lærar 1).

Om dei hadde hatt eit uteområde, kunne dei satt opp ein lavvo eller ein gapahuk som kunne stått der fast. Dermed ville det blitt lettare å gjennomføre ei 90 minutters økt med friluftslivundervisning, der ein slapp å bruke opp all tida på reise til og frå. I følgje lærar 1 så ville det vert bra, fordi dei då kunne hatt det som ein base der ein fekk gjort ”...*nyttefriluftsliv, tilbereding av ting og tang...når ein då ligger midt i asfalten, så er det litt vanskeleg å komme oss ut så mykje som vi skulle ønskt*” (Lærar 1).

Utstyr var ikkje ein avgjerande ressurs for friluftslivundervisninga. Alle mine informantar gav uttrykk for at ein hadde det som trengtes for å drive slik undervisning, både i forhold til skulens utstyr og elevanes private utstyr:

”*...vi har jo det vi treng. Altså ressursane elles trur eg at skulen vår er gode på og det er jo på grunn av at vi har idrettsline, så har vi mykje friluftsutstyr. Og no har vi friluftsliv programfag i tillegg som får enda meir utstyr*” (Lærar 3).

”*F: Så då har dokke eigenleg ein del utstyr? L1: Ja vi har eigenleg det. Så sånn sett så er det kanskje ikkje på utstyrssfronten det skortar på...det*

er vell ein skule der elevane har pengar...så lenge dei har interesse så er det ikkje pengar det står på” (Lærar 1).

Lærar 3 la også vekt på at ein i friluftslivundervisninga kunne gjere akkurat det ein ville, og at mange friluftslivaktivitetar ikkje krevjar noko særleg utstyr. Nokre aktivitetar som det å gå på ein vanleg dagstur, treng ikkje å krevje noko som helst av utstyr. Kvar enkelt elev må sjølvsga ha personleg utstyr, som gode sko og klede. Men så lenge ein planleggje godt og ikkje legg slik aktivitet på dei dagane det er därlegast vær, så krev det minimalt med personleg utstyr også. I forhold til personleg utstyr påpeikar rektor 2 på at han trur dei aller fleste norske heimar har det som trengst for å drive enkle former for friluftsliv:

“Nei eg trur jo at i stort sett dei fleste norske heimar i dag so har dei ein sovepose, ryggsekk og nokre klede og det ein trenger. Altso klede har jo alle her, det er jo ikkje nokon i detta landet som ikkje har klede. Og sovepose trur eg finst nesten overalt. Og då har du det du trenger for å gjere ei enkel overnatting ute. Eg trur ikkje det er hinder altso” (Rektor 2).

Slik eg ser det så er det ikkje så mykje ein treng. Er det mindre turar utan overnatting, så treng ein verken sovepose eller ein stor tursekk. Så lenge ein har noko å ha matpakka si i, er det rikeleg. Det var også viktig å formidle at ein ikkje trengte topp moderne utstyr. Ein måtte ikkje ha den dyraste jakka eller dei nyaste skoa, så lenge utstyret var behageleg og gjorde nytten. Det skulle ikkje vere noko press på at ein måtte ha mykje dyrt utstyr for å kunne drive friluftsliv, det skal vere noko for alle.

Men om det ikkje er utstyret som stoppar, kva er det då som hindrar skulane i ha meir friluftsliv i kroppsøvingsundervisninga? Eg stilte derfor spørsmål om kompetanse. Har lærarane god nok kompetanse til å undervise i dette emnet? ”Ja, det er eg heilt sikker på. Både ut i frå bakgrunnen deira, kven dei er, og korleis dei framtrer, så er eg heilt sikker på at dei har god kompetanse på det” (Rektor 1). Rektor 1 var klar på at lærarane på hans skule hadde god nok kompetanse. Men når eg spurte same spørsmål til lærarane på skulen, var det litt meir vase svar: ”Vi har vertfall kompetanse til å få til, liksom det som må til for å oppfylle kompetansemåla vil eg sei vi har” (Lærar 2). Medan lærar 1

svarte noko litt annleis: "...er kompetansen litt låg då? L1: Ja, det har ikkje vert orientering her før eg kom for å sei det sånn" (Lærar 1). Ut i frå desse svara så stiller eg spørsmål om lærarane har nok kompetanse innan friluftsliv? Rektor 1, lærar 1 og lærar 2 høyrer til ein byskule. Det kan vere grunnen til at dei ikkje er einige om kompetansen. Kanskje lærarane der ikkje setter så store krav til friluftslivemnet, og dermed er ikkje kravet om kompetanse så stort heller. Lærar 3 poengterte at ho trur kompetansen vil variere frå skule til skule, og spesielt i forhold til om skulen har idrettsline eller ikkje. Slik eg tolkar lærar 3 så trur ho at på skular der ein berre har kroppsøvingslærarar, så er det ikkje sikkert dei har kompetanse på friluftsliv. Dei har kanskje ikkje same iveren, og er kanskje ikkje interessert. Dermed kan det vere fort gjort å velje den enklaste utveg. Emnet blir ikkje like høgt prioritert, medan på skular med idrettsline, vil ha friluftsliv som ein viktigare del av skulen. På idrettslina ligger friluftsliv inne som ein større del, og dermed krevjar det større kompetanse frå lærarane. Lærar 3 gav uttrykk for at skulane med idrettsline satt større krav til friluftsliv i kroppsøvingsundervisninga. Dette gav også lærar 4 uttrykk for: "Her har vi jo idrettsline, som gjer at ein på ein måte får litt meir friluftsliv...Så på ein måte har vi betre forhold" (Lærar 4).

På distriktskulen var det tydeleg at dei satt krav til god kompetanse også i friluftslivemnet. Både rektor 2, lærar 3 og lærar 4 gav uttrykk for at dei hadde god kompetanse om emnet og at kompetanse var viktig. Sidan distriktskulen hadde idrettsline, meinte dei at det gav eit grunnlag til god friluftslivundervisning også i kroppsøvingsfaget.

"Føler du at lærarane har nok kompetanse på dette emnet? L3: Ja det har vi, det meinar eg at vi har. At vi har veldig mykje forskjelleg. Vi har forskjellege interesser innanfor friluftsliv og. Så eg trur vi utfyller kvarandre ganske bra...vi kunne fått til eit opplegg der vi som idrettsfaglærarar hadde våre stasjonar og fekk medhjelp av dei andre lærarane. Så fekk vi lage eit opplegg som var ganske bra" (Lærar 3).

Distriktskulen drar nytte av at dei har lærarar med ulik kompetanse innan emnet, og kan ut i frå det lage gode undervisningsopplegg for friluftsliv. Men det kan då stillast spørsmål om det er fordi dei er ein distriktskule, eller fordi dei har idrettsline. Slik eg

tolkar det, så er det på grunn av idrettslina. Slik eg tolka rektor 2, meinte han at for å kunne undervise i friluftsliv, stilte det store krav til kompetanse:

"...viktig at ein har ein viss formell kompetanse i botnen. Men det viktigaste det er at det er ein integrert del av livet ditt. At du må drive med detta. For friluftsliv er eit fag som krevjar noko meir enn eit anna fag, sånn som eg ser det då. Halde vedlike, det å ha litt glød, det å like å vere ute, det å tåle ei regnbye og noko ruskevær, og vere trygg, dette er avhengig av at du driver med dissa aktivitetane. Altso skal du ta ei gruppe elevar på ein ti dagarstur igjennom Jotunheimen, so må du vere trygg på å takle dei situasjonane som måtte komme undervegs, därleg vær, sjuke folk og kva det måtte vere. Då må du ha detta litt i deg altso...men no snakkar vi jo ikkje om detta faget på det nivået, det skjønnar eg jo...Men eg trur at der og vil det vere av avgjerande betyding at ein brenne litt for det altso" (Rektor 2).

Rektor 2 er tydeleg på at dette er krav som ikkje kan krevjast av ein kroppssøvingslærar, men meinar likevel at kompetansen i dette emnet er viktig. For at ein skal kunne undervise i friluftsliv, så bør ein i følgje rektor 2 ha ein viss glød for det. Ein må sjølv vere interessert for at ein skal kunne formidle gleda ved å i drive friluftsliv vidare til elevane. Dermed er læraren ein viktig parameter for korleis friluftslivemnet blir prioritert i skulen.

Noreg eit fleirkulturelt land, noko som også syner seg i skulen (sjå kapittel 2.2). spørsmålet er om det kan ha ein innverknad på friluftslivundervisninga. På bakgrunn av dette spurte eg informantane om det var etniske og/eller kulturelle utfordringar ved friluftslivundervisninga. Alle informantane gav uttrykk for at det ikkje var noko problem på deira skule. Sjølv om dette ikkje var noko problem hos dei, så kunne nokre av informantane forstille seg at det enkelte plassar kunne by på utfordringar.

"Ein del av dei som er innflyttarar som kjem frå andre kulturar, dei er først ikkje vande med å gå på tur og du kan ha problem i forhold til det med klesdrakt for eksempel. Det er jo ikkje like enkelt å klatre i fjellet med eit skjørt og burka og sånne ting. Så det kan eg sjå føre meg at det

kan vere eit problem...det er noko med at skulen skal ta vare på alle. Men så lenge kompetansemåla seier noko om kva som blir kravd av deg, så må du kunne innrette deg der etter, uansett kva bakgrunn du har” (Lærar 3).

Korleis kan ein tilpasse friluftslivundervisninga, slik at alle kan vere med. Ein elev som ikkje kan vere med å klatre i fjellet pga klesdrakt, skal ikkje stå igjen på grunn av det. Som lærar må ein derfor tenkje gjennom det opplegget ein har planlagt, for å forsikre seg om at alle elevane kan delta. At det kan vere utfordringar ved kulturelle forskjellar i skulen, uttrykker også rektor 1.

“Eg ser at kanskje det [friluftsliv] er knytt til norsk kultur, altså etnisk norsk kultur...friluftslivet er ulikt fordelt på dei ulike etniske gruppene...har tidlegare jobba på ein skule med høg minoritetsbakgrunn, og der var nok ikkje friluftsliv så vanleg for minoritetsungdommane...å gå ein tur på ein aktivitetsdag, var krevjande...både med påkledning og det å ta seg fram utanfor asfaltert veg” (Rektor 1).

Ut i frå det rektor 1 seier, er det tydeleg at han gjennom erfaring har opparbeida seg ei mening eller forståing kring kulturelle utfordringar. Kva slike utfordringar kunne vere, gav rektor 1 døme på ut i frå kva han hadde opplevd gjennom jobb på ulike skular:

“Eg har sett veldig tydeleg på andre skular, at ein del minoritetselever har ikkje noko forhold til friluftsliv. Dei er stor sett vant til å enten vere inne eller ute i byen, og kler seg og oppførar seg deretter. Det er ikkje alle som har det der med gore-tex-jakker og fjellstøvlar innebygd. Så der er det ein forskjell på dei etnisk norske, som då stort sett har vekst opp med ein friluftstradisjon, og dei som kanskje då kjem frå etnisitetar som ikkje er så vant med det...det er ikkje alle som har det i kulturen” (Rektor 1).

Slik eg tolkar rektor 1, så meinar han at nokre elevar ikkje er vande til ein friluftslivtradisjon. På bakgrunn av det, er det ikkje alle som har brukta ressursar på å skaffe seg nødvendig utstyr til å drive friluftsliv. Vidare var han veldig tydeleg på at dette kunne vere forskjellig. At det ikkje gjekk an å adressere det til ei bestemt

befolknings- eller språkgruppe. Det gjekk rett og slett ut på kva ein var vant til og blei presentert for i heimen. Samtidig var det også viktig å få fram at han har sett at den norske friluftslivtradisjonen gradvis kunne smitte over på personar som har budd i Noreg lenge.

Rektor 2 la fram at friluftsliv kan reknast som noko ein gjer i eit overskotsliv. Medan personar med bakgrunn frå andre nasjonalitetar kanskje var meir ”*vant til å bruke kreftene sine på å skaffe mat, hus og klede, altso dei basale behova*” (Rektor 2). Og slik han oppfattar det så har ikkje friluftsliv fått ein så tydeleg status hos desse menneska. Men om dei blei presentert for friluftsliv, og fekk same mulegheit som fleirtallsbefolkninga har, trudde han at friluftsliv kunne ha ein verdi også for dei. På bakgrunn av dette, meinar eg at skulen kan spele ei rolle. Skulen er ein arena der elevar med ulik etnisitet og kulturell bakgrunn møtast. Kroppsøving er som tidlegare nemnt (sjå kapittel 2.2) eit fag alle elevane skal igjennom. Om ein i dette faget velje å legge fokus på friluftsliv i undervisninga, kan det vere med på å skape verdiar hos elevane på tross av ulikskapar i etnisitet og kulturell bakgrunn.

5. Oppsummering – vegen vidare

Hensikta med dette prosjektet har vert å belyse lærarar og rektorar sine syn og meininger kring friluftsliv i skulen. Korleis blir friluftslivomgrepet forstått og korleis blir det framstilt i skulen. Friluftslivomgrepet kan bli forstått og tolka på ulike måtar, noko som også er gjeldande i skulen. Men uansett korleis det blir tolka, så er det eit omgrep som nordmenn oppfattar som ein viktig del av den norske kulturen (Nedreliid, 1992). I ulike læreplanar har friluftsliv blitt ein del i skulen ved at det blir inkludert som ein del av kroppsøvingsfaget (sjå kapittel 2.2.1). Kva holdningar lærarar og rektorar har til friluftslivemnet er derfor interessant. Ved at det er ulike måtar å tolke læreplanen på (Goodlad, 1997), kan det føre til at forståinga av friluftslivemnet er ulik blant kroppsøvingslærarar og rektorar, som igjen kan føre til ulikt innhald og gjennomføring av friluftslivundervisning.

Ut i frå resultata i dette prosjektet så viste det seg at både lærarar og rektorar hadde nokon lunde lik oppfating av friluftslivomgrepet. Det er eit omgrep som alle sett høgt og eigenverdien står sentralt hos dei fleste. Dei er opptatt av det tradisjonelle friluftslivet og det enkle liv stod sentralt. Når ein ser på friluftsliv som eit skuleemne, så var det usemje i kva som var viktigast å formidle til elevane. I følgje rektorane så var eigenverdien noko av det viktigaste, også i ein skulesamanheng. Deira tankegang om friluftslivemnet, kunne minne litt om slik friluftsliv blir framstilt i R94. Lærarane derimot verka meir opptatt av at ein også måtte ha inn nytteverdien i undervisninga. At ein ved praktisering av friluftsliv kan få ein helsebringande effekt og kan skape gode verdiar for elevane vidare i livet.

Tidlegare forsking kring dette tema, viser at friluftslivemnet gjerne blir nedprioritert i skulen (Jacobsen, 2004; Sætre, 2005). Noko som blir grunngitt med at lærarane kan ha for lite kompetanse på emnet og ressursane er mangelfulle (Sætre, 2005). I følgje mine informantar så meinte dei at kompetansen innan friluftsliv var god nok, men at ulike ressursar var til hinder for friluftslivundervisninga. Det som blei spesielt nemnt var tid. Alle lærarane gav uttrykk for at mangel på tid var eit stort hinder, og gav uttrykk om eit ønske om fleire kroppsøvingstimar. Lærarar og rektor ved byskulen la også vekt på at beliggenheit og liten tilgang på naturområde i nærmiljøet var ei utfordring. Dette meinte

rektor ved distriktskulen ikkje nødvendigvis trenge å vere av betydning, men at det er lærarane sin glød for emnet som er mest avgjerande.

Ved å samanlikne kva aktivitetar som blei rekna som ein del av friluftslivundervisninga, kom det fram store forskjellar mellom byskulen og distriktskulen. Det var fleire av aktivitetane som ved byskulen blei tatt under friluftsliv undervisninga, men som ved distriktskulen blei rekna som vanleg kroppsøving. Slik eg har tolka mine resultat satt distriktskulen større krav til kva aktivitetar som kunne reknast som friluftsliv.

For at friluftsliv skal få ein større plass i skulen, var mine informantar einige i at det kanskje burde bli satt større krav til skulen og ikkje berre kroppsøvingsfaget. Slik kroppsøvingsfaget er lagt opp i dag, så gav informantane uttrykk for at det er vanskeleg å praktisere meir friluftslivundervisning. Og kanskje friluftsliv kunne vert eit overordna mål for skulen, slik at det var ein del av alle fag. Som på den måten kanskje kunne betra følelsen av mangel på tid.

For å kunne trekke meir endelege konklusjonar, trengs det meir forsking kring dette tema. Resultata i dette prosjektet kan dermed vere eit grunnlag til vidare forsking. Ved å velje kvantitativ metode kan ein ta for seg eit støre utval, og dermed kanskje få ein større generaliserbarheit i resultata. Det kan også vere aktuelt å ta for seg forståinga av friluftslivundervisninga i eit elevperspektiv. Eit tema som eg kunne tenkt meg å få meir informasjon kring, og som kan vere eit aktuelt tema for vidare forsking er utvikling av friluftslivomgrepet. Om det er skjedd ei endring i forståinga av friluftslivomgrepet i skulen. Ved ein større kvantitativ undersøking kan det også vere muleg å studert læraranes ulike kompetanse og erfaring med friluftsliv, og om det kunne vert av betydning for forståing og gjennomføring av friluftslivundervisning. I tillegg kunne ein hatt mulegheit til å sjå om læraranes kjønn kan vere ein faktor som påverkar korleis friluftsliv blir oppfatta og friluftslivundervisning blir gjennomført.

Som mine informantar var inne på, så kan det også vere aktuelt å rette fokuset meir mot tverrfagleg samarbeid. Det kunne derfor vert aktuelt å gjennomføre ei undersøking, der ein ser på nettopp dette. Der ein kunne lagt fram forslag om korleis friluftsliv kan bli brukt som eit samanbindande tema for heile skulen. Ved å vise korleis ein kan dra nytte av den tida ein har til rådighet, men samtidig oppfyller læreplanens intensjonar.

Litteraturliste

Andreassen, F. (2001). *L97-Kroppsøving-Friliuftsliv: En studie av hvordan kroppsøvingslærere i ungdomstrinnet vurderer forhold knyttet til læreplanen i faget kroppsøving og emnet friliuftsliv.* Hovudfagsoppgåve ved Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Annerstedt, C. (2007). *Att (lära sig) vara lärare i idrott och hälsa.* Göteborg: Multicare AB.

Bentsen, P., Andkjær, S., Ejbye-Ernst, N. (2009). *Friliuftsliv. Natur, samfund og pædagogik.* København: Munksgaard Danmark.

Bischoff, A. & Odden, A. (2003). Nye trender i norsk friliuftsliv. I: Lerkelund, H. E. (Red.). *Rapport fra konferansen Forskning i friluft, Øyer 19.-20. november 2002.* Oslo: Friliuftslivets fellesorganisasjon.

Breivik, G. (1979). *Friliuftsliv: Noen filosofiske og pedagogiske aspekter.* Oslo: Norges Idrettshøgskole.

Breivik, G. & Løvmo, H. (1980). *Friliuftsliv: Endel bidrag til utvikling av emneområdet friliuftsliv.* Oslo: Norges Idrettshøgskole.

Chalmers, A. F. (2011) *What is this thing called Science?* (3. utgåve). USA: Open University Press.

Dalebø, G. (1996). *Læreplanen i kroppsøving, reform 94: "Den opplevde barriereplan": Ei undersøking omkring implementering av friliuftsliv i kroppsøvingsfaget ved fire vidaregåande skular.* Hovudfagsoppgåve ved Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Den Norske Turistforening (u.å.). *DNTs historie.* Henta 22. mars 2012 frå: http://www.turistforeningen.no/index.php?fo_id=127

Den Norske Turistforening (2005). *Fjellvettreglene.* Henta 25. mars 2012 frå: http://www.turistforeningen.no/article.php?ar_id=6451&fo_id=3185

Direktoratet for naturforvaltning (1996). *Forslag til revidert handlingsplan for friliuftsliv mot år 2000.* DN – rapport 1996 – 5. Trondheim: Direktoratet for naturforvaltning.

Erickson, F. (1986). Qualitative Methods in Research on Teaching. I: Wittrock, M. C. (red). *Handbook of Research on Teaching: A Project of the American Educational Research Association*. (s. 119-161). New York: MacMillan Publishing Company.

Ese, J. (2007). Deserving the peak: When Norwegian friluftsliv meets the world. I: Henderson, B. & Vikander, N. (red.). *Nature first. Outdoor life the friluftsliv way*. (s. 47-55). Toronto: Natural Heritage Books.

Etresvåg, S. (1996). *Undervisning i friluftsliv på grunnkurset i videregående skoler i Nord- og Sør-Trøndelag: en undersøkelse blant kroppsøvingslærere etter at Reform 94 trådte i kraft*. Hovudfagsoppgåve ved Høgskolen i Nord-Trøndelag, Levanger.

Faarlund, N. (1973). *Friluftsliv, hva – hvorfor – hvordan*. Kompendium nr. 32. Oslo: Norges Idrettshøgskole.

Føllesdal, D., Walløe, L. & Elster, J. (1996) *Argumentasjonsteori, språk og vitenskapsfilosofi* (6. utgåve). Oslo: Universitetsforlaget.

Goodlad, J. I., mfl. (1979). *Curriculum Inquiry. The Study of Curriculum Practice*. New York: McGraw-Hill.

Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. opplag). Bergen: Fagbokforlaget.

Guðmundsdóttir, S. (2011). Den kvalitative forskningsprosessen. I: Moen, T. & Karsldóttir, R. (red.). *Sentrale aspekter ved kvalitativ forsking*. (s. 15-31). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Gundem, B. B. (1990). *Læreplanpraksis og læreplanteori: En introduksjon til læreplanområdet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hassmén, N. & Hassmén, P. (2008) *Idrottvetenskapliga forskningsmetoder*. Stockholm: SISU Idrottsböcker.

Holme, I. M. & Solevang, B. K. (1996). *Metodevalg og metodebruk*. (3. utgåve). Oslo: Tano Aschehoug.

Ibsen.net (u.å.). *På Vidderne*. Henta 26. mars 2012 fra:
<http://www.ibsen.net/index.gan?id=11124391&page=P%20vidderne%20.html&subid=0>

Imsen, G. (2010). *Lærerens verden. Innføring i generell didaktikk.* (4. utgåve). Oslo: Universitetsforlaget.

Jacobsen, E. B. (2004). Erfaringer med friluftsliv i kjølevannet av L97. I: *Kroppsøving*. 54. (2), s. 6-11.

Jakobsen, J. E. (2007). *Friluftsliv i ungdomsskolen: skolen kan hvis skolen vil.* Hovudfagsoppgåve i idrettspedagogikk ved Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Jonskås, K. (2010). *En kunnskapsoversikt over FOU-arbeid innen kroppsøvingsfaget i Norge fra januar 1978-desember 2010.* Norges Idrettshøgskole, Seksjon for kroppsøving og pedagogikk, Oslo.

Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet (1994) *Læreplan for videregående opplæring: Kroppsøving, felles allment fag for alle studieretninger.* Oslo. Henta 23. april 2013 fra: <http://www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/Lareplanverket-for-videregaaende-opplaring-R94/#Felles%20allmenne%20fag>

Klett, A. F. (2009). *"Friluftsliv for mine tanker"- en diskursanalyse av elitens motiver for friluftsliv i perioden 1850-1905.* Masteroppgåve ved Universitetet i Bergen, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Bergen.

Kongsrød, T. D. (2004). *Friluftsliv i ungdomsskolen i et elevperspektiv: hvordan opplever elevene undervisningen der det utvidede klasserommet er et primitivt skogsmiljø.* Hovudfagsoppgåve ved Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Kunnskapsdepartementet (u.å.). 13.5. Reform 94. I: *NOU 2003: 16. I første rekke.* Henta 10. mai 2012 fra: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/nouer/2003/nou-2003-16/14/5.html?id=370735>

Kvale, S. (1997). *Den kvalitativa forskningsintervjun* (oversatt av S. E. Torhell). Sverige: Studentlitteratur.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju.* (2. utgåve). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Larsson, H. (2007). Lika för alla – om lika – behandling i idrott och hälsa. I: Larsson, H. & Meckback, J. (red.). *Idrottsdidaktiska utmaningar.* (S. 233-249). Stockholm: Liber.

Lauvås, P. & Handal, G. (2000). *Veiledning og praktisk yrkestheori.* Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Lovdata (2012). *Lov om friluftslivet – friluftsloven*. Henta 25. mars 2012 frå: <http://www.lovdata.no/all/hl-19570628-016.html>

Lovdata (2009). *Lov om naturområder i Oslo og nærliggende kommuner – markaloven*. Henta 18. april 2013 frå: <http://www.lovdata.no/all/hl-20090605-035.html>

Lyngstad, I., Flagestad, L., Leirhaug, P. E. & Nelvik, I. (2011). *Kroppsøving i skolen. Rapport fra arbeidsgruppe i kroppsøving*. Henta 15. mai 2012 frå: http://www.udir.no/Upload/larerplaner/forsok/Kroppsoving_i_skolen_rapport_060611.pdf?epslanguage=no

Manen, M. van (1997). *Researching Lived Experience: Human Science for an Action Sensitive Pedagogy* (2. utgåve). Canada: The Althouse Press.

Mason, J. (2002). *Qualitative researching*. (2. utgåve). London: Sage Publications.

Nedreliid, T. (1992). Friluftslivet og vår nasjonale selvforståelse. I: *Nytt Norsk Tidsskrift*. (2), s. 281-288).

Ommundsen, Y. (1995). Kroppsøving og læringsutbytte. I: *Bedre Skole: Norsk lærerlags tidsskrift for pedagogisk debatt*. (4), s. 107-114.

Patton, Q. M. (2002). *Qualitative research & evaluation methods*. (3. utgåve). USA: Sage Publications.

Repp, G. (2001). *Verdiar og ideal for dagens friluftsliv. Nansen som føredøme?* Doktor avhandling ved institutt for samfunnsfag, Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Repp, G. (2004). Friluftsliv and adventure: Models, heroes and idols in a Nansen perspective. I: *Journal of Adventure Education & Outdoor Learning*. 4:2, (s. 117-131).

Skogen, K. (1995). Ungdom og natur. Postmoderne identitetskonstruksjon eller reproduksjon av klassestruktur? I: *Tidsskrift for samfunnsforskning*, nr. 1, s. 75-92.

St.meld.nr. 39 (2000-2001). *Friluftsliv - ein veg til høgare livskvalitet*. Oslo: Miljøverndepartementet.

Statistisk Sentralbyrå (2011). *Levekårsundersøkelsen – 2011*. Henta 29. mars 2012 frå: <http://www.ssb.no/fritid/>

Sætre, F. (2004). *Friluftsliv i ungdomsskulen etter innføring av L97. Ei kartlegging av friluftslivundervisning knytt til kroppsøvingsfaget i ungdomsskulane i Møre og Romsdal*. Høgskulen i Volda.

Sætre, F. (2005). Friluftsliv – eit lavt prioritert hovudemne i kroppsøvingsfaget? I: *Kroppsøving*. 55. (1), s. 22-24.

Tellnes, A. (1989). Friluftslivets verdigrunnlag. I: *Friluftsliv, fritid og natur: Rapport fra forskningsseminar 18-19. februar 1988. Rapport nr. 2-1989*. Direktoratet for naturforvaltning.

Templin, T. J. & Schempp, P. G. (1989). An introduction to socialization into physical education. I: Templin, T. J. & Schempp, P. G. (red.). *Socialization into physical education: Learning to teach*. (s. 1-11). Indianapolis, Indiana: Benchmark Press.

Thagaard, T. (2009) *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode* (3. utgåve). Bergen: Fagbokforlaget.

Tordsson, B. (2005-a). Fritid, friluftsliv og identitet. I: Säfvenbom, R. (Red.). *Fritid og aktiviteter i moderne oppvekst – Grunnbok i aktivitetsfag*. (s. 162-184). Oslo: Universitetsforlaget.

Tordsson, B. (2005-b). Hvad er friluftsliv godt for? Værdier i og legitimering af friluftsliv i historisk perspektiv. I: Andkjær, S. (red.). *Friluftsliv under forandring – en antologi om fremtidens friluftsliv*. (s. 11-31). Slagelse: Forlaget Bavnebanke.

Utdanningsdirektoratet [Udir.no] (u.å.-a). *Læreplan i kroppsøving – Føremål*. Henta 16. mai 2013 frå: <http://www.udir.no/kl06/KRO1-03/Hele/Formaal/>

Utdanningsdirektoratet [Udir.no] (u.å.-b). *Læreplan i kroppsøving*. Henta 16. mai 2013 frå: <http://www.udir.no/kl06/KRO1-03/Hele/>

Utdanningsdirektoratet [Udir.no] (u.å.-c). *Læreplan i kroppsøving – Hovedområder*. Henta 28. mai 2013 frå: <http://www.udir.no/kl06/KRO1-03/Hele/Hovedomraader/>

Utdanningsdirektoratet [Udir.no] (u.å.-d). *Læreplan i kroppsøving – Føremål*. Henta 15. mai 2013 frå: <http://www.udir.no/kl06/KRO1-02/Hele/Formaal/>

Utdanningsdirektoratet [Udir.no] (u.å.-e). *Læreplan i kroppsøving – grunnleggjande ferdigheter*. Henta 15. mai 2013 frå: http://www.udir.no/kl06/KRO1-03/Hele/Grunnleggende_ferdigheter/

Utdanningsdirektoratet [Udir.no] (u.å.-f). *Læreplan i kroppsøving - kompetanse mål etter Vg2*. Henta 15. mai 2013 frå: <http://www.udir.no/kl06/KRO1-03/Hele/Kompetansemaal/Kompetansemal-etter-Vg2/>

Utdanningsdirektoratet [Udir.no] (2011-a). *Generell del av læreplanen*. Henta 12.mai 2013 frå: <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Generell-del-av-lareplanen/>

Utdanningsdirektoratet [Udir.no] (2011-b). *Høringsbrev om endringer i faget kroppsøving i grunnskolen og videregående opplæring*. Henta 16. mai 2012 frå: http://www.udir.no/Upload/hoeringer/2011/Hoeringsbrev_kroppsoving_081211.pdf?eps=language=no

Utdannings- og forskningsdepartementet (2003). *Rammeplan for Praktisk - pedagogisk utdanning*. Henta 27. mai 2013 frå: http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/UH/Rammeplaner/L%C3%A6rer/2Rammeplan_2003_PPU.pdf

Westersjø, J. H. (2001). *Friluftsliv i læreplanen for idrettsfag: reform 94: en kvalitativ undersøkelse om implementering av friluftsliv på studieretning for idrettsfag ved fire videregående skoler*. Hovudfagsoppgåve ved Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Wiken, A. R. (2011). *Hva lærer vi i kroppsøving? Hva oppfatter elevene selv at de lærer, og er dette i tråd Kunnskapsløftet 2006?* Masteroppgåve i idrettsvitenskap ved Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Wilken, Lisanne (2008). *Pierre Bourdieu* (oversatt av Vebjørn F. Andreassen). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag. (Originalutgåva utgitt i 2006).

Østerås, J. (2000). *Friluftslivstradisjoner og legitimering av dem i den videregående skole. "En studie av læreplaner, lærebøker og lærerens bruk og forståelse av dem i emnet friluftsliv i den videregående skole"*. Hovudfagsoppgåve i idrettspedagogikk ved Norges Idrettshøgskole, Oslo.

Tabelloversikt

Tabell 2.1: Ulik vektning av emnet friluftsliv, i ulike læreplanar i den vidaregåande skulen..... 28

Tabell 2.2: Kompetansemål i emnet friluftsliv, i ulike læreplanar for den vidaregåande skulen..... 29

Figuroversikt

Figur 2.1:Ulike relasjonar friluftsliv kan ha til anna bruk av naturen (Tellnes, 1989, s. 24)..... 15

Figur 2.2:Lærarens tolkingsprosess av læreplanen (Imsen, 2012, s. 194)..... 22

Vedlegg

Vedlegg 1: Godkjenning NSD

Vedlegg 2: Samtykkjeerklæring

Vedlegg 3: Informasjonsskriv

Vedlegg 4: Intervjuguide kroppsøvingslærarar

Vedlegg 5: Intervjuguide rektorar

Vedlegg 1

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Per Midthaugen
Seksjon for kroppsøving og pedagogikk
Norges idrettshøgskole
Postboks 4042, Ullevål stadion
0806 OSLO

Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel. +47-55 58 21 17
Fax. +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org nr. 985 321 884

Vår dato: 20.06.2012

Vår ref: 30859 / 3 / KH

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 16.06.2012. Meldingen gjelder prosjektet:

30859	<i>Lærarenes planlegging og gjennomføring av friluftsliv i kroppsøvingsfaget: ein kvalitativ studie av læreplanar og lærarenes forståing av og synspunkt kring friluftsliv emnet.</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Norges idrettshøgskole, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Per Midthaugen</i>
<i>Student</i>	<i>Elin Alme</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldeplichtig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningsene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven og helserегистroloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database,
<http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 30.06.2013, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen
A handwritten signature in black ink, appearing to read "Vigdis Kvalheim".
Vigdis Namtvedt Kvalheim

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Kjersti Håvardstun".
Kjersti Håvardstun

Kjersti Håvardstun tlf: 55 58 29 53
Vedlegg: Prosjektvurdering
Kopi: Elin Alme, Brekkelia 5D, 0882 OSLO

Avtelingskontorer / District Offices
OSLO NSD Universitet i Oslo, Postboks 1055 Blåmann, 0316 Oslo. Tel +47-22 85 52 11. nsd@ui.no
TRONDHEIM NSD Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel +47-73 59 19 07. kyra.svarva@svl.ntnu.no
TROMSØ NSD SVF, Universitetet i Tromsø, 9007 Tromsø. Tel +47-77 64 43 36. nsdmaa@svl.uib.no

Personvernombudet for forskning



Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 30859

Personvernombudet finner informasjonsskrivet til utvalget godt utformet, men gjør oppmerksom på at veileders (daglig ansvarlig) sine kontaktopplysninger skal fremgå.

Datamaterialet anonymiseres innen prosjektslutt 30.06.13 ved at verken direkte (navn) eller indirekte (f.eks. arbeidssted) personidentifiserbare opplysninger fremgår. Lydfiler og navneliste slettes.

Vedlegg 2



Samtykkeerklæring for deltaking i forskingsprosjekt; "Lærarens planlegging og gjennomføring av friluftsliv i kroppsøvingsfaget: ein kvalitativ studie av læreplanar og lærarens forståing av og synspunkt kring friluftsliv emnet."

Eg har lest informasjonsskrivet om prosjektet: "Lærarens planlegging og gjennomføring av friluftsliv i kroppsøvingsfaget: ein kvalitativ studie av læreplanar og lærarens forståing av og synspunkt kring friluftsliv emnet", og er innforstått med hensikta med prosjektet, framgangsmåte, konsekvensar for meg som deltakar, samt anna informasjon som blir gitt der. Med dette gjev eg også samtykke til at datamaterialet som blir registrert i prosjektet kan bli nytta til forskingsformål.

Eg er klar over at deltaking i prosjektet er frivillig. Eg kan derfor når som helst, og utan vidare forklaring, trekke meg ifrå å delta i dette prosjektet.

Med dette bekreftar eg at eg har lest denne erklæringa og informasjonsskrivet, og ønskjer å delta i prosjektet:

(Stad) _____ (Dato) _____

(Underskrift) _____

Som prosjektleiar bekreftar eg at eg har informert skriftlig om deltagninga i dette prosjektet med hensikt, framgangsmåte og konsekvensar. Har også svart på dei spørsmål som har blitt stilt, samt gitt informantane kopi av dette skjema.

*Elin Alme
Prosjektleiar, Norges Idrettshøgskole*

Vedlegg 3



Elin Alme
Mastergradstudent
Norges Idrettshøgskole

Oslo, 20.08.2012

Til rektor og aktuelle kroppsøvings/idrettsfaglærarar

Infoskriv om deltaking i prosjekt om friluftsliv i kroppsøvingsfaget.

I forbindelse med mitt mastergradsprosjekt ved NIH ønskjer eg å gjennomføre nokre intervju ved skulen der du jobbar, og vil derfor at du som rektor og kroppsøvings/idrettsfaglærar ønskjer å delta. Tittelen på prosjektet er: *"Lærarens planlegging og gjennomføring av friluftsliv i kroppsøvingsfaget: ein kvalitativ studie av læreplanar og lærarenas forståing av og synspunkt kring friluftsliv emnet."* Kroppsøving i skulen er eit viktig og omdiskutert tema i dagens samfunn. Det er diskusjon om kva aktivitetar faget skal innehalde og korleis ulike aktivitetar skal gjennomførast. Innan dei ulike aktivitetane er friluftsliv ein del av dei. Men korleis blir eigentlig friluftsliv framstilt i skulen, og kva blir gjort? Dette er spørsmål som eg vil belyse i dette prosjektet. Sidan vi i dag har ein open nasjonal læreplan, så kan det vere store skilnadar frå skule til skule i forhold til kva som blir gjort innan kroppsøvingsfaget. Problemstillinga lyder som følger: Korleis planleggast og gjennomførast friluftslivundervisning i kroppsøvingsfaget, og er det forskjell mellom skular med ulike ressursar for å utføre friluftsliv.

Eg vil prøve å finne ut kva plass friluftsliv har i skulen og korleis det blir framstilt. Det kan vere ueinigheitar blant lærarane om kva friluftsliv emnet skal innehalde og korleis det bør gjennomførast. Eg vil derfor prøve å finne ut kva ulike kroppsøvingslærarar meinar om friluftsliv emnet og kva plass dei meinar det bør ha i kroppsøvingsfaget. Korleis lærarane planlegger og gjennomfører friluftsliv vil vere eit viktig spørsmål i dette prosjektet. Det er også interessant å sjå om skulens tradisjon og kultur kan ha innverknad på innhaldet av friluftsliv i undervisninga. Derfor er eg også interessert i å ta for meg rektor sine meningar kring dette emnet.

Det eg er interessert i er å gjennomføre med dokke er altso eit intervju med rektor og 2 av kroppsøvings/idrettsfaglærarane som har hovudansvaret for friluftslivundervisninga. Kvart

Elin Alme,
Mastergradstudent
Norges Idrettshøgskole

E-mail: elin.alme@msn.com
Tlf mobil: (+47) 48 10 17 36

intervju vil være i ca. 1 time, og vil bli tatt opp ved hjelp av bandopptakar. Det vil berre vere meg som forskar og den som blir intervjuet til stede under sjølv intervjuet. Planlagt gjennomføring av intervjuer er i perioden september 2012.

Det er helt frivillig å delta i prosjektet og du kan når som helst under prosjektet trekke deg utan å måtte gje ei nærmere forklaring på dette. Prosjektet er innmeldt til Personvernombudet for forsking, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS. Eg som forskar er i tillegg underlagt teieplikt og alle opplysningar vil bli behandla strengt konfidensielt. Resultata vil bli presentert i mi mastergrads avhandling, som er forventa avslutta innan slutten av mai 2013. Resultata vil vere anonyme, og skal ikkje kunne knyttes til den enkelte informant eller skule. Når prosjektet er avslutta og innlevert vil alle lydband og papirmateriale med resultat bli makulert.

Om du har spørsmål i forbindelse med dette skrivet, eller ønskjer å bli informert nærmare om prosjektet, må du gjerne ta kontakt med meg. Håpar dette er av interesse, og eg setter stor pris på at du er velvillig til å bruke noko av tida i hausteamesteret i skuleåret 2012/2013 på dette prosjektet.

Med vennlig helsing

Elin Alme

Elin Alme,
Mastergradstudent
Norges Idrettshøgskole

E-mail: elin.alme@msn.com
Tlf mobil: (+47) 48 10 17 36

Vedlegg 4

Intervjuguide/temaliste for intervju med kroppsøvings/idrettsfaglærar:

Introduksjon:

- Føremålet med intervjuet
- Full anonymitet. Blir tatt opp på band, men ikkje tenk på den. Eg vil sende intervjuet ferdig nedskrivne før analyse delen startar, so du kan lese igjennom og eventuelt rette opp på missforståingar eller om det er noko meir du vil tilføye
- Tenk på det som ein samtal, der tema allereie er valt ut. Det er dine refleksjonar og tankar som er viktige. Prøv å svar så utfyllande og ærleg som muleg. Finst ingen riktige svar! Må ikkje vere redd for å avbryte om det er noko som er uklart eller om du vil tilføye noko
- Har du nokon spørsmål, noko du lurar på før vi startar?
- Då setter eg på bandopptakaren, så startar vi

Informanten:

- Eg vil starte med at du fortelje litt om deg sjølv, utdanning, idretts- og friluftslivsbakgrunn
 - Alder
 - Utdanning, hadde du noko form for friluftsliv utdanning
 - Antall år i skulen, og som kroppsøvingslærar
 - Kor lenge har du hatt ansvar for friluftsliv
 - Korleis trivs du med det
 - Idrettsbakgrunn, og friluftslivsbakgrunn

Forståing av friluftslivomgrepet:

- Kva oppfatningar har du om friluftsliv
 - Kva er det eigentleg, kven driver med det
- Kva legger du i dette omgrepet
- Kva meinar du om friluftsliv generelt, bra/dårleg, på kva måte
- Dine friluftslivs vanar/aktivitetar
 - Fritidsaktivitetane dine, kva likar du best innan friluftsliv
- Kva er viktig på tur: nytteverdi eller eigenverdi

Haldningar til friluftsliv på denne skulen:

- Kva meinar du er viktig å formidle til elevane igjennom friluftsliv
- Korleis vil du at friluftsliv skal bli framstilt på denne skulen

- Kvifor meinar du det
- Korleis oppfattar du at friluftsliv blir framstilt ved denne skulen
- Kva plass har friluftsliv i skulen
 - I fht andre fag og emne
 - Positivt eller negativt
- Er friluftsliv et lav prioritert emne, kvifor/kvifor ikkje
- Har lærarane god nok kompetanse på dette emnet
 - Både med tanke på deg sjølv og dine kollegaer
 - Trur du dette er gjeldande elles også

Læreplanar:

- Meinar du at friluftsliv høyrer til i ein læreplan
 - Vere med på å ivareta lokale friluftslivtradisjonar
- Korleis blir friluftsliv framstilt i den lokale læreplanen
 - Har du oversikt over den nasjonale læreplanen, stemmer dette overens med denne
 - Korleis brukar dokke den nasjonale læreplanen
- Blir friluftsliv vekta likt blant dei andre emna kroppsøving er delt inn i
 - I den nasjonale læreplanen/lokale læreplanen på din skule
 - Kvifor er det slik
- Synst du det er for få eller for mange kompetansemål, grunngje kvifor
 - Kva kunne du tenkt deg mindre/meir av
- Kva trur du om den nye læreplanen
 - Trur du det kan ha noko innverknad på innhald av friluftsliv
 - Kvifor/kvifor ikkje

Gjennomføring og planlegging av friluftsliv i kroppsøvingsfaget:

- Kva blir gjort i undervisninga
 - Kva aktivitetar er dei mest vanlege
- Kvifor er det desse aktivitetane
 - Meinar du det er riktige aktivitetar og kvifor
- Kva meinar du emnet bør innehalde, bør det vere fleire retningslinjer
 - Kvifor
- Kva er målet med friluftslivundervisninga, læring eller oppleving
 - Kva meinar du er viktigast og kvifor
- Kva krav blir stilt til dette emnet i kroppsøvingsfaget
 - Noko ein må igjennom
- Korleis er rammebetingelsane for utføring av friluftsliv
 - Krav til utstyr
- Tidsrammer og vektning i planar, korleis blir friluftsliv prioritert
 - Er det for lite tid

- Er det nokon hindringar ved denne skulen for å utføre friluftslivundervisning
 - Får du gjennomføre det slik du ynskjer
 - Kvifor er det eventuelt ei hindring og kva kan bli gjort med det
- Korleis ta omsyn til anna etnisk bakgrunn, som ikkje har noko tradisjon for friluftsliv, td. Skigåing
 - Har du noko erfaring frå dette, ein situasjon der undervisninga måtte endrast kanskje
- Korleis ville du hatt det om du kunne velje slik du vil, mtp. Ressursar
 - Kva manglar dokke

Avslutning:

- Trur du at det er noko forskjell når det gjelder aktivitets val hos skular ut i frå kvar i landet dei ligger og kva naturomgjevnadar dei har i nærmiljøet
 - Kvifor/kvifor ikkje trur du det
- Eg tar opp nokre av hovudpunktta i intervjuet
 - Rr det forstått riktig
 - Noko du vil utdjupe meir eller rette opp
- Er det noko du føler du vil tilføye, noko eg ikkje har tatt opp
- Har du nokon siste spørsmål
- Takk for at du tok deg tid til å delta i prosjektet

Vedlegg 5

Intervjuguide/temaliste for intervju med rektor:

Introduksjon:

- Føremålet med intervjuet
- Full anonymitet. Blir tatt opp på band, men ikkje tenk på den. Eg vil sende intervjuet ferdig nedskrivne før analyse delen startar, so du kan lese igjennom og eventuelt rette opp på missforståingar eller om det er noko meir du vil tilføye
- Tenk på det som ein samtal, der tema allereie er valt ut. Det er dine refleksjonar og tankar som er viktige. Prøv å svar så utfyllande og ærleg som muleg. Finst ingen riktige svar! Må ikkje vere redd for å avbryte om det er noko som er uklart eller om du vil tilføye noko
- Har du nokon spørsmål, noko du lurar på før vi startar?
- Då setter eg på bandopptakaren, så startar vi

Informanten:

- Eg vil starte med at du fortelje litt om deg sjølv, utdanning, idretts- og friluftslivsbakgrunn
 - Alder
 - Utdanning, hadde du noko form for friluftsliv utdanning
 - Antall år i skulen, som lærar eller rektor
 - Idrettsbakgrunn, og friluftslivsbakgrunn, fritidsaktivitetar

Forståing av friluftslivomgrepet:

- Kva oppfatningar har du om friluftsliv
 - Kven er det som driver friluftsliv
 - Er det positivt/negativt
- Kva legger du i dette omgrepet
 - Kva er friluftsliv eigentleg
 - Kva betyr det for deg
- Kva meinar du om friluftsliv generelt
 - bra/dårleg, på kva måte
- Dine friluftslivs vanar/aktivitetar på fritida
 - Kva likar du best innan friluftsliv

Haldningar til friluftsliv på denne skulen:

- Kva plass trur du friluftsliv har på skulen

- Korleis trur du friluftsliv blir framstilt på denne skulen
- Er du einig i dette, korleis vil du som rektor at friluftsliv skal bli framstilt på denne skulen
- Kva meinar du at elevane skal sitte igjen med etter friluftslivundervisning
- Trur du at lærarane har god nok kompetanse på dette emnet

Læreplanar:

- Kjenner du til kva kunnskapsløftet seier om friluftsliv undervisninga? Synst du det er for få eller for mange retningslinjer, grunngje kvifor
 - Noko ein kunne trengt meir eller mindre av
- Har du noko kjennskap til den lokale læreplanen, korleis forhold har du til den
 - Evt. korleis oppfattar du at friluftsliv blir framstilt i denne læreplanen
- Korleis er det med den nasjonale læreplanen/kunnskapsløftet
 - Stemmer innhaldet av friluftsliv i den lokale overens med den nasjonale læreplanen trur du
- Korleis oppfattar du at friluftsliv blir vekta blant dei andre emna innan kroppsøvingsfaget, i den nasjonale og lokale læreplanen
 - Kvifor er det slik trur du, kva er grunnen til det
- Er friluftsliv et lav prioritert emne
 - kvifor/kvifor ikkje
- Kva trur du om den nye læreplanen, trur du det kan ha noko innverknad på innhald av friluftsliv, kvifor/kvifor ikkje

Planlegging og gjennomføring av friluftsliv i kroppsøvingsfaget:

- Kva trur du blir gjort i undervisninga, kva aktivitetar er dei mest vanlege
- Kvifor er det desse aktivitetane, meinar du det er riktige aktivitetar og kvifor
- Kva trur du eller meinar du bør vere målet med friluftslivundervisninga, læring eller oppleveling
- Kva meinar du emnet bør innehalde, bør det vere fleire retningslinjer
- Kva krav blir stilt til dette emnet i kroppsøvingsfaget
- Korleis er rammebetingelsane for utføring av friluftsliv ved denne skulen
 - Kva er positivt
- Tidsrammer og vektning i planar, korleis trur du det blir prioritert
- Kva hindringar kan ein ha ved planlegging av friluftsliv
- Er utstyr eit hinder, kva krav setter friluftsliv til utstyr
 - Kva kan du som rektor gjere med dette
- Er det nokon hindringar ved denne skulen for å utføre friluftslivundervisninga slik du meinar det bør vere
 - kvifor er det evt. ei hindring og kva kan bli gjort med det
 - kva kan du som rektor gjere med det

- Korleis ta omsyn til anna etnisk bakgrunn og kultur, som ikkje har noko tradisjon for friluftsliv, td. Skigåing
 - Trur du det kan vere utfordringar for undervisninga med tanke på dette

Avslutning:

- Trur du at det er noko forskjell når det gjelder aktivitets val hos skular ut i frå kvar i landet dei ligger og kva naturomgjevnadar dei har i nærmiljøet, kvifor trur du det
- Ta opp nokre av hovudpunktata i intervjuet
 - er det forstått riktig
 - noko du vil utdjupe meir eller rette opp
- Er det noko du føler du vil tilføye, noko eg ikkje har tatt opp
- Har du nokon siste spørsmål
- Takk for at du tok deg tid til å delta i prosjektet

